


«Du skapar ubehaget sjølv»

*Tankar rundt alkoholen si tyding i fadderveka ved
Universitetet i Bergen*

Olav Bøe Hunnes



Masteroppgåve

Våren 2018

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

Samandrag

Tal ord: 33 984

Unge i Noreg blir blant fleire skildra som å inngå i ein alkoholkultur der det å drikke mykje alkohol ved kvart drikkehøve står sentralt. Fadderveka har blitt tolka som ei stadfesting av denne alkoholkulturen, ved at fokuset i veka ligg på å drikke mest mogleg alkohol. Tidlegare forsking på fadderveka har vist at veka i stor grad dreiar seg rundt alkoholkonsum. Likevel har fokuset blant studentane vore på å ha kontroll på seg sjølv og sitt eige alkoholinntak. Tradisjonell fylleåtfred som utagering og seksuell tilnærming blir sett på som oppførsel som avviker frå norma i fadderveka. I denne oppgåva er det eit ynskje å bygge vidare på denne kunnskapen ved å undersøke korleis studentane ved Universitetet i Bergen opplever alkoholfokuset i fadderveka, og deira oppleving av fadderveka som arrangement. Analysen baserer seg på tre underspørsmål: (i) Korleis kan alkohol vere med å legge til rette for fellesskap i fadderveka ved Universitetet i Bergen? (ii) Kva skildringar gjev studentane av alkoholen si tyding i fadderveka ved Universitetet i Bergen? (iii) Kva sosiale normer synes å vere sentrale i fadderveka ved Universitetet i Bergen – og korleis opplevast dei av studentane? Med utgangspunkt i dette vil det avslutningsvis bli drøfta eit overordna spørsmål i høve studentane si oppleving av fadderveka: Kva forhold har studentane til alkohol i fadderveka ved Universitetet i Bergen?

Datamaterialet består av 10 semistrukturerte djupneintervju med studentar frå ulike fakultet, som deltok i fadderveka ved Universitetet i Bergen, hausten 2017. I analyseprosessen har ei grounded theory-tilnærming vore ei stor inspirasjonskjelde, ved at respondentane sin kunnskap og innsikt i stor grad har forma valet av teoretisk rammeverk. Målet har vore å forstå fadderveka som struktur, gjennom respondentane sine øye.

Respondentane skildrar korleis det å delta i fadderveka er eit innviingsritual til livet som student. Alkoholen er såleis viktig for å kunne sleppe seg laus å bli kjend med nye menneske i veka. Dei som ikkje deltek på festane opplever å vere utanfor fellesskapet. Festane i veka blir såleis ein viktig arena for å bli kjend. Det gjeld samstundes tydelege sosiale normer for oppførsel i fadderveka, som studentane må halde seg til.

Konklusjonen blir at alkoholen er viktig for studentane, fordi den gjer det lettare å bli kjend med nye og ha det kjekt. Fokuset ligg ikkje på å drikke seg mest mogleg full, men å ha det kjekt saman. Studentane opplever likevel at fokuset på alkohol er litt for sterkt, og at det er slitsamt å drikke alkohol så mange dagar på rad. Alkoholen og fokuset på festane ekskluderer også dei som ikkje drikk. Fleire av studentane framhevar difor at det hadde vore betre å ha ei jamnare fordeling mellom alkoholarrangement og alkoholfrie arrangement. Det er likevel viktig å legge til rette for at flest mogleg då møter på dei alkoholfrie arrangementa.

Forord

Det har vore utfordrande men lærerikt å skrive denne oppgåva. Eg føler eg har fått ein reflektert innsikt i fadderveka ved Universitetet i Bergen, og har fått meir forståing for tydinga av dette arrangementet. Det har vore ein prosess på snart to år å fullføre denne masteroppgåva. Det har ikkje alltid vore like lett å stake vegen vidare og luke ut alt som har vist seg å ikkje vere relevant for oppgåva. Tusen takk til alle tilsette ved Universitetet i Bergen som har gjeve gode og kritiske tilbakemeldingar undervegs i prosessen.

Eg må først og fremst få takke respondentane mine for at de sette av tid til meg i ein hektisk studiestart, med mange nye inntrykk å ta inn. Dykkar velformulerete og reflekterte synspunkt gjorde det mogleg å skrive denne oppgåva.

Tusen takk til vegleiaren min Jan Skrobanek for at du har sett av tid til meg, og for at du har hatt trua på prosjektet mitt heile vegen, når eg har tvilt sjølv. Takk for gode faglege og drøftande idear rundt oppgåva og innhaldet i den.

Tusen takk til alle vener og familie for støtte og tilbakemeldingar undervegs i prosessen. Det har vore godt å ha nokon å drøfte høgt med undervegs. Spesielt takk til mamma, pappa og Elise, som har lest gjennom oppgåva og kome med tilbakemeldingar.

Tusen takk til Ellen for at du har vore tolmodig og støttande når eg har sutra over kor vanskeleg det har vore å skrive denne masteroppgåva. Og takk for at du har passa på at eg har kopla litt av frå masterskrivinga, og heller avreagert med andre aktivitetar.

Innhaldsliste

1 Innleiing.....	1
1.1 Problemstilling.....	3
2 Teoretisk rammeverk.....	5
2.1 Alkohol som identitetsmarkør.....	5
2.1.1 Overgangsritual og overgangen til vaksenlivet.....	5
2.1.2 Alkohol og samhald.....	7
2.2 Ulike implikasjonar for alkoholbruk.....	10
2.2.1 Diskursiv konstruksjon av identitet.....	10
2.2.2 Alkoholen si tyding i fellesskap.....	11
2.2.3 Alkohol og kontekst.....	13
2.2.4 Sosiale implikasjonar ved alkoholbruk.....	14
2.3 Struktur og normer.....	16
2.3.1 Strukturperspektivet.....	16
2.3.2 Normer for alkoholbruk.....	17
2.4 Oppsummering.....	19
3 Metode og data.....	21
3.1 Val av metode og tilnærming.....	21
3.1.1 Det kvalitative forskingsintervju.....	21
3.1.2 Inspirasjon frå Grounded theory.....	23
3.2 Datagenerering.....	24
3.2.1 Rekruttering og utval.....	24
3.3 Om intervjeta.....	27
3.3.1 Utviklinga av intervjuguiden.....	27
3.3.2 Gjennomføringa av intervjeta.....	28
3.4 Analyse.....	31
3.5 Etikk.....	32
3.6 Oppsummering.....	34

4 Fellesskapsdanning i fadderveka.....	35
4.1 Overgangen til livet som student.....	35
4.1.1 Fadderveka som innviingsritual til studentlivet.....	37
4.2 Festane i fadderveka.....	39
4.2.1 Å skape eit fellesskap.....	42
4.2.2 Festane som arena for utfalding.....	44
4.3 Oppsummering.....	46
5 Alkohol i fadderveka.....	48
5.1 Alkoholen si tyding i fadderveka.....	48
5.1.1 Alkohol og ekskludering.....	50
5.1.2 Alkoholen si framside og bakside i fadderveka.....	52
5.2 Det å ikkje drikke på festane.....	53
5.2.1 Skilje mellom dei som drikk og dei som ikkje drikk?.....	55
5.3 Oppsummering.....	58
6 Sosiale normer i fadderveka.....	60
6.1 Viktigheita av å delta på alkoholarrangementa.....	60
6.1.1 Ei veke prega av intensitet.....	63
6.1.2 Nattklubbar som ei standard prosedyre.....	66
6.2 Behovet for kontroll.....	67
6.2.1 Fadrane si rolle.....	69
6.3 Oppsummering.....	71
7 Konkluderande kapittel: Kva forhold har studentane til alkohol i fadderveka?.....	73
8 Litteraturliste.....	77
9 Vedlegg.....	88
9.1 Intervjuguide.....	88
9.2 Alternativ intervjuguide.....	92
9.3 Meldeskjema NSD.....	95

9.4 Tilbakemelding frå NSD.....	100
9.5 Informasjonsskriv/samtykkeskjema.....	104

1 Innleiing

Unge i Nord-Europa blir skildra som å inngå i ein alkoholkultur der det å ha eit høgt alkoholinntak blir vektlagt (Measham og Brain, 2005; Horverak og Bye, 2007; Buvik og Baklien, 2012; Beccaria og Sande, 2003). Nord-europeiske ungdommar drikk ikkje alkohol like ofte som ungdommar i til dømes Sør-Europa; Her er ein kontinental drikkestil meir utbreidd. Når ein først drikk alkohol, drikk ein som regel mykje, med eit fokus på å bli mest mogleg full. Dette blir kalla *binge drinking* (ibid.). I følgje den britiske alkoholstrategieininga (2004, s. 28, referert i Measham og Brain, 2005, s. 268) er det å drikke mykje alkohol i seg sjølv eit mål, og offentleg fyll er sosialt akseptert, kanskje til og med forventa. Slik har det vekse fram ein ny ruskultur blant unge, der det å oppnå rus er eit mål i seg sjølv (ibid.). Sjølv om ein global ruskultur har vekse fram blant unge, er drikking av alkohol for å oppnå rus likevel berre vanleg i helgene blant dei fleste norske ungdommar (Beccaria og Sande, 2003, s. 106). Muli og Lagan (2017, s. 326-333) fann at mange studentar drikk fordi dei er nysgjerrige på alkohol, og fordi dei ynskjer å imøtekome forventingane til medstudentane om å drikke. Det å ta sjansar og vere nysgjerrig, og å imøtekome forventingane frå dei rundt ein, er ein sentral del av menneskeleg utvikling (ibid.). Det å drikke er altså viktig for å ikkje skilje seg ut frå dei rundt. Dette impliserer at drikkekonteksten speler ei viktig rolle i å forklare kvifor og kor mykje unge drikk, både i Europa og USA (Farhat et al., 2012).

Fadderveka ved dei ulike utdanningsinstitusjonane i Noreg har blitt forstått som ein arena der fokuset blant studentane har vore å drikke mest mogleg alkohol i løpet av fadderveka (Torgersen, 2016; Ertsås, 2016). Oppfatninga av fadderveka har altså gjerne vore at den er i tråd med alkoholkulturen blant unge elles i det norske samfunnet. Desse arrangementa har såleis møtt mykje kritikk fordi det blir hevda at fokuset ligg på å drikke seg full, og ikkje å bli kjend med nye menneske (ibid.). Forsking på fadderveka ved ulike utdanningsinstitusjonar viser at alkohol er ein sentral del av arrangementa, og at festane i fadderveka er den viktigaste arenaen for å bli kjend med nye menneske. Likevel viser det seg at sjølv om alkoholinntaket i fadderveka er høgt, ligg ikkje fokuset på å drikke seg mest mogleg full. Snarare tvert imot er studentane opptekne av å ha kontroll på seg sjølv og sitt eige alkoholinntak (Vaadal, 2014; Stålesen, 2015; Rimstad et al., 2011; Lie og Kahlbom, 2011; Pedersen, 2015; Fjær og Pedersen, 2015). Seksuell og utagerande oppførsel blir såleis sanksjonert av dei andre studentane i fadderveka. Det å skape eit fellesskap blir vektlagt høgare enn å oppnå alkoholrus. Fadderveka står difor litt i kontrast til russetida, arrangert nokre få månadar tidlegare, der alkoholrus og töying av grenser er meir i fokus (ibid.).

I denne oppgåva er det eit ynskje å bygge vidare på den allereie eksisterande forskinga om fadderveka og alkoholbruk, ved å undersøke tydinga av alkohol i fadderveka ved Universitetet i Bergen. Det vil i tillegg freistast å undersøke studentane sine erfaringar og tankar rundt det å delta aktivt i fadderveka *utan* å drikke alkohol, anten i heile eller delar av veka. Det vil også bli presentert korleis den strukturelle oppbygginga av fadderveka skildrast av studentane. Slik vil det ligge ei narrativ tilnærming i grunn, der studentane sjølv gjer drøftingar av rusbruken og opplevingane dei hadde i fadderveka (Sandberg, 2010). Studentane er dei som faktisk deltek i fadderveka, det kan difor hevdast at dei har det beste grunnlaget for å gje reflekterte synspunkt om fadderveka og innhaldet i veka. Valet av metode har difor teke utgangspunkt i at respondentane skal gje eit inngåande innblikk i fadderveka som arrangement. Det er av denne grunn naturleg å velje kvalitative forskingsintervju, der ein kan søke å nå i djupna på meiningsane til den enkelte respondent. Vidare er det naturleg å ha ei grounded theory-tilnærming, då det har vore vanskeleg å på førehand føresjå kva type kunnskap intervjuia vil tilføre.

Det teoretiske rammeverket i avhandlinga baserer seg i stor grad på litteratur om alkoholbruk blant unge. I tillegg blir van Gennep (1999) sin overgangsritualteori nytta som inspirasjon for å skildre korleis fadderveka kan sjåast som eit overgangsritual til livet som voksen og uavhengig. Vidare vil struktur- og diskursteori bli nytta for å skildre korleis fadderveka som struktur blir forstått og opplevd av studentane, og korleis synspunkta deira kan tolkast innanfor ein fadderveka-diskurs. Til slutt er litteratur om sosiale normer sentralt for å forstå korleis studentane opplever at det gjeld visse sosiale normer for oppførsel som ein må følgje i fadderveka.

Fadderveka er gjerne det første møtet med utdanningsinstitusjonen og eit sjølvstendig liv som student, for mange unge. Myrtveit et al. (2017, s. 148) viser at studentar som deltek i fadderveka tenderer til å trivast i sin nye studie-by, og at dei har fått eit sosialt nettverk på utdanningsinstitusjonen. Studentar som ikkje deltek rapporterer derimot at dei ikkje har eit like godt sosialt miljø i studie-byen. Det å ha eit stort sosialt nettverk på studiestaden minkar også sjansen for at ein droppar ut av studiet (Wilcox et al., 2005, s. 720; Chamberlain, 2011, s. 276-277). Dette impliserer at tydinga av fadderveka for dei nye studentane kan vere stor. Det vil difor kunne vere viktig å undersøke fadderveka som arrangement kritisk, slik at denne kan kjennast inkluderande og meiningsfull for studentar i framtida.

1.1 Problemstilling

Når studentane startar på universitetet, og deltek i fadderveka, trer dei inn i ei ukjend verd, der dei må halde seg til dei allereie definerte rollene for oppførsel som gjeld. I fadderveka gjeld der visse normer, spesielt for alkoholbruk, som deltakarane sjølve ikkje har vore med å definere (Lie og Kahlbom, 2011, s. 116-117). Korleis dei nye studentane opplever forholdet til alkohol i fadderveka er såleis eit interessant utgangspunkt for forsking. Det overordna målet i denne oppgåva er difor å belyse:

Korleis opplevast alkoholkulturen i fadderveka ved Universitetet i Bergen, blant studentane?

For å svare på dette overordna spørsmålet har underteikna valt å fokusere på tre underspørsmål i analysen:

- (i) Korleis kan alkohol vere med å legge til rette for fellesskap i fadderveka ved Universitetet i Bergen?
- (ii) Kva skildringar gjev studentane av alkoholen si tyding i fadderveka ved Universitetet i Bergen?
- (iii) Kva sosiale normer synes å vere sentrale i fadderveka ved Universitetet i Bergen – og korleis opplevast dei av studentane?

Basert på desse spørsmåla vil det avslutningsvis bli drøfta følgjande spørsmål:

Kva forhold har studentane til alkohol i fadderveka ved Universitetet i Bergen?

Dei tre underspørsmåla vil bli behandla kronologisk i analysekapittel 4, 5 og 6. I kapittel 7 vil funna frå dei tre analysekapitla diskuterast opp mot den overordna problemstillinga, og det vil undersøkast kva forhold studentane har til fadderveka som arrangement.

I kapittel 4 vil det visast korleis fadderveka kan sjåast som eit innviingsritual til studentlivet, og korleis festane er prega av fellesskap og eit ynskje om å bli kjend med nye menneske.

Kapittel 5 vil ta for seg korleis studentane posisjonerer alkoholen og den si rolle i fadderveka. Deltakarane får slik høve til å forklare kvifor dei drikker alkohol i fadderveka. Her vil det også undersøkast kva tankar studentane gjer seg rundt det å ikkje drikke i løpet av

veka. Dei drøftingane studentane gjer seg rundt alkoholen i fadderveka kan forståast i lys av ein fadderveka-diskurs, der fellesskap og bygging av sosiale nettverk står sentralt.

I kapittel 6 er målet å sjå korleis den strukturelle oppbygginga av fadderveka opplevast av studentane. Her vil det drøftast sentrale sosiale normer som dei har peika på, og visast korleis desse opplevast av studentane.

2 Teoretisk rammeverk

Dette kapittelet vil introdusere det teoretiske rammeverket som dannar hovudgrunnlaget for å forstå alkoholkulturen i fadderveka ved Universitetet i Bergen. Det teoretiske rammeverket vil presenterast i tre delar som svarer til dei tre analysekapitla.

I den første delen vil det visast korleis alkoholbruk kan sjåast som ein sentral del av overgangen frå ung til voksen. Ulike studiar har vist at festar blant unge kan sjåast som ritual som er med på å forme eins identitet som voksen og uavhengig (Pedersen, 2015; Lalander, 1998; Henriksen og Sande, 1995). Fellesskapet med jamaldrande på festane skapar eit samhald som er med å forme dei unge individua (*ibid.*). Denne delen vil presentere ritualteori, med Arnold van Gennep (1999) som ein sentral aktør. I tillegg vil det presenterast teori om identitetsbygging blant unge.

Del to vil trekke på Jørgensen og Phillips (2013) si tolking av diskursteori for å forstå korleis språk og oppfatningar av samfunnet blir influert av kva slags samfunnsdomene ein opererer innanfor. Dette kan til dømes vere ein politisk eller medisinsk diskurs. Vidare vil det visast korleis bruken av alkohol kan ha divergerande tydingar hos ulike menneske i ulike situasjonar og kontekstar.

I siste del vil Anthony Giddens (2013) sitt strukturperspektiv nyttast for å skildre korleis fadderveka som struktur har ei førehandsbestemt ramme som deltakarane som aktørar handlar innanfor. Vidare vil det presenterast teori om sosiale normer og normer for alkoholbruk.

2.1 Alkohol som identitetsmarkør

2.1.1 Overgangsritual og overgangen til voksenlivet

Unge har eit høgt gjennomsnittleg alkoholnivå, samanlikna med andre aldersgrupper. Dette kan skuldast at unge prøvar å lære seg å drikke som ein voksen, samstundes som dei ikkje er forplikta av familie og born, med meir (Lalander, 1998, s. 33). Slik kan alkoholkonsumet markere vegen inn i voksenlivet. Samstundes kan høgt alkoholkonsum blant unge trekke på ein opposisjon mot den vaksne generasjonen sine ideal og kontroll (*ibid.*). Unge traktar gjerne etter sjølvstende, og å kunne ta eigne val som ikkje blir regulert av andre. Ungdomstida kan

sjåast som ei periode som er kjenneteikna av eit intensivt identitetsarbeid, der den unge prøvar å vise seg sjølv og omverda kven han eller ho er (Lalander, 1998, s. 45). Festar og andre alkoholrelaterte situasjoner kan slik sjåast som ein arena der unge eksperimenterer og tøyer grenser for å finne og vise sin identitet (Boyer, 2006; Irwin et al., 1997). Å utvikle ein identitet handlar om å skape ei individuell livshistorie som kan gjenkjennast av andre. Identitetsskapinga skjer ofte saman med signifikante andre, personar ein har ein nær relasjon til (Lalander, 1998, s. 45). I ungdomstida er desse signifikante andre ofte vener. Festesituasjonen kan såleis sjåast som ein situasjon der alkohol og fellesskap med vener kan legge til rette for ei identitetsskaping som meir og meir nærmar seg ein identitet som vaksen og uavhengig (ibid.). Alkoholbruk kan altså sjåast i samanheng med fridom og ansvar.

Arnold van Gennep (1999) har utvikla eit sentralt omgrevsapparat for å forstå korleis menneske i ulike folkegrupper gjennomgår forskjellige overgangar og endringar i ulike fasar av livet. Han kallar dette *overgangsritual* (*Rites de Passage*). Desse overgangane blir kjenneteikna av ritual som skal markere desse overgangane. Van Gennep skil mellom tre ulike fasar i eit overgangsritual. I den preliminale fasen blir mennesket åtskild frå sitt tidlegare fellesskap, på veg mot eit nytt fellesskap. Eit døme på ei rite i denne fasen kan vere den avskjeden ein tek blant kollegaar på ein arbeidsstad der ein akkurat har sagt opp. I den liminale fasen finn mennesket seg midt mellom to fellesskap. Prosessen med å søke etter ny jobb eller gå på jobbintervju kan vere døme på ei rite der mennesket finn seg mellom to fellesskap, sin tidlegare arbeidsstad og sin komande arbeidsstad. Den siste fasen, den postliminale fasen, blir gjerne kjenneteikna av at mennesket gjennomgår eit initieringsritual, der ein integrerer seg i sitt nye fellesskap. Eit slik ritual kan til dømes vere å starte å spele på eit nytt idrettslag, der den første treninga saman med dei nye lagkameratane kan sjåast som eit initieringsritual (van Gennep, 1999, s. 26-27).

Ein opplever seg som deltakar i eit fellesskap når ein inngår i eit ritual. Slik er ritual standardiserte handlingar som fortel kven som er i eit fellesskap, og kven som står utanfor (van Gennep, 1960; Turner, 1967, 1969, referert i Henriksen og Sande, 1995, s. 41). Ritual er symbolske handlingar som innlemmar, bekreftar og førar personar ut av eit fellesskap inn i deira rettmessige stadar i den sosiale ordenen, og å få dei til å passe i desse posisjonane. Slik kan dette bidra til at eksterne ordrar erstattast med internaliserte normer (Pedersen, 1994, s. 28). Alkohol blir sjeldan brukt når ein er åleine i kvardagen, men blir brukt i særskilde samanhengar saman med spesielle menneske. Rusmidla og rusopplevelinga er viktige element i ritual og seremoniar (Henriksen og Sande, 1995, s. 49). Ved å skape frikvarter og brot i

kvardagslivet, kan rusmiddel sjåast som symbol. Rusen blir ein sosialt skapt uorden som gjer oss i stand til å skape ei ny form for felles orden (ibid.). Slik kan alkoholbruk fungere som ein fellesskaps- og brubyggar, som gjer overgangen og integreringa inn i ei ny livsfase enklare for menneske i ei overgangsfase. Samstundes viser Bartram et al. (2017) at overgangen frå tidlegare å ha drukke alkohol, til å kutte ned alkoholinntaket, ikkje naudsynt gjer store utslag for eins sosiale ritual.

Alkoholen har ei sentral rolle i både preliminale og postliminale overgangsritual i overgangen mellom ungdomstida og vaksenlivet. Den norske russefeiringa er eit velkjend døme på ein overgang frå ungdomstida og til vaksenlivet. I følgje Sande (2000, s. 346) vil bruken av russeuniforma fjerne tidlegare ytre symbol for sosial identitet, og gjev den indre personlegdommen ein fridom til å skape eit nytt visualisert ytre i det offentlege. Bruken av dei kjende russesymbola øydelegg tidlegare sosiale identetskenneteikn, og separerer ein frå normalsamfunnet. I staden skapast ein ny liminal identitet på utsida av normalsamfunnet (ibid.). Normbrot er ein forventa og verdsett del av russetida. Russeuniforma fungerer som eit symbol på ei legitim overskriding av dei normer som normalt er gjeldande for eit samfunn (Fjær et al., 2016a, s. 333). Russetida kan slik sjåast som eit liminalt ritual der ein feirar overgangen til vaksenlivet, men der eins oppførsel og normbrot samstundes ikkje står i stil med dei normer som det blir forventa at vaksne føreheld seg til. Vidare er inngangen til høgare utdanning ved høgskular og universitet i ulike land kjend for ulike typar initieringsritual. Desse kan sjåast som postliminale ritual som markerer overgangen til eit nytt fellesskap og ei ny livsfase (Dias og Sá, 2014; Nuwer, 2015). For å få innpass i enkelte studentforeiningar, spesielt ved amerikanske universitet, må ein gjerne gjennomgå til tider nedverdigande og helseskadelege utfordringar. Meistringa av desse utfordringane fører til auka gruppefølelse blant deltakarane, og skapar ein vedvarande tradisjon og gruppodynamikk i dei ulike studentforeiningane (ibid.).

2.1.2 Alkohol og samhald

I følgje Henriksen og Sande (1995, s. 49) kan dei sterke opplevingane under rusen brukast til å skape fellesskap, og innlemmar personar i nye fellesskap. Rusmidla kan forme om situasjonsdefinisjonar og deltakarane si rolle, og opne opp for nye opplevingar. Sjølve rusen blir med dette ein sosialt skapt situasjon, og å bruke rusmiddel blir noko vi gjer for å oppleve eit fellesskap (ibid.). Det blir gjerne eit opplevd skilje mellom det nære sosiale fellesskapet på

kveldstid og det «formelle» fellesskapet på dagtid. Dette opplevde skiljet blir gjerne understreka for festdeltakarane når dei møtast på dagtid, etter ein fest (Vaalal, 2014, s. 41-44). Alkoholen sitt inntog på ein fest legitimerer og legg til rette for ei meir avslappa og uformell stemning, der samhald og handlingsfridom står sterkt (*ibid.*). Fysisk nærliek mellom deltakarane på ein fest kan skape eit nærare fellesskap der eins opplevingar på festen kan delast med dei andre på festen. Tilsvarande kan fysisk nærliek på dagtid opplevast som unaturleg og hemmende for deltakarane si sosiale utfalding. Ein finn difor ikkje dei same rammene for eit opplevd fellesskap på kveldstid som på dagtid (*ibid.*). Nær været av alkohol på festar kan også kjenneteikna av glede og optimisme. Deltakarane på ein fest slappar meir av når dei drikker alkohol, og opplever at frimodet og dei sosiale eigenskapane blir sterke under alkoholpåverking. Slik blir fellesskapsbygging enklare for deltakarane på festen (Pedersen, 2015, s. 94-96). Alkoholen gjer at deltakarar på ein fest lettare kan skape eit inkluderande miljø, og ulikskapar mellom deltakarane blir viska vekk til fordel for samhald og opplevd fellesskap (Stålesen, 2015, s. 35). Å drikke saman er ei handling der kulturelle førestillingar definerer høvet, rollene og arenaen. Rusbruk spelar ei sentral rolle i å danne fellesskap, og har ein bestemt funksjon innanfor og mellom desse fellesskapa (Henriksen og Sande, 1995, s. 62). Rusen er med på å danne denne intime solidariske følelsen og setje grensa i forhold til andre. Rusbrukens bodskap blir å innlemme, ekskludere og rangere individ og fellesskap i forhold til kvarandre ut frå eit felles sett av normer og verdiar (*ibid.*). Rusbruk kan såleis sjåast som ein port-opnar til eit fellesskap. Fellesskapets delte kunnskap om normene for rusbruk i gruppa, skapar altså ei gjensidig avhengigheit og tilknyting til kvarandre for å i fellesskap kunne vidareføre og bekrefte desse normene.

Demant og Törrönen (2011) skildrar korleis ulike alkoholsettingar skapar ulike rammevilkår for fellesskap blant danske og finske ungdommar. *Playful drinking* og *heroic drinking* gjev ulike utgangspunkt for rus og samhald. *Playful drinking* blir kjenneteikna av eit moderat til høgt alkoholnivå der deltakarane utøver kontroll over seg sjølv, og der ein gjerne er synleg for utanforståande, til dømes på ein nattklubb (Demant og Törrönen, 2011, s. 1250-1252). Ved fleire ulike høve kan *playful drinking* vere den sentrale drikkestilen, der alkoholen skapar eit rom for leik og utfalding i ein sosial arena. Gjennom *playful drinking* «spelar» ein med sin sjølvpresentasjon, og agerer i opne sosiale settingar, der skilja for ulike sosiale fellesskap er meir uklare og utviska (*ibid.*). *Heroic drinking* blir kjenneteikna av eit høgt alkoholnivå, og føregjeng oftare i lukka og private settingar. Kontekstane blir gjerne kjenneteikna av at deltakarane kjenner kvarandre frå før, og drikker saman på stadar der det ikkje er god plass, og der ein kjem tett på kvarandre (Demant og Törrönen, 2011, s. 1248-

1249). Likskap og deling av opplevingar står sterkt, dette bidreg til å knytte tette band mellom deltakarane i ein kontekst med heroic drinking. Denne alkoholkonteksten kan vere ekskluderande for dei som ikkje er ein del av fellesskapet. Heroic drinking blir kjenneteikna som ein maskulin drikkestil der kvinnelege deltakarar ikkje er velkomne (*ibid.*).

Alkoholen fungerer som fellesskapsbyggar, og skapar tette band mellom deltakarane på ein fest. Samstundes kan alkoholen og festkonteksten verke ekskluderande for dei som ikkje deltek på fest, eller dei som deltek på fest utan å drikke (Myrtveit et al., 2017; Rimstad et al., 2011, s. 28). Å drikke alkohol står fram som ein inngangsbillett til deltaking i fellesskapet på festane (Vaadal, 2014, s. 44). Å ikkje drikke, eller å drikke mindre enn dei andre på festane, blir forbinda med ein følelse av einsemd og manglande tilhøyrslle i gruppa (Vaadal, 2014, s. 45). Alkoholen kan skape ei stemning som berre er tilgjengeleg for dei som drakk alkohol og som let alkoholen påverke dei. Deltakarar i miljøet som ikkje drikk alkohol, vil ha større problem med å bli ein del av dette fellesskapet som alkoholen skapar. Det å ikkje drikke kan sjåast som eit avvik, og personar som ikkje drikk kan rapportere å ikkje bli invitert på festar fordi dei blir opplevd som «keisame.» Alkoholen kan altså skape skiljelinjer på kven som er innanfor og kven som er utanfor eit fellesskap (Pedersen, 2015, s. 75; Rimstad et al., 2011, s. 28). Det å feste og å henge med dei «rette» folka er viktig i ungdomskulturar, medan dei som ikkje deltek på fest står i fare for å bli stempla som keisame og lite spanande (Demant og Järvinen, 2006, s. 594). Det å delta på fest og å drikke alkohol er generelt viktig, ikkje berre for å føle seg inkludert i sjølve festsituasjonen. Det å vise at ein er kompetent til å drikke alkohol og vere som «alle» andre og vere med på fest, er sentralt i å avgjere om ein er ein del av eit fellesskap eller ikkje, også i kvardagen utanfor festane (Demant og Järvinen, 2006). Kontrasten mellom ein festsituasjon og den påfølgande kvardagen kan skildrast som å gå fra «ekstrem nærleik til ekstrem distanse» (Stålesen, 2015, s. 37-40). Deltaking i eit festfellesskap kan skape tette band mellom festdeltakarane, medan dei same tette banda ikkje naudsynt kan finnast igjen på dagtid. Utstenging eller friviljug avståing frå festsituasjonar kan difor skape ein «ekstrem distanse» frå dei andre deltakarane i miljøet, fordi samhald og nærleik blir førebehalden festane på kveldstid (*ibid.*).

2.2 Ulike implikasjonar for alkoholbruk

2.2.1 Diskursiv konstruksjon av identitet

Omgrepet *diskurs* blir nytta i ulike vitskaplege tekstar og debattar, gjerne utan noko nærmere bestemming av omgrepet sitt innhald. Ofte dekker likevel omgrepet diskurs over ein ide om at språket er strukturert i ulike mønster som våre utsegn følger, når vi agerer innanfor ulike sosiale domene (Jørgensen og Phillips, 2013, s. 9). Døme på slike domene kan vere ein medisinsk diskurs eller ein politisk diskurs. Ein diskurs kan likevel definerast som ein bestemt måte å snakke om og forstå verda, eller utsnitt av verda, på (*ibid.*). Dei opplevingar og meiningar vi legg til samfunnet, kan såleis forståast som å bli utvikla frå dei diskursar som er sentrale i vår forståing av samfunnet. Diskursiv aktivitet oppstår ikkje i eit vakuum, og diskursar har ikkje ei bestemt mening (Sherzer, 1987; van Dijk, 1997, referert i Phillips og Hardy, 2011a, s. 4). Diskursar er heller delte og sosiale, og oppstår ut av interaksjonar mellom sosiale grupper og dei komplekse samfunnsmessige strukturar som diskursen er innebygd i. Viss vi skal forstå diskursar og deira effektar, må vi også forstå konteksten dei oppstår i (*ibid.*). Sosial kunnskap og sosial røynd kan altså sjåast som eksterne prosessar, som implementerer ei forståing av det samfunnet ein lever i. Diskursar kan vidare sjåast som ulike samfunnsskapte rammeverk som er forskjellige for ulike samfunn. Menneske internaliserer altså ei forståing av si sosiale røynd, som manifesterer seg gjennom dei diskursar som er sentrale for det samfunnet ein lever i.

Identitetar kan konstruerast i samspelet mellom ulike aktørar, der ein brukar ulike diskursive strategiar og ressursar for å etablere ein definisjon av identitet som samsvarar med konkrete interesser og mål, i følgje Phillips og Hardy (2011b, s. 14). Ulike diskursar kan altså nyttast aktivt for å konstruere ulike identitetar ut frå den diskursive tilnærminga som er den mest legitime i ein gjeven kontekst. Dersom ein til dømes held eit føredrag på eit universitet, vil ein gjerne nytte seg av ein identitet som samsvarar med universitetet sine haldningar og verdiar. Bestemte identitetskonstruksjonar vil vidare forme samarbeid, organisasjonar, industriar og felt (Phillips og Hardy, 2011c, s. 12). Ein kan ikkje forstå organiséringsprosessar viss ein ikkje forstår identitet. Og ein kan ikkje forstå organiséringsprosessar frå eit diskursivt perspektiv, fordi tingleggjorde synspunkt om identitet ikkje hjelper forskarar til å fange opp fluiditeten i det sosiale liv (*ibid.*). Identitet spring altså ut av individuelle skilnadar, som blir påverka ulikt av omgjevnadane.

Sjølvet er ikkje ein isolert autonom agent, derimot kan sjølvet sjåast som gjennomført sosialt. Fokus i empiriske studiar er difor på korleis identitetar oppstår, forhandlast og formast om i sosiale praksisar (Jørgensen og Phillips, 2013, s. 114). Med denne oppfatninga av sjølvet oppmjkast grensa mellom ei ekstern verd utanfor individet og ei intern psykologisk verd (ibid.). Identitetar kan slik oppfattast som diskursive. Den moderne ide om at folk har éin fast identitet, blir difor avvist (Jørgensen og Phillips, 2013, s. 115). Det å prate er einstydande med å konstruere ein identitet, og folk har fleire fleksible identitetar. Desse identitetane kan forståast som produkt av ulike diskursar (ibid.). Tidlegare kunne forhold som nasjon, klasse, kjønn og familie fungere som vesentlege omdreiingspunkt, som forma alle andre identitetar. No finnast der i staden mangfoldige identetskjelder som skapar motstridande identitetar, hevdar Jørgensen og Phillips (ibid.).

Ved å høyre til ei sosial gruppe får ein ein definisjon av kven ein er og ei skildring av kva det inneber å vere medlem (Smith et al., 2017, s. 162). Sosiale identitetar er såleis kjenneteikna av ein bestemt gruppeoppførsel, som blir regulert av gruppernormer. Dersom ein er medlem av ei gruppe, og føler det er viktig å vere ein del av denne gruppa, vil ein oppføre seg i tråd med dei gjeldande normene for gruppa (ibid.). Studentar sitt alkoholinntak blir såleis i stor grad påverka av dei normer som gjeld på skulen der ein studerer (Van Damme et al., 2016). Johnston og White (2003, referert i Smith et al., 2017, s. 162-163) fann at studentar som opplevde at det å studere på universitet var assosiert med å drikke mykje, også hadde større tilbøyelighet til sjølve å drikke mykje. Dette kan illustrere at ein studentidentitet blir forma av omgjevnadane. Studentar trur at alkohol er viktig blant medstudentar, og er difor med på å vidareføre denne norma ved å føye seg etter denne norma. Slik blir alkoholen oppretthalden som ein sentral del av studentidentiteten (Smith et al., 2017, s. 163). Ein av grunnane til at det å drikke alkohol blir sett på som ein sentral del av ein studentidentitet kan vere at dei studentane som er mest glade i å drikke legg press på andre studentar om å drikke. Dette opprettheld alkoholen som ein viktig del av studentkulturen (Livingstone et al., 2011, referert i Smith et al., 2017, s. 164).

2.2.2 Alkoholen si tyding i fellesskap

I situasjonar der alkohol er medverkande, treng ikkje alkoholen naudsynt vere ei kjelde til rus og fyll. Det sosiale fellesskapet og dei gode diskusjonane kan vere det sentrale målet i ein situasjon (Rimstad et al., 2011, s. 23). Alkoholen kan i enkelte tilfelle meir spele ei rolle som

fellesskapsbyggar, ved at deltarane drikk alkohol saman, og føler på likskap og samhald. Alkoholen hadde likevel ikkje naudsynt trengt å vere til stades, fordi samhaldet og fellesskapet i seg sjølv er viktigare enn alkoholen sitt nærvær (ibid.). I situasjonar der alkoholen er medverkande, treng samstundes gjerne ikkje alle deltarar å drikke alkohol for å føle seg som ein del av fellesskapet. Likevel kan det vere slik at alkoholen set premissane for handlingane og aktivitetane i den sosiale omgangen (Rimstad et al., 2011, s. 29). Likskap til personane ein omgjev seg med, og det å kunne identifisere seg med desse, er viktig. Ei avslappa stemning, fellesskap, genuinitet og det å kunne vere seg sjølv blir sett høgt. Ei kunstig, smaklaus og overdrive stemning blir derimot sett på som noko negativt (Törrönen og Maunu, 2005, s. 40-42). I narrativa om ein «ideell tur ute på byen», viser Törrönen og Maunu (2007, s. 370-373) at alkoholen gjerne ikkje blir nemnd som ein viktig del av kvelden blant unge vaksne, sjølv om deltarane drikk alkohol i ein slik setting. Alkoholen har meir ei rolle som ein hjelpar, men det viktigaste med ein kveld ute er å vere saman, ha det gøy, prate og treffe vener, med meir (ibid.). Kvelden blir dedikert til å bygge opp, konsolidere og fornye solidaritet (Törrönen og Maunu, 2007, s. 371). Alkoholen opplevast som nyttig for mange festdeltakrar, men er ikkje naudsynt for å skape ein fellesskapsfølelse og samhald. Settinga for å skape ein ideell kveld ute inneheld gjerne nærværet av vener, å ikkje oppleve stress og å ha godt humør og ei god stemning (ibid.). Alkohol spelar ikkje hovudrolla, då det får si kraft og tyding av å vere samanvevd med andre aktivitetar (Törrönen og Maunu, 2007, s. 372). Tilsvarande blir ein typisk «katastroffull tur ute på byen» kjenneteikna av eit alt for høgt alkoholnivå. Dette kan medføre at ein føler seg fysisk därleg, at ein gjer ting ein angrar på, at ein brukar for mykje pengar og at ein vaknar med fyllesjuke (Törrönen og Maunu, 2007, s. 375-377). Dei sosiale aspekta ved det å gå ut på byen, er altså det som gjerne er mest sentralt for dei unge vaksne. Her kan alkoholen vere eit hjelpende verktøy, men alkoholen har samstundes makt til å «øydeleggje» kvelden.

Kva som er normal alkoholbruk for eit individ, er gjerne opp til individet sjølv å bestemme. Faktorar som livsfase, alder og sosial kontekst gjer at det gjerne ikkje finnast universelle reglar for kor mykje ein skal eller bør drikke i ein gjeven kontekst (Grønkjær et al., 2011, s. 7; Grønkjær et al., 2013, s. 227). Alkoholen kan vere viktig for somme i sosiale settingar, men kan vere mindre viktig for andre. Det å understreke at ein ikkje *må* ha alkohol for å ha det gøy, er likevel viktig for mange alkoholbrukarar. Ein ynskjer ikkje å stå fram som ein person som er openbort avhengig av alkohol (Grønkjær et al., 2011, s. 8). I følgje Demant og Østergaard (2007, s. 529-530) kan festdeltakrar som ikkje drikk på ein fest rapportere at dei syntest atmosfæren på festen var god. Ein kan altså oppnå ei god atmosfære utan å drikke

alkohol. Personar som ikkje drikk alkohol kjem likevel ikkje like ofte på fest som personar som drikk alkohol (*ibid.*). Dess eldre ungdommar er, dess større forventingar er det til at ein skal drikke når ein er på fest. Det å delta på ein fest utan å drikke alkohol blir sett på som heilt greitt, og er eit sjølvstendig val, blant festdeltakarar som sjølv drikk alkohol. Det er likevel forventa at dei som ikkje drikk alkohol truleg føler seg utanfor på festen (*ibid.*). Det blir opplevd som litt merkeleg at dei tek seg bryet med å møte på fest viss dei ikkje skal drikke, sjølv om dei samstundes er hjarteleg velkomne. Dei som drikk er flinke til å tilby ikkje-drikkarane alkohol, fordi det å drikke alkohol på fest blir sett på som naudsynt for å vere ein integrert del av fellesskapet. Det å takke nei til alkohol blir følgjande sett på som å takke nei til å vere ein del av fellesskapet og venskapsrelasjonane (*ibid.*). Det å delta på fest utan å drikke er altså heilt greitt, men då blir det forventa at ein ikkje vil klare å bli ein del av festfellesskapet.

2.2.3 Alkohol og kontekst

I ein kultur finnast det ulike alkoholkontekstar der det gjeld ulike normer og reglar for korleis ein skal drikke alkohol, kva ein skal drikke og kor mykje ein skal drikke (Horverak og Bye, 2007). MacAndrew og Edgerton (1970, referert i Pedersen, 2015, s. 66) viser at ulike kulturar har ulike normer for oppførsel når ein drikker. I nokre kulturar kan det å vere full unnskyldde at ein oppfører seg därleg. I andre kulturar kan det derimot vere skam og stigma knytt til det å vere rusa. Alkoholrus er altså ikkje berre eit biologisk, men også eit sosialt skapt fenomen (*ibid.*). I kulturar der det å vere rusa er ei godkjend unnskyldning for normbrot, kan ein utnytte ruspåverknaden sin straffridom. Enkelte kan til dømes late som dei er rusa, eller drikke alkohol med den hensikt å ha ei legitim unnskyldning for å kunne bryte ei norm eller ein regel, utan å få nokre konsekvensar eller sanksjonar (Gamburd, 2008, s. 174). Fjær og Pedersen (2015; Fjær et al., 2016a; Pedersen, 2015, s. 67-69) viste korleis festpraksisane i russetida ved den vidaregåande skulen og fadderveka ved universitet og høgskular er ulike. For mange unge er det gjerne berre eit par månadar mellom russetida og fadderveka, likevel skil dei seg på fleire måtar. Russetida er knytt til eit høgt forbruk av alkohol, overskridning av vanlege normer og utagerande sex (*ibid.*). Rus, fellesskap, intensitet og symbolsk identifisering med eigen skule, er sentrale faktorar i russetida. Fadderveka er kjenneteikna av at studentane skal gjere seg kjende med studie-byen og med kvarandre. Også her er fest og moro sentralt (*ibid.*). Sjølv om alkohol er ein sentral del av fadderveka, er det å ha kontroll på

seg sjølv og å ikkje utagere viktig i fadderveka. Det gjeld altså ulike spelereglar for oppførsel i russetida og fadderveka (ibid.). Innan eit lite homogent samfunn kan ein finne skilnadar i oppførsel under rus (*drunken comportment*). Abel og Plumridge (2004, s. 495-498) viser korleis to grupper med jenter frå same kull på same skule har ulike oppfatningar av kva som er tolerant oppførsel når ein er full. Sjølv om begge gruppene meiner at det er greitt å misse litt hemningar når ein drikker, set dei likevel ulike grenser for kva som er akseptabel oppførsel under fyll. Kva som oppfattast som akseptabel oppførsel i ein alkoholkontekst, kan altså variere frå gruppe til gruppe.

Kvinner synes at synleg rus er mindre akseptabelt enn menn (Fjær et al., 2016b, s. 30). Likevel meiner begge kjønn at det ikkje er særleg akseptabelt å vere synleg rusa føre familie og born. Det er mest akseptabelt å vere synleg rusa føre vener (ibid.). Den normative reguleringa av oppførsel under rus må forståast på eit individuelt, situasjonstinga og kulturelt nivå; På den eine sida, måten folk oppfattar og vurderer ein situasjon reflekterer deira tidlegare opplevingar i ulike situasjonar; På den andre sida er situasjonane integrert i kulturelt meiningsfulle drikkepraksisar som er generert og utvikla av deltakarar (Fjær et al., 2016b, s. 31). Altså er verken individ eller kulturar konstruert som den einaste kjelda til variasjon i den moralske reguleringa av drikkepraksisar (ibid.). Det dei fleste menneske opplever som akseptabel drikkeoppførsel, er meir restriktivt enn det formelle lovverket for alkoholbruk (Greenfield og Room, 1997, s. 36). Greenfield og Room (1997) undersøkte normer og haldningar til alkoholbruk og fyll i USA. Utviklinga fram til prosjektet sin slutt i 1990 har vist at folk synes det er meir og meir greitt å drikke i «våte» situasjonar, slik som fest og besøk på barar. Utviklinga viser samstundes at det blir forventa at ein drikker mindre i slike situasjonar enn det blei forventa tidlegare. Det er også mindre akseptabelt å drikke i «tørre» situasjonar, slik som i nærvær med born, eller når ein køyrer bil (ibid.). Derimot har det blitt meir akseptabelt å drikke mykje når ein er heime hos seg sjølv eller vene. Utviklinga viser altså at det blir forventa at ein viser meir kontroll og moderasjon når ein er ute i det offentlege, og at fyll er etterhalden private settingar (ibid.). Det kan altså sjå ut til at alkoholkontekst med åra har fått stadig meir å seie for kva som opplevast som akseptabel og uakseptabel alkoholbruk.

2.2.4 Sosiale implikasjonar ved alkoholbruk

Alkoholhaldige drikkevarer si store utbreiing skuldast alkoholen sin verknad som nytingsmiddel (Dietrichs, 2017). Lystfølelsen som framkallast, skuldast i hovudsak alkoholen

sin bedøvande effekt på hjernen. I moderate doser framkallar alkohol ein følelse av velbehag, hemningar minskar og kontakten med andre personar blir lettare å oppnå. Dette kan ha sin verdi i samkvem med andre menneske (ibid.). Det å drikke alkohol kan altså gjere at det opplevast enklare å vere sosial i møte med andre menneske. Tilsvارande vil gjerne ein person som ikkje er alkoholpåverka, kunne ha vanskelegare for å misse hemningane sine og kome i kontakt med andre menneske. Festdeltakarar synes det er enklare å prate med framande når ein har drukke. Alkoholen er altså eit godt hjelpemiddel i sosialiseringa og for å bli kjend med nye folk (Lie og Kahlbom, 2011, s. 67). Det å drikke saman skapar ein følelse av felles rus, som ikkje berre oppstår på grunn av den påverknaden alkoholen har på kroppen (Demant og Østergaard, 2007, s. 528). Dersom ein ikkje drikk, vil ein gjerne ikkje synest at dei same tinga er morosame som dei som har drukke. I følgje Demant og Østergaard (2007, s. 524) gjeld dette berre viss nokre få ikkje drikk – viss ingen drikk, vil alle likevel ha det gøy. Dei har vidare funne at ein må drikke for å kome i den rette stemninga, og for at den rette atmosfæren skal kunne bli skapt. For at det skal vere akseptabelt å utagere på festen, bør ein vere alkoholpåverka. Ein treng også alkoholen for i det heile teke å våge å utagere (ibid.). Det kan altså verke som at alkoholen er viktig som eit biologisk hjelpemiddel for å kunne sleppe seg laus og ta del i den stemninga som blir skapt under alkoholrusen. Samstundes kan visse personar «klare å vere seg sjølv» utan alkohol (Lie og Kahlbom, 2011, s. 74). Dette kan tolkast som at enkelte er utåtvende nok til å vere livlege og i takt med andre, utan å måtte drikke alkohol. Det er gjerne dei mest sjenerete personane som har størst behov for alkoholen sine sosiale eigenskapar (ibid.).

Det å drikke gjer også at det gjeld andre normer for oppførsel (Törrönen og Maunu, 2007, s. 378-379). Å drikke framskundar overgangen til fritid og hygge. Det å drikke gjer det enklare å lausne opp i det strikte tidsperspektivet til ei tidlaus tid og ei flytande omgjenge (Törrönen og Maunu, 2007, s. 372). Det å drikke på fest uttrykker at du trivast på festen, og at du trivast saman med dei andre som er på festen (Demant og Østergaard, 2007, s. 531). Dei av Demant og Østergaard sine informantar som svarte at dei trudde dei hadde drukke meir eller like mykje som andre på festen, svarte jamt over at stemninga på festen var god. Dei som ikkje drakk på festen, eller som trudde dei drakk mindre enn andre, hadde ein større tendens til å svare at stemninga på festen var därleg. Dei som trudde dei hadde drukke like mykje som andre, var dei som var aller mest nøgde med stemninga på festen (Demant og Østergaard, 2007, s. 527-528). Dette kan illustrere at det å ha drukke like mykje som andre verkar å skape eit fellesskap basert på likskap i alkoholnivå, med eit grunnlag for å vere i den same stemninga.

Samstundes står festdeltakarane i fare for å drikke for mykje, noko som vil få uynskte konsekvensar, og som vil øydeleggje stemninga på festen (Törrönen og Maunu, 2007, s. 375-378). Dette kan til dømes vere å drikke så mykje at du kastar opp, eller at du er fyllesjuk dagen etter. Det er også ei frykt for at ein blir så full at ein gjer ting som øydelegg venskap. Dette er nettopp det stikk motsette av det ein eigentleg ynskjer å oppnå ved å dra på fest med vene (ibid.). Det å drikke for mykje og for fort, og vere den første som oppfører seg annleis frå resten av gruppa, er noko deltakarane ynskjer å unngå. Det er difor viktig at ein kjenner drikkestilen til dei andre deltakarane på festen. Det sentrale er altså å drikke som eit fellesskap, og å oppnå ein kollektiv rus (Demant og Østergaard, 2007, s. 529).

2.3 Struktur og normer

2.3.1 Strukturperspektivet

Strukturalismen er eit sosialteoretisk perspektiv som understrekar korleis det sosiale styrer over og påverkar sine individuelle komponentar (Giddens, 2013, s. 1). Strukturalismen understrekar altså korleis samfunnet på eit makronivå påverkar samfunnet sine komponentar på individ- og grupperivå. Den ekstreme tolkinga av dette er at samfunnet påverkar menneska, men at menneska ikkje påverkar samfunnet. Menneskeleg handling er repeterande, akkurat slik som sjølvproduserande objekt i naturen (Giddens, 2013, s. 2). Dette tyder at handling ikkje oppstår frå sosiale aktørar, men blir heile vegen gjenskapt av dei gjennom måten dei uttrykker seg som aktørar. Gjennom sine handlingar reproduserer menneske dei vilkår som gjer desse handlingane moglege (ibid.). Faktorar som er eksterne for sosiale aktørar, avgjer kva aktørane gjer. Dette tyder likevel ikkje at eksterne krefter tvingar aktørar til å handle (Barbalet, 1998, s. 9). Sosiale system-tilnærmingar framhevar at strukturelle faktorar skapar bestemte og avgrensa val av moglegheiter, slik at handlingsalternativa er materielt innsnevra. Sosiale system-tilnærmingar framhevar også at strukturelle faktorar tileignar aktørar bestemte interesser, slik at det finnast objektive handlingsimperativ (Barbalet, 1998, s. 10). Sosiale aktørar har altså avgrensa alternativ som ein vel mellom. Når sosial handling inneber samarbeid med andre, kan individet aldri på førehand vite om avgjersla om samarbeid var riktig. Suksessen eller fiaskoen som samarbeidet medfører, vil alltid vere uavhengig av avgjersla i seg sjølv (ibid.). Sosiale strukturar blir altså internalisert

av menneske, og genererer slik sosial handling. Sosiale system er handlingar som heng saman med kvarandre, og er avgrensa frå andre handlingar. Slik er sosiale system separerte frå sine miljø (Joas og Knöbl, 2014, s. 253). Såleis er altså sosiale system objektive strukturar som manifesterer visse handlingsimperativ. Problema som sosiale system møter kan ikkje løysast endeleg av eksisterande strukturar; Dei blir heller alltid midlertidig tekne hand om på ein spesiell måte (Joas og Knöbl, 2014, s. 254). Sosiale system er altså relativt uavhengige av menneskeleg intervensjon, og blir styrt av sine eigne reglar og retningslinjer.

I vanleg bruk har omgrepet «samfunn» to tydingar. Den eine er ein generalisert konnotasjon om «sosial assosiasjon» eller interaksjon; Den andre er ei tyding der samfunnet er ei eining, med grenser som skil den frå andre omringande samfunn (Giddens, 2013, s. 163). Samfunnet kan altså både sjåast som ein altomfattande heilskap eller som fragmenterte sosiale rom. Aktørar set seg mål, som dei prøvar å oppnå i lys av kontekstuelle faktorar, tilgjengelege middel og rådande normer og verdiar (Joas og Knöbl, 2014, s. 291). Menneske handlar altså ut frå dei eksterne mål og middel som er tilgjengelege for dei. Dei mål og intensjonar som menneske har slått seg til ro med, blir ikkje enkelt realisert gjennom handling. I staden observerer folk sine omgjevnadar, og modererer sine handlingar ut frå omgjevnadane (Joas og Knöbl, 2014, s. 292).

Fadderveka er strukturert som ein avgjerande arena blant ferske studentar for å bli kjend med nye. Festane blir sett som ein viktig arena for å bli kjend med nye og vere sosial (Lie og Kahlbom, 2011, s. 67-68). Fadderveka følger eit fast script og dramaturgi som i stor grad er definert på førehand, og studentane kjem til fadderveka med ei forventing om at det skal drikkast mykje (Lie og Kahlbom, 2011, s. 74-76). Dei som ikkje ynskjer alkohol i fadderveka blir møtt med motstand, og arrangementa utan alkohol får mindre merksemd. Arrangørane av fadderveka står difor i ein skvis mellom festglade studentar, studentar som ikkje ynskjer alkohol, og skulen sine krav om fagleg integrering og deltaking i semesterstartveka (ibid.). Dei som representerer den liberale alkoholdiskursen synest likevel å ha definisjonsmakt, sidan alkoholbruk står sentralt blant dei fleste studentar. Dette gjer at fadderveka opprettheld sin struktur som ein arena der alkohol står sentralt (ibid.).

2.3.2 Normer for alkoholbruk

Normer for alkohol og drikkekultur er ulike i forskjellige grupper og samfunn, det vil difor vere vanskeleg å kunne omtale alle normer. Det går likevel an å peike på sentrale normer.

Sosiale normer styrer det meste av livet vårt. Sjølv om vi er medvitne på mange normer, skjer mesteparten av oppførselen vår automatisk (Elsenbroich og Gilbert, 2014, s. 2). Ei sosial norm kan definerast som ein regel for oppførsel som spring ut frå ei sosial forventing om oppførsel (Elsenbroich og Gilbert, 2014, s. 4). Det kan altså tenkast at menneska og samfunnet rundt ein disiplinerer eins handlingar. Det at sosiale normer er så velfungerande, er gjerne på grunn av dei sosiale strukturane vi lever under og som vi har blitt sosialiserte inn i (Elsenbroich og Gilbert, 2014, s. 3). Ein aktør har ulike preferansar som styrer eins handlingar, og desse handlingane blir endra ut frå omgjevnadane. Ulike omgjevnadar gjev altså ulik oppførsel (Elsenbroich og Gilbert, 2014, s. 115). Om ein ikkje følgjer dei normer som er gjeldande i eit samfunn, kan dette medføre sanksjonar. Ein sanksjon kan både vere formell og alvorleg, men kan også vere uformell og forbigåande (Room, 1975, s. 359). Drikking av alkohol skjer sjeldan i eit vakuum, men kan ofte vere sosial drikking som blir regulert av dei forventingar ein møter frå menneska ein omgjev seg med (Room, 1975, s. 360). Normer kan oppmode til oppførsel, og ikkje berre regulere den (ibid.). På den måten kan normer for alkoholbruk like så gjerne oppmode til drikking av alkohol som å regulere bruken (Room, 1975, s. 361). Det kan altså sjå ut til at normene for alkoholbruk er flytande i ulike samfunn, og at det blir opp til kvar enkelt gruppe å definere grensene for riktig og feil alkoholbruk. Dette tyder likevel ikkje at ein ikkje kan finne alkoholnormer som verkar å vere universelle. At små born bør halde seg vekk frå alkohol er eit døme.

Menneske drikk ofte alkohol når andre menneske er til stades. Jo fleire som er til stades, jo meir alkohol drikk ein (Horverak og Bye, 2007, s. 156-157). Dette blir også understreka av at unge menneske oftare drikk hos andre eller på ein utesstad, enn heime (Horverak og Bye, 2007, s. 150-151). Vi lærer å bruke alkohol av andre, og påverkar igjen andre i våre nettverk (Pedersen, 2015, s. 59). Alkoholbruk er gjerne ein lært praksis som blir vidareført innanfor grupper, og som slik blir oppretthalden. Skog (1985, s. 96-97) meiner, som Pedersen, at eit individ sin drikkeoppførsel blir påverka av dei andre menneska i eins sosiale nettverk. Vidare argumenterer han for at drikkeoppførselen endrar seg kollektivt for eit samfunn; Viss alkoholnivået stig for éi samfunnsgruppe, stig også alkoholnivået for alle andre grupper. Gjennom nettverkstilkoplingar vil alle individ i samfunnet kunne påverke andre individ i samfunnet, noko som fører til at drikkekulturen kan sjåast som ei kollektiv mekanisme (ibid.). Dette impliserer at bestemte normer for alkoholbruk i eit samfunn kan sjåast som universelle.

Såkalla *binge drinking* (stordrikking) er eit vanleg fenomen i dei Nord-europeiske landa. Nordmenn drikk ikkje alkohol så ofte, men når ein først drikk, drikk ein gjerne veldig

mykje (Mäkelä et al., 2001; Pedersen og von Soest, 2013). Dei Sør-europeiske landa har gjerne meir vore kjenneteikna av at ein drikk alkohol hyppigare, men at ein drikk mykje mindre ved kvart høve. Det å drikke alkohol saman med mat har tradisjonelt vore meir utbreidd i Sør-Europa (ibid.). Drikkekulturen i Sør-Europa og Nord-Europa har likevel blitt meir og meir lik med åra blant unge. Sjølv om alkohol til måltid framleis er utbreidd, viser italienske ungdommar tendensar til å gå mot ein «våtare» drikkekultur, slik som i Nord-Europa (Beccaria og Sande, 2003, s. 109-112). Det har blitt meir fokus på å drikke seg full, og øl har blitt meir populært. Italienske ungdommar er likevel meir opptekne enn norske ungdommar av å utvise kontroll når dei drikker. Dette kan sjåast i samanheng med ein meir globalisert drikkekultur. Den katolske tradisjonen med alkohol som ein drikk for kos, og ikkje rus, står altså framleis sentralt i italiensk kultur (ibid.). Measham og Brain (2005) viser korleis det har vekse fram ein ny ruskultur («culture of intoxication»). Unge har meir fokus på å drikke for å bli fulle. Dette kan sjåast i lys av ein ny forbrukarkultur der det veks fram ein større alkoholindustri, og der fleire og nye alkoholvarer blir tilgjengelege. Den nye ruskulturen kan også sjåast som ein protest mot regjeringa sine forsøk på å regulere alkoholbruken (ibid.). Unge drikker store mengder alkohol for å oppleve å vere i ein risikosituasjon der dei gjerne misser kontrollen. Dette kan sjåast som eit forsøk på å utforske eigne grenser, som eit steg i å utarbeide ein identitet som voksen (Griffin et al., 2009). I Noreg viser det seg at bartenderar ikkje overheld alkohollova som seier at ein ikkje skal servere alkohol til personar som er tydeleg rusa (Buvik og Baklien, 2012, s. 68). Desse bartenderane er ofte unge, og er sjølve ein del av den gjeldande alkoholkulturen blant unge. Dette viser at drikkekulturen, der fyll og rus er i hovudfokus, har større gjennomslagskraft enn alkohollova (Buvik og Baklien, 2012, s. 66-67). Ein kan med andre ord gjerne seie at det å drikke seg synleg rusa er sosialt akseptabelt. Festane og russituasjonane blir som regel lagt til fredag eller laurdag (Horverak og Bye, 2007, s. 146-149). Dette kan understreke at helga blir sett som eit friom der ein har fri frå forpliktingar, og der ein har moglegheit til å drikke store mengder alkohol, og ha ein fridag dagen etterpå til å hente seg inn att.

2.4 Oppsummering

Unge har eit høgt gjennomsnittleg alkoholinntak. Overgangen frå ung til voksen blir gjerne kjenneteikna av overgangsritual der alkoholen fungerer som eit viktig bindemiddel. Russetida er eit døme på eit slikt overgangsritual. Det å drikke saman skapar eit tett fellesskap, der

ulikskapar blir viska vekk til fordel for samhald og brorskap. Dei som ikkje drikk, blir fort ekskluderte frå dette fellesskapet.

Diskursar er delte og sosiale, og oppstår ut av interaksjonar mellom sosiale grupper og dei komplekse samfunnsmessige strukturar som diskursen er innebygd i (Sherzer, 1987; van Dijk, 1997, referert i Phillips og Hardy, 2011a, s. 4). Ulike diskursar kan legitimere ulike identitetar i ulike situasjonar. Sosiale identitetar blir likevel forma av dei sosiale gruppene ein identifiserer seg med. Bruk av alkohol blir assosiert med ei pause frå kvardagens forpliktingar, og legitimerer hygge og samhald. Alkoholen sin rus i seg sjølv er ikkje viktig for å skape denne hygga, men fungerer meir som eit symbol på glede og fellesskap. Alkoholen spelar også ulike roller i ulike kontekstar, og normene for kva som er «riktig» alkoholbruk kan variere.

Strukturalismen understrekar korleis samfunnet på eit makronivå påverkar samfunnet sine komponentar på individ- og gruppenivå. Menneskeleg handling blir altså meir eller mindre styrt av dei strukturar som er gjeldande i ein gjeven situasjon. Dette kan også hevdast å gjelde for fadderveka, der studentane har ei førehandsforventing om kva som ventar dei, med lita moglegheit for å påverke dette innhaldet. Blant unge i dag har det vekse fram ein kultur der det å drikke seg synleg rusa er eit mål i seg sjølv. Dette har blitt ei norm blant unge, som stadig har spreidd seg meir utover verda.

3 Metode og data

3.1 Val av metode og tilnærming

I dette forskingsstudiet er målet å kunne seie noko om dei strukturelle normene som er styrande i fadderveka. I staden for å berre få vite kva som faktisk skjer i fadderveka, er det eit mål å få ei forståing av korleis deltakarane i fadderveka saman skapar desse strukturelle normene. Ved å bruke ei kvalitativ tilnærming, kan ein som forskar søke å få deltakarane til å reflektere over dei kulturelle rammevilkåra som er sentrale i fadderveka, og korleis desse manifesterer seg i løpet av veka. Vidare er det eit mål å få eit innblikk i korleis deltakarane skisserer sin eigen sosiale identitet i veka. Kvalitative intervju er såleis veleigna, då ein som forskar får moglegheit til å gå meir i djupna på kvar enkelt respondent (Silverman, 2014, s. 177-179). Analysen baserer seg difor på 10 semistrukturerte forskingsintervju av deltakrar i fadderveka ved Universitetet i Bergen, hausten 2017.

3.1.1 Det kvalitative forskingsintervju

Sosialvitskap kan ofte assosierast med utsegn som «ein tenderer til å finne ein samanheng mellom inntekt og kjønn» eller «auka økonomisk studiestøtte fører til eit høgare tal personar som tek høgare utdanning..» Slike påstandar seier derimot ingenting om individuelle tilfelle. Ofte er ein forskar meir interessert i å gå i djupna på individuelle skilnadar, fordi han meiner at viktige sosiale fenomen blir gløymt om ein berre undersøker dei store linjene (Ragin og Amoroso, 2011, s. 111). I staden for å berre gjere greie for eit sosialt fenomen, kan kvalitative forskingsintervju gjerne vere med å gje ei fordjuping i samanhengar mellom sosiale fenomen, og korleis desse opplevast av enkeltindivid (Miles og Huberman, 1994, s. 10). Alkohol kan hevdast å spele ei sentral rolle i fadderveka ved Universitetet i Bergen. Det vil difor gjerne vere føremålstenleg å bruke kvalitative forskingsintervju. Dette kan gje innblikk i korleis alkoholen utspeler si rolle i fadderveka hos enkeltindivid, i staden for å berre konstatere at alkohol spelar ei viktig rolle i fadderveka (ibid.).

I følgje Silverman (2014, s. 173) er det tre sentrale tilnærmingar innan kvalitativ sosialforsking for å vurdere korleis respondenten sin kunnskap blir generert og formidla til forskaren; (1) ei positivistisk tilnærming, (2) ei naturalistisk tilnærming og (3) ei

konstruksjonistisk tilnærming. I ei positivistisk tilnærming til kvalitativ sosialforsking, søker ein etter uomtvistelege fakta om samfunnet hos respondentane. Altså har ein som mål at respondenten alltid skal gje same svar på eit spørsmål, uavhengig av kva forskar som stiller spørsmålet, eller andre rammevilkår rundt intervjustituasjonen som kan variere (Silverman, 2014, s. 174-177). Ved å til dømes bruke ein strukturert intervjuguide som forskaren skal følgje slavisk, kan ein leggje til rette for at respondenten gjeit eit ærleg og reliabelt svar som ikkje blir påverka av forskaren. Svaret frå respondenten skal gjeit eit så korrekt bilet av samfunnet som mogleg (ibid.).

Naturalistiske sosialforskarar har ikkje som mål å få tak i objektive «fakta», men å lokke fram autentiske subjektive opplevingar i samfunnet. Naturalistar har eit mål om å nå direkte inn til persepsjonen til individ (Silverman, 2014, s. 177-179). Emosjonar og levd erfaring hos respondenten, er sentralt for ein naturalistisk forskar. Både forskar og respondent blir oppfatta som subjekt for respondentens innsikt og kunnskap. For at respondentar skal reknast som subjekt som aktivt konstruerer trekk ved si kognitive verd, bør ein prøve å oppnå intersubjektiv djupne mellom både forskar og respondent. På denne måten kan felles forståing bli oppnådd. Det er difor vanleg for naturalistar å føretrekke opne intervju (ibid.).

I ei konstruksjonistisk tilnærming er både forskaren og respondenten aktive i å konstruere mening og fornuft. Heller enn å sjå dette som noko som står i vegen for presise framstillingar av fakta og opplevingar, blir forskaren si oppgåve å vise korleis mening og fornuft blir gjensidig konstruert (Silverman, 2014, s. 173). Forskaren og respondenten brukar altså sin føreinntekne kunnskap til saman å konstruere ei felles tyding gjennom intervjuet. Det vert difor gjerne teke for gjeve at både forskar og respondent har ein viss kunnskap om det temaet som intervjuet omhandlar.

Kvalitative forskingsintervju som vil söke å avdekke opplevingar av alkoholen si rolle i fadderveka, kan gjerne hente inspirasjon frå alle tre ovanfornemnde tilnærmingar. Ved å bruke ein semistrukturert intervjuguide vil visse spørsmål bli stilt til alle respondentar, for å få uomtvistelege fakta om samfunnet. Dette vil bygge på ei positivistisk tilnærming. Samstundes vil det vere mogleg å stille oppfølgingsspørsmål til respondentane basert på dei svar som blir gjevne. Desse oppfølgingsspørsmåla vil gjerne variere frå respondent til respondent, og vil kunne avdekke respondentens erfaringar og emosjonar rundt det aktuelle temaet. Her vil forskaren prøve å forstå og setje seg inn i dei refleksjonar som respondenten gjev, gjennom ei naturalistisk tilnærming. Vidare vil det som forskar vere naturleg å bruke eiga erfaring og kunnskap om fadderveka for å skape ei gjensidig forståing med respondenten på korleis alkoholen si rolle i fadderveka kan forståast. Intervjuet vil altså ikkje naudsynt vere ei kjelde

til ny kunnskap, men ei kjelde til felles forståing av eit fenomen. Slik vil ei konstruksjonistisk tilnærming ligge til grunn for denne felles forståinga.

3.1.2 Inspirasjon frå Grounded theory

Gjennom prosessen med å innhente og analysere data har *grounded theory* vore ei viktig inspirasjonskjelde. Det var vanskeleg å på førehand gjere seg opp ei mening om kva empirisk innsikt intervjeta ville gje. Det har difor vore føremålstenleg å la utveljinga av det teoretiske rammeverket i oppgåva hente inspirasjon frå dataa (Glaser og Strauss, 2004). Slik har forskingsprosessen hatt eit dialektisk preg, der datainnsamling og analyse saman med teoriutveljing har blitt utvikla undervegs, og påverka kvarandre gjensidig. Det var nokre tankar som på førehand låg til grunn om kva sosiologiske teoriar som kunne nyttast for å diskutere fadderveka. Desse blei likevel lagt vekk etter kvart som det kom fram andre funn i intervjeta enn det som var forventa på førehand. Det var derimot særskild éin teori som på førehand syntest å vere sentral, og som også kom i bruk. Van Gennep (1999) sin teori om overgangsritual, inspirert av Vaadal (2014) si avhandling om fadderveka, spelte ei viktig rolle. Såleis blei valet av teoriar gjort både i forkant og etterkant av intervjeta. Dette illustrerer likevel at det var føremålstenleg å finne høvelege teoriar i etterkant av intervjeta, sidan brorparten av litteraturen blei funne undervegs i og etter intervjugprosessen. Sentralt i grounded theory står å utvikle teori basert på data i staden for å bruke teori til å teste sosiale fakta (Glaser og Strauss, 2004, s. 1). Å generere teori frå data tyder at dei fleste hypotesar og konsept ikkje berre kjem frå dataa, men blir systematisk utarbeidd i relasjon til dataa undervegs i forskingsprosessen (Glaser og Strauss, 2004, s. 6). Vidare skriv Glaser og Strauss: «The biographies of scientists are replete with stories of occasional flashes of insight, of seminal ideas, garnered from sources outside the data» (ibid.). Forskaren har altså ein allereie opparbeidd kunnskap som gjer at han kan sjå dataa på nye måtar. Slik kan forskaren vidare konstruere mening saman med respondenten, og dei kan saman generere ny kunnskap. I genereringa av teori, er det likevel viktig at forskaren relaterer sin allereie opparbeidde kunnskap til dataa, slik at det ikkje blir dissonans mellom teoriane og den empiriske verda (ibid.). På same måte kan min allereie opparbeidde kunnskap om fadderveka brukast til å generere ei forståing av dette fenomenet saman med respondentane. Samstundes er det viktig at det er respondentane sin kunnskap og refleksjonar som dannar grunnlaget for genereringa av teori. Sidan det finnast ganske lite litteratur om fadderveka frå før, stilte underteikna med

relativt blanke ark. Det blei difor naturleg å hente inspirasjon frå ei grounded theory-tilnærming der vegen blei til undervegs i datainnsamlingsprosessen. Som nemnd låg det likevel nokre idear i grunn på førehand om kva teoriar som kunne nyttast. Slik kan ein gjerne hevde at prosjektet ikkje fullt ut nytta ei grounded theory-tilnærming, fordi det allereie på førehand låg til grunn nokre tankar om moglege teoretiske innfallsvinklar. Sidan respondentane ikkje deltok i heilt identiske fadderveker, var det likevel føremålstenleg å ha ei mest mogleg open tilnærming til datainnsamlinga (Glaser og Strauss, 2004, s. 237). Dette viste seg å vere fornuftig, då alle respondentane hadde ulike erfaringar frå fadderveka.

3.2 Datagenerering

3.2.1 Rekruttering og utval

Universitetet i Bergen består av fleire ulike fakultet, med eit breitt utval av studieretningar. Dei ulike faddervekene ved dei ulike fakulteta og studieretningane ved Universitetet i Bergen er også varierte i innhald. Dette gjorde at det var mogleg å få eit innblikk i varierte opplevingar av fadderveka, sjølv om det blei bestemt å avgrense seg til denne studieinstitusjonen. Det ville også vere føremålstenleg å få meir detaljert kunnskap om éin studieinstitusjon, enn å få mindre detaljert kunnskap om fleire studieinstitusjonar. Hovudgrunnen til at Universitetet i Bergen blei valt ut som utgangspunkt for analyse er likevel at dette var eit universitet underteikna som forskar hadde god kjennskap til. Dermed blei det òg lettare gjennomførbart å kome i kontakt med respondentar, og i tillegg er fleire av fakulteta ved universitetet plasserte i nærleiken av kvarandre. Intervjua blei utført ved det samfunnsvitskaplege fakultet ved Universitetet i Bergen, noko som gjorde at brorparten av respondentane hadde kort veg frå sitt fakultet og til staden der intervjuet blei utført. Det er likevel mogleg at intervjeta blei påverka av at dei blei utførde på universitetet. Respondentane kan til dømes umedvite ha gjeve svar som har stilt universitetet i eit positivt lys (Weiss, 1994, s. 58-59).

Det blei sett som viktig å intervju respondentane om deira oppleving av fadderveka, så fort som mogleg etter at fadderveka var ferdig. Dette blei lagt vekt på, då det gjerne var føremålstenleg at respondentane hadde fadderveka mest mogleg friskt i minnet, slik at dei hadde best mogleg føresetnad for å fortelje om sine opplevingar i denne veka. Dette sikra

såleis at validiteten blei høgare, ved at svara samsvara best mogleg med den faktiske opplevinga av fadderveka (Miles og Huberman, 1994, s. 278-279). For å vere mest mogleg klar til å gjere intervju rett etter at fadderveka var ferdig, starta prosessen med å få tak i respondentar allereie våren 2017. Sidan det truleg ville vere vanskeleg å få tak i tilsette ved Universitetet i Bergen i sommarferien, ville det vere fornuftig å prøve å få kontakt før sommarferien starta. Det at fadderveka kjem så brått på etter sommarferien, gjorde at det var ynskjeleg å starte prosessen med å få tak i respondentar allereie i løpet av våren. Det ville gjerne vere føremålstenleg å rekruttere respondentar gjennom å få tilgang til introduksjonsførelesingar. Håpet var å få tillating til å bruke dei siste fem minutta av førelesingane til å informere om prosjektet, og be studentane ta kontakt, dersom dei kunne vere interesserte i å delta. Det blei difor sendt ut fleire e-postar til ulike tilsette ved Universitetet i Bergen, og spurd om tillating til å kome i dei ulike førelesingane å informere om prosjektet. Det var derimot få som ga svar. Dei som svarte, meinte at dei ikkje hadde tid til å setje av fem minutt, og at studentane kanskje ikkje var mottakelege for å bli spurd om å bli intervjuet, så tidleg i skuleåret. Det blei difor innsett at det beste ville vere å heller spørje enkeltstudentar undervegs i fadderveka, om dei kunne vere interesserte i å delta.

I august 2017, like før fadderveka starta, stod det å lese på nettsidene til Universitetet i Bergen informasjon om fadderveka ved dei ulike fakulteta, og kor dei nye studentane skulle møte opp ved studiestart. Det viste seg såleis at brorparten av fakulteta skulle ha eit informasjonsmøte til ulike tider måndagen i fadderveka, i Grieghallen. Det var difor føremålstenleg å møte opp til ulike tidspunkt i Grieghallen, og spørje studentar som venta på informasjonsmøta, om dei ville la seg intervjuet. Det var viktig å få kontaktinformasjon til dei som takka ja, slik at det var mogleg å kontakte dei og sende dei informasjonsskriv på e-post. På førehånd verka 10 respondentar som passeleg, men litt fleire enn dette blei spurd i Grieghallen, for sikkerheits skuld. Dei fleste sa ja til å la seg intervjuet då dei blei spurd. Då dei blei kontakta i ettertid for å avtale eit konkret tidspunkt for intervju, var det derimot fleire som ikkje ynskte å delta likevel. Dette gjorde det naudsynt å gå rundt på dei ulike fakulteta å spørje fleire studentar om dei var nye studentar, og om dei ville la seg intervjuet. Det var naudsynt å gå rundt å spørje i fleire omgangar, fordi det var fleire studentar som først sa ja, men som trakk seg i etterkant. Etter totalt tre omgangar, inkludert studentane ved Grieghallen, var talet på respondentar tilstrekkeleg.

Det ville gjerne vore føremålstenleg å finne respondentar gjennom å informere i ei introduksjonsførelesing. Det kan tenkast at dei som då hadde vist interesse for prosjektet mitt var studentar som verkeleg var engasjerte i fadderveka, og som hadde ein iver etter å fortelje

sine meininger om fadderveka. Dette kunne gjeve gode og informative svar på intervjuvspørsmåla. Det å derimot spørje tilfeldige studentar om dei kunne tenke seg å delta, gjorde gjerne at ein fekk tak i studentar som ikkje naudsynt hadde ei utprega interesse eller engasjement for fadderveka (Weiss, 1994, s. 141-142). Resultatet var likevel at dei respondentane som deltok, ga gode og nyttige svar. I tillegg kan det tenkast at respondentar som ikkje er utprega engasjert i fadderveka, kan gje eit meir nyansert bilet av fadderveka enn ein respondent som har klare og engasjerte meininger om fadderveka. Det kan gjerne vere slik at ein respondent som er engasjert i fadderveka kan ha vanskelegare for å sjå fadderveka frå fleire ulike synspunkt, men tvert imot ha ei einsformig tilnærming til fadderveka. Det var også veldig effektivt å spørje enkeltstudentar andlet til andlet. Det kan derimot tenkast at oppslutninga kunne vore därlegare, dersom ei heil gruppe studentar blei spurd på éin gong, fordi fleirtalet gjerne ville tenkt at nokre andre enn dei sjølv sikkert ville ta ansvar å takke ja til å delta.

Det einaste kravet som blei sett til respondentane var at dei var studentar ved Universitetet i Bergen, og at dei deltok nokolunde aktivt i fadderveka 2017 ved universitetet. Det var naturleg å ha cirka like mange kvinnelege som mannlege respondentar. Under rekrutteringsprosessen i Grieghallen, var det til dømes flest mannlege respondentar som sa ja, noko som gjorde at fokuset difor låg på å spørje kvinnelege studentar i neste omgang. Kjønnssfordelinga enda difor på fire mannlege respondentar og seks kvinnelege respondentar. Dette speglar også biletet på kjønnssfordelinga ved høgare utdanning i Noreg for 2016: 59,5% av alle som er under høgare utdanning i Noreg er kvinner (Statistisk Sentralbyrå, 2017). Respondentane kom frå fleire ulike fakultet ved Universitetet i Bergen, men det var ikkje representantar frå alle fakultet. Dette kan ha ført til at svara som blei gjevne ikkje hadde så stor variasjon som dei potensielt kunne hatt. Samstundes var det ingen av respondentane som studerte same studieretting, så variasjonen i utvalet kan difor hevdast å vere tilstrekkeleg. Det at faddervekene ved dei ulike studierettingane har ulik oppbygging og innhald styrkar variasjonen i datamaterialet.

3.3 Om intervjua

3.3.1 Utviklinga av intervjuguiden

Då det før sommaren blei søkt til Norsk senter for forskningsdata (NSD) om tillating til å innhente personopplysingar til prosjektet, var det eit ynskje at det blei sendt ved ein intervjuguide saman med søknaden. Det blei difor laga eit utkast til intervjuguide. Denne intervjuguiden var i grove trekk basert på eksisterande litteratur om fadderveka og alkoholkultur blant studentar og unge. Slik sett kan ein gjerne hevde at intervjuguiden var inspirert av ei grounded theory-tilnærming (Glaser og Strauss, 2004, s. 1). I tillegg blei det henta inspirasjon frå intervjuguiden til Vaadal (2014), som også har skrive om alkoholkultur i fadderveka. Intervjuguiden underteikna nytta inneheldt 3-4 hovudtema som det var ynskjeleg å dekke i intervju, med fleire oppfølgingsspørsmål.

Like før fadderveka starta, blei intervjuguiden diskutert med vegleiar. Han meinte det burde inkluderast fleire opne spørsmål om respondentane si generelle oppleving av fadderveka, og ikkje naudsynt fokusere intervjuet inn mot tydinga av alkohol i fadderveka. Han kom med fleire forslag til spørsmål som kunne inkluderast i intervjuguiden, som fokuserte på forventingane og dei generelle opplevingane respondentane hadde i fadderveka. Fleire av desse spørsmåla blei inkludert. Ut frå den målsetjinga som låg føre om å fokusere forskinga inn mot ein alkoholkontekst, blei det likevel ikkje gjort så store endringar i intervjuguiden. Det blei eit mål å stille mest mogleg opne spørsmål, slik at respondentane i minst mogleg grad blei leia til å svare på ein bestemt måte (Silverman, 2014, s. 177-179). Det at alle respondentane drakk alkohol i fadderveka, og hadde reflekterte tankar rundt alkoholen si rolle i fadderveka, blei ei stadfesting på at det var føremålstenleg å fokusere intervjuguiden inn mot alkohol. Grunnen til at fokuset i intervjuguiden låg på alkohol, var då også ganske enkelt fordi det var dette som var av størst personleg interesse. Sidan det ikkje låg til grunn så mykje intervjuerfaring, var det også viktig å ha ein intervjuguide med flest mogleg førehandsformulerte spørsmål – slik blei det sikra at intervjuen fekk ein tydeleg og føreseieleg struktur. Ved å ha same struktur på alle intervju blei det også mogleg å sikre ein høgare reliabilitet mellom intervjuen. Ved at føresetnadane rundt intervjuen var like, hadde respondentane eit ganske likt grunnlag for å svare på spørsmåla (Miles og Huberman, 1994, s. 278). Det blei likevel naturleg å stille oppfølgingsspørsmål som ikkje stod nedskrive i intervjuguiden, der respondentane sine svar la til rette for dette (Silverman, 2014, s. 177-179).

Det blei utvikla to intervjuguidar, ein for dei respondentane som deltok nokolunde aktivt på kveldstid i fadderveka, og ein for dei som eventuelt berre deltok på dagtid i fadderveka. Begge desse intervjuguidane var difor med på kvart intervju. Sidan ein person som deltok på kveldstid i fadderveka kunne ha ei anna oppleving av fadderveka enn ein person som berre deltok på dagtid, var det føremålstenleg å utvikle to intervjuguidar med ulike spørsmål (Blaikie, 2010, s. 107-109; White, 2009, s. 89-91). Sidan alle respondentane mine deltok nokolunde aktivt på kveldstid, kom berre den eine intervjuguiden i bruk. Det var føremålstenleg å byrje med å spørje spørsmål som handla om respondentane si generelle oppleving av å flytte til Bergen og å byrje på universitetet. Vidare var det føremålstenleg å stille spørsmål som handla om alkohol og festane i fadderveka, litt lenger ut i intervjuet, fordi det var føremålstenleg at både respondenten og underteikna var komfortable i intervjusituasjonen før ein gjekk laus på desse spørsmåla. Denne rekkefølga på spørsmåla var med på å legge til rette for at respondentane svarte godt på alle dei spørsmål som blei stilt. At respondentane var trygge i intervjusituasjonen kan såleis ha gjeve datamaterialet høgare validitet, ved at respondentane av denne grunn kan ha hatt lettare for å gje riktige og utfyllande svar på spørsmåla (Miles og Huberman, 1994, s. 278-279). Rekkefølga på spørsmåla hadde også utgangspunkt i dei tre problemstillingane. Den første delen av intervjuguiden dekka ein meir deskriptiv del av fadderveka, der respondentane gjorde greie for kva som skjedde i veka. Dette kan sjåast i samanheng med den første problemstillinga, som skildrar korleis alkoholen fungerte som ein fellesskapsbyggar. Vidare gjekk intervjeta meir over i ei fase der respondentane i større grad kunne kome med sine personlege meininger om fadderveka. Dette viser også igjen i dei to siste problemstillingane, der fokuset ligg på korleis studentane sjølve opplevde strukturane i fadderveka.

3.3.2 Gjennomføringa av intervjeta

Det blei altså intervjeta 10 studentar som deltok nokolunde aktivt i fadderveka ved Universitetet i Bergen hausten 2017, fire gutter og seks jenter. Intervjeta varte i rundt ein time, dei fleste varte litt lenger enn dette, nokre få varte litt under ein time. Dei fleste av respondentane kom rett frå vidaregåande skule, medan nokre få var litt eldre. Alle respondentane var likevel ganske unge. Fadderveka var ei knapp veke lang for alle respondentane, dei fleste hadde sin siste organiserte aktivitet på laurdagen i fadderveka. Mine førehandsførestillingar var at det kunne bli vanskeleg å få tak i respondentar som var villige til

å setje av tid til å la seg intervju. Det var for det første tenkeleg at studiestarten, gjerne i ein heilt ny og ukjend by, ville vere svært hektisk, og at det difor ville vere vanskeleg for dei nye studentane å setje av tid til eit intervju. Det at intervjeta ville handle om studentane sine opplevingar og tankar rundt alkohol i fadderveka, gjorde også at ei førehandsførestilling var at fleire ville vegre seg for å delta i prosjektet. Det viste seg likevel at dei fleste som blei spurde var positive til å delta, sjølv om eit par studentar, som nemnd, takka ja, men takka nei då det skulle lagast ein konkret avtale med dei.

Det at det blei forventa at det ville bli vanskeleg å få tak i respondentar, gjorde at det på førehand blei vurdert kva metodar som kunne brukast for å få flest mogleg til å delta. Det blei difor vurdert å gje respondentane ei eller anna form for gavé eller løn for å delta. Ved andre studium på universitetet har det vore mogleg å søke til Universitetet i Bergen om å få gavékort frå Godt Brød, som ein kan gje til respondentar som deltek i eins forskingsprosjekt. Det blei difor vurdert å søke universitetet om slike gavékort. Det blei likevel konkludert med at det var føremålstenleg å ha respondentar som hadde ein indre motivasjon til å delta i prosjektet, og ikkje respondentar som blei motivert av gavé i seg sjølv. Den personlege vurderinga var at dei respondentane som gjekk med på å delta, utan at det låg ein materialistisk gevinst i deltakinga, var respondentar som var genuint interesserte i å delta i studien. Desse ville vonleg også gje nyttig innsikt på dei spørsmåla som blei stilt. Tilsvarande blei det frykta at ved å love ei gavé til deltakarane, kunne ein få tak i respondentar som berre deltok for å få gavé. Desse respondentane ville gjerne ikkje vere like opptekne av å gje nyttig kunnskap, men ville heller få intervjuet overstått og ta imot si løn. Weiss (1994, s. 58) meiner at det å løne respondentar sjeldan har så mykje å seie: «My guess is that in most studies the reward for a respondent is the interview itself and the contribution he or she can make to the study. Payment doesn't seem to make a difference in a respondent's willingness to participate.» Konklusjonen min blei difor at det ikkje var naudsynt å gje noko til respondentane for at dei skulle delta.

I valet av lokale for intervjeta, var det viktig å finne ein stad der konfidensialiteten til respondentane blei oppretthalden. Behovet for konfidensialitet blei påpeikt av fleire respondentar, og kan gjerne sjåast i samanheng med at temaet for intervjeta kjendest noko personleg. Intervjeta blei difor utførte på ulike seminarrom som var booka på førehand, ved samfunnsvitskapleg fakultet. Det at forskaren bestemte kor intervjeta skulle utførast, og hadde nøkkelkort som ga åtgang til seminarroma, kan ein anta at markerte at forskaren var ein etablert student ved Universitetet i Bergen. Ein av respondentane spurde til dømes kva ein måtte gjere for å få aktivert nøkkelkortet sitt. Før det eine intervjuet var det også naudsynt å

kaste ut ein student, og fortelje ho at rommet hadde blitt booka. Dette kan ein anta var med på å understreke at underteikna hadde ein slags maktposisjon ved universitetet, og at underteikna var veletablert. Opplevinga var likevel ikkje at skiljet mellom forskaren som etablert student, og respondentane som uetablerte studentar, var ein faktor som påverka intervjeta (Weiss, 1994, s. 141). Dei ulike intervjeta blei utførte på seminarrom i ein kjellar, utan vindauge. Settinga rundt desse intervjeta kunne difor gjerne minne om eit politiavhøyr. Det er likevel ikkje grunnlag for å tru at dette har påverka intervjeta (Weiss, 1994, s. 58-59). Snarare tvert imot kan det ha styrka intervjeta sin reliabilitet at dei blei utført under like føresetnad, då det er forskaren sitt mål at ikkje intervjurammene i seg sjølv skal påverke respondenten (Miles og Huberman, 1994, s. 278). Ved at rammene rundt intervjeta var like, blir difor gjerne målesikkerheita sterkare.

Sidan ikkje respondentane kjende underteikna frå før, var det ei bekymring at dei ikkje ville vere komfortable med å fortelje kva dei gjorde i fadderveka, og til dømes kor mykje alkohol dei drakk, og kvifor dei drakk. Erfaringa var likevel, utan unntak, at respondentane svarte godt på alle spørsmål som blei stilt, sjølv om lengda på svara naturleg nok varierte. Det blei i alle fall ikkje oppfatta at respondentane følte at intervjuet var ubehageleg, noko som er med å styrke resultata si truverd. Alle respondentane fortalte at dei drakk alkohol i fadderveka. Det at underteikna sjølv er ung og student, er ein mogleg medverkande faktor til at respondentane følte det var naturleg å prate opent om fadderveka og alkohol. Det kan tenkast at dei tok det for gjeve at underteikna som student kjenner til den utbreidde alkoholkulturen hos studentar (Miles og Huberman, 1994, s. 17). Ein kan difor anta at det ikkje var like ubehageleg å innrømme at alkoholen var ein viktig del av fadderveka for dei. Snarare tvert imot er det ei fare for at respondentane kan ha overdrive kor viktig alkohol og fest er for dei. Det at underteikna sjølv er ein del av ungdomskulturen, der det å ikkje drikke alkohol gjerne blir sett på som eit sosialt avvik, kan ha medverka til at respondentane ynskte å framheve at dei var ein integrert del av festkulturen i fadderveka. Det kan såleis tenkast at respondentane ville lagt mindre vekt på sitt høge alkoholinntak dersom eg som forskar var godt vaksen.

Underteikna kjenner ikkje respondentane godt, truleg kjem det heller ikkje til å vere noko kontakt mellom forskar og respondentar seinare. Det er også forskaren si plikt å halde respondentane anonyme. Difor er det gjerne ikkje like ubehageleg for respondentane å dele av sine erfaringar med ein ukjend person som ikkje kjem til å prege livet deira i seinare tid. Erfaringa var heller ikkje at kjønnet mitt hadde noko å seie – slik forskaren såg det svarte både dei kvinnelege og dei mannlege respondentane jamt over ganske likt på alle spørsmål.

Det er ikkje utenkeleg at intervjeta kunne blitt annleis dersom forskaren var kvinne, men underteikna har ikkje døme på konkrete situasjonar der det kjendest som at mitt kjønn spelte noko rolle (Weiss, 1994, s. 140-141).

3.4 Analyse

Etter at eit intervju var gjennomført, sette underteikna seg ned å skreiv ned kva respondentane hadde sagt, i grove trekk. Intervjugiden blei ikkje endra på i løpet av dei 10 intervjeta, men det blei etter kvart lært kva spørsmål respondentane svarte utfyllande på, og på kva spørsmål det var naudsynt å stille oppfølgingsspørsmål, for å få meir informasjon. Ved å skrive notat etter intervjeta, var det mogleg å sjå kva tendensar som gjekk igjen hos respondentane. Slik kan ein gjerne seie at intervjugprosessen bar preg av analytisk induksjon, ved at det undervegs blei merka tendensar som gjekk igjen. Desse tendensane ga grunnlag for i ettertid å utvikle ulike hypotesar angåande fadderveka (Blaikie, 2010, s. 196-197).

Intervjeta blei tekne opp som lydopptak på mobilen min, og blei transkribert av underteikna etterpå. Transkripsjonen starta med ei enkel skildring av den enkelte respondent, og når og kor intervjetet blei utført, for at rammene rundt intervjeta ikkje skulle gå i gløyme boka. For å bevare anonymitet til respondentane, blei alle intervjeta omsett til nynorsk. Der respondentane sa ord og formuleringar som ikkje ville gje mening på nynorsk, eller som ikkje ville vere føremålstenleg å omsetje, var det naturleg å la formuleringa stå slik den blei sagt. Dette tyder at det transkriberte materialet ikkje naudsynt alltid er grammatisk korrekt. Det var likevel viktigare å fange opp bestemte formuleringar og uttrykk hos respondentane, enn å ha eit datamateriale som var fullstendig grammatisk korrekt. Dei stadane der respondentane understreka noko tydeleg, blei dette skrive i kursiv. Og der respondentane anten hadde ei tenkepause, eller lo, blei dette markert i transkripsjonen. I tekstudraga frå intervjeta, som blir presentert i analysedelen, har respondentane fått fiktive karakteristikkar, der dette har vore naudsynt for å bevare respondenten sin anonymitet. Ein stad har underteikna til dømes skrive «Førde» i staden for respondenten sin eigentlege heimstad. Det skjedde i eitt intervju at ein respondent måtte ha ei drikkepause på toalettet, i eit anna intervju kom det inn ei dame å forstyrra intervjetet ei kort stund. Dette blei også teke med i transkripsjonen, då dette kan ha påverka ramma rundt dei aktuelle intervjeta. Ved å transkribere alle intervjeta sjølv, var dette ein gylden moglegheit til å bli godt kjend med eigne data (Weiss, 1994, s. 55-56).

Då intervjeta var ferdig transkriberte, starta prosessen med å analysere og kode intervjeta, for å finne ut kva som gjekk igjen blant respondentane. Det blei starta med ei *open koding*, der dataa blei delt inn i hovudkategoriar og subkategoriar, og der sentrale funn blei notert (Corbin og Strauss, 2008, referert i Blaikie, 2010, s. 211). Desse hovudkategoriane svarer til tredelinga i analysedelen, med subkategoriar innanfor kvar hovudkategori. Denne tredelinga blei skapt ved at alle sentrale funn blei skrive ned på eit kodeskjema, og deretter delt inn i tre etter kva hovudkategori forskaren meinte dei passa under. Utforminga av denne tredelinga, med val av tema for hovudkategoriane, er eit resultat av sjølvstendige vurderingar av empirien, etter utførlege analyser av datamaterialet. Første analysedel, som skildrar fadderveka som eit innviingsritual, er likevel inspirert av Vaadal (2014). Vidare blei det halden fram med ei *aksial koding*, ved at underteikna prøvde å forstå konteksten rundt dei svara respondentane ga (Corbin og Strauss, 2008, referert i Blaikie, 2010, s. 211). Både for å finne fram til hovudkategoriar og for å forstå konteksten rundt dei svar som blei gjevne, var det føremålstenleg å lese variert litteratur som omhandla alkoholbruk blant unge. Slik var det lettare å peike på kva ved innhaldet i intervjeta som har blitt dekka av tidlegare litteratur, og kva som syntest å vere fersk kunnskap (Miles og Huberman, 1994, s. 58). Når forskaren klassifiserer funna sine inn i høvelege kategoriar, er han ikkje ein nøytral aktør; «The researcher will have a purpose in mind that will provide direction and boundaries» (Blaikie, 2010, s. 212). Vidare må forskaren lage koplingar mellom dei ulike kategoriane for å finne regularitetar og variasjonar i dataa, som eit ledd i å utvikle teori (*ibid.*). Kodinga og gjennomlesinga av datamaterialet skjedde difor som ein dialektisk prosess i etterkant av datainnsamlinga. I utvalet av utdrag frå intervjeta som blir nytta i analysedelen, har underteikna freista å velje ut sitat som representerer generelle synspunkt og meningar som gjekk igjen blant mange eller fleire av respondentane. Der respondentane hadde ulike eller kontrasterande synspunkt, er dette forsøkt markert i teksta.

3.5 Etikk

Prosjektet er, som nemnd, rapportert inn og godkjend av Norsk senter for forskningsdata (NSD). I tråd med NSD sine retningslinjer, har det blitt utforma eit kombinert informasjons- og samtykke-skjema med informasjon om prosjektet og kontaktinformasjon, samt ein rubrikk for skriftleg samtykke til å delta i prosjektet. Då respondentane blei spurde om dei kunne tenke seg å delta, blei det informert om at informasjon om prosjektet ville sendast til dei på e-post. I

informasjons- og samtykkeskjemaet stod det opplyst kva som ville skje med datamaterialet, at det ville bli teke lydopptak av intervjuet, og at respondentane ville vere anonyme (Alver og Øyen, 1997, s. 109-110; Ragin og Amoroso, 2011, s. 88-89; Weiss, 1994, s. 53-55). Sjølv om alle respondentane hadde fått tilsendt informasjonsskriv der det stod at dei ville vere anonyme, var det likevel fleire av respondentane som spurde om dei var anonyme, då vi møttest til intervju. Det var difor tydeleg at det var viktig for respondentane at dataa blei behandla konfidensielt (Alver og Øyen, 1997, s. 119). Ved sjølve intervjuet blei informasjonsskjemaet teke med, i tilfelle respondentane hadde behov for å kike gjennom det ein gong til. Vidare blei det som stod i informasjonsskrivet repetert: at intervjuet var konfidensielle. Dette inneber også at dei ikkje skal kunne gjenkjennast indirekte i den ferdigtilte oppgåva gjennom til dømes kombinasjonen alder, kjønn, heimstad og studieretning. Det blei også informert om at dei kunne trekke seg både under intervjuet, og når som helst i etterkant av intervjuet, utan å gje nokon grunn. Det var også viktig å påpeike at respondentane hadde rett til å la vere å svare på enkelte spørsmål, om dei ønskete dette. Dei blei bedne om å signere på at dei samtykka til å delta, i tillegg til at dei ga munnleg samtykke til å delta. Vidare blei det påpekt at dei hadde lov å trekke seg, sjølv om dei signerte på samtykkeskjemaet – dette er ikkje ei bindande kontrakt som respondentane skriv under på. Før sjølve intervjuet starta, blei respondentane spurde om dei hadde nokre spørsmål, og om det gjekk fint å ta lydopptak. I etterkant av intervjuet blei det sagt til respondentane at dei ikkje måtte nøle med å ta kontakt, om dei lurte på noko. Då alle intervjuet var ferdige, blei alle mobilnummer og tekstmeldingar sletta frå mobilen min, samt alle e-postar som var sendt ut. Kontaktinformasjonen deira blei likevel behalden i ei skrivebok som berre underteikna har tilgang til. Denne kontaktinformasjonen vil bli destruert ved prosjektet sin slutt.

Som nemnd sa fleire studentar først ja til å delta, men sa nei då det blei forsøkt å lage ein konkret avtale gjennom tekstmeldingar. Dette kan gjerne understreke at studentane var i ein sårbar situasjon då dei først blei spurde. Det gjaldt gjerne for fleire at dei var nye i byen, var veldig spente på å delta i fadderveka, og var spente på å byrje å studere på universitet i ein heilt ny by. Når dei då gjerne kjende på ein slik usikkerheit i kroppen, var det kanskje vanskelegare å stå opp for seg sjølv, og seie nei takk, då ein erfaren og sjølvsikker student kom bort til dei å spurde om dei kunne tenke seg å delta i eit forskingsprosjekt (Ragin og Amoroso, 2011, s. 93). Det blei på førehand reflektert over at studentar som var i ein sårbar situasjon, ville bli spurde om å delta. Samstundes var det enklast og mest effektivt å spørje nye studentar i Grieghallen, sjølv om studentane var sårbare. Difor måtte underteikna berre stole på at dei som ikkje ville vere med, faktisk torde å seie frå om dette.

3.6 Oppsummering

Sidan målet har vore å få respondentane til å drøfte rundt si oppleving av fadderveka, har kvalitative semistrukturerte intervju vore føremålstenleg som metode i dette prosjektet. I dialektikken mellom empiri og teori, har grounded theory vore ei inspirasjonskjelde.

Prosjektet kan likevel seiast å ikkje ha vore heilt i tråd med ei grounded theory-tilnærming, då denne tilnærminga framhevar at teori skal utviklast i etterkant av innhentinga av empiri (Glaser og Strauss, 2004, s. 1). Sidan underteikna på førehand visste at van Gennep (1999) sin overgangsritualteori ville bli nytta, har berre grounded theory-tilnærminga blitt følgd til ei viss grad, kan det hevdast. Brorparten av teoriane som blei nytta blei likevel funne undervegs og i etterkant av intervjuja. Intervjuguiden var inspirert av Vaadal (2014), og søkte å dekke mine interessefelt for alkoholkultur i fadderveka. Analysedelen i oppgåva er også bygd opp med same struktur og rekkefølge som intervjuguiden. Spørsmåla i intervjuguiden blei ikkje endra undervegs i intervjugprosessen, men det var likevel mogleg å få kunnskap om kva spørsmål det var viktig å fokusere ekstra på i intervjuja. Denne kunnskapen var mogleg å få ved å analysere intervjuja i etterkant, og trekke ut dei aspekta som syntest å vere viktige.

Sidan respondentane var uerfarne studentar, og sidan temaet for intervjuja kunne reknast som litt personleg, var det ekstra viktig som forskar å vere medviten på dei etiske aspekta rundt intervjuja. Prosjektet har difor blitt gjennomført i tråd med dei retningslinjer som er utvikla av Norsk senter for forskningsdata.

4 Fellesskapsdanning i fadderveka

Dette analysekapittelet fokuserer på korleis alkoholen legg til rette for fellesskapsdanning i fadderveka ved Universitetet i Bergen. Første del av kapittelet vil freiste å vise korleis det å byrje på universitetet kan sjåast som ein overgang frå å vere ung til å bli voksen. Vidare vil det drøftast korleis fadderveka kan fungere som eit innviingsritual til livet som sjølvstendig student ved Universitetet i Bergen.

I andre del av kapittelet vil underteikna vise korleis festane på kveldstid i fadderveka var kjenneteikna av eit nært samhald, der studentane kunne sleppe seg litt laus og bli kjend med nye menneske.

4.1 Overgangen til livet som student

Dei fleste av studentane kom rett frå vidaregåande skule, og hadde nettopp flytta heimanfrå, og det var ingen som hadde delteke i fadderveka tidlegare. Det å byrje på universitetet handla difor ikkje berre om å byrje på ein ny skule, men også, for dei fleste, å flytte til ein helt ny og ukjend by. Opplevinga av overgangen til eit nytt liv som voksen og ansvarleg var tydeleg blant fleire av studentane. Under har det blitt valt ut to forteljingar frå studentane. Desse skildrar overgangen frå å ha budd heime til å skulle flytte heimanfrå å bli student ved Universitetet i Bergen.

«Å flytte heimanfrå»

Det å flytte heimanfrå medfører mykje ansvar og nye utfordringar som ein må løyse sjølv. Intervjuet med Karianne understreka dette poenget. Ho fortel dette om si oppleveling av å flytte heimanfrå:

Det er litt kult å liksom flytte heimanfrå, eh, byrje med alle dei praktiske tinga sjølv. Eg merker det... Eg bur saman med tre stykk frå Førde, vi bur i Sandviken. Så eg gledde meg veldig til å flytte inn med dei, og, eg veit ikkje, kome til ny by, oppleve nye ting. Førde er ganske lite eigentleg, Bergen er mykje større. Det er himla mange frå Førde som dreg til Bergen, fordi det er på ein måte langt nok vekk til at du ikkje reiser heim kvar helg, men at når du vil, så kan du reise heim, på ein måte. Ehm, så det er på ein måte ein sånn standardting at alle skal til Bergen, hehe.

Karianne fortel om opplevinga av å flytte heimanfrå. Ho har gledd seg til å vere meir autonom, og til å måtte klare seg på eigenhand. Ved å fortelje at ho må «byrje med alle dei

praktiske tinga sjølv» understrekar ho at det ikkje lenger er dei føresette som kan fikse alle dei praktiske tinga for henne; No må ho byrje å ta hand om dei sjølv. Dette markerer ein overgang frå ung og avhengig av familien, til vaksen og ansvarleg for å ta vare på seg sjølv. Karianne uttrykker at dette er ei utfordring ho føler seg klar for, og som ho ser fram til. Ho har flytta inn saman med vener frå heimstaden sin. Ho såg fram til å bu saman med personar som ho kjenner frå før av. Dette kan gjerne lette overgangen frå å ha budd heime til å flytte til ein heilt ny by. Ved å bu med vener, har ho med seg noko frå heimstaden som følast trygt og kjend. Dette kan gjere at saknet til heimstaden blir mindre (van Gennep, 1999, s. 85). Karianne føler seg vidare klar for nye opplevingar og impulsar, og påpeikar at Bergen er mykje større enn heimstaden hennar. Ho har forventingar om at Bergen vil gje henne opplevingar som ho ikkje ville fått på heimstaden sin. Dette viser at ho føler seg vaksen, og er klar for å hive seg ut i nye og ukjende utfordringar. Karianne viser til at Bergen er langt nok vekk til at du ikkje reiser heim kvar helg, men at du kan reise heim når du vil. Ho har flytta langt nok vekk til at ho får ein følelse av at ho har flytta ut, og at ho må stå på eigne bein. Samstundes har ho ganske kort veg heimatt. Dette viser at overgangen til vaksenlivet er ein flytande overgang for henne, fordi ho har moglegheita til å reise heim til det trygge og kjende, viss ho får behov for det. Ho viser til at det er «ein sånn standardting at alle skal til Bergen.» Dette kan legitimere at ho har flytta til ein ny by som ikkje er så langt vekk. Det er fleire enn henne som set pris på å ha ganske kort veg heim til det trygge og kjende. Dette legitimerer at ho også føler det slik.

«Noko som eg er interessert i»

Solveig uttrykte også at ho var spent på å flytte heimanfrå. Ho har likevel forventingar om at kvardagen vil bli ein annan når ho har flytta til ein ny by:

Eh, jaa, altså, eh, eg har jo grudd meg litt til å flytte, det er eigentleg det einaste, å få nye vener og sånn. Men eg har gledd meg veldig til å byrje på noko som eg er meir interessert i, og få litt meir, vere litt meir uavhengig av lærarane mine, på ein måte, at eg kan bruke meir bøkene og, ja. (...) Eg har høyrd at Bergen er ein veldig bra studentby, at det er veldig gøy her. Og... Men eg har eigentleg ikkje høyrt så mykje om UIB¹, eigentleg, hehe. Ikkje noko negativt heller, då, hehe. Eigentleg ingenting, hehe.

Solveig seier at ho har grudd seg til å flytte til ein ny by, og å skulle skaffe seg nye vener. Ho viser slik at ved å flytte heimanfrå må ho bryte opp med gamle vener, og skaffe seg nye sosiale nettverk (Marotta, 2012, s. 679-681). Dette er ho spent på, då ho ikkje lenger har dei

¹ Universitetet i Bergen

nære venskapa frå heimstaden sin, i Bergen. Vidare kontrasterer ho det å studere på universitet med det å studere på vidaregåande skule. På vidaregåande skule er det meir formelle krav til kva ein skal jobbe med, kva fag ein skal ta, og kor mykje ein skal lese. Solveig gler seg til å byrje å studere noko som ho interesserer seg for, og trur at dette kan gje henne motivasjon til å jobbe hardt. Ho ser for seg at det vil bli mindre tavleundervising med lærar, og meir sjølvstudium, der det blir stilt strengare krav til at ho aktivt må lese i bøkene sjølv, sjølv om læraren ikkje set krav til kva ho må lese før kvar time. Dette markerer at Solveig identifiserer det å studere på universitet med å ta meir ansvar for eiga læring. Ho meiner at ho er klar for dette, og identifiserer seg slik med ein identitet som vaksen og ansvarsmedviten. Solveig har hørt at Bergen er ein bra studentby, men ho veit ikkje så mykje om Universitetet i Bergen. I valet av studie-by har ho difor prioritert å velje ein by som ho trur ho kan trivast i, og har ikkje fokusert på å finne ein skule som ho har god kjennskap til. Ho har samstundes forventingar om at det å studere på universitet medfører ansvar for eiga læring. Utover dette stiller ho med opne forventingar til Universitetet i Bergen.

4.1.1 Fadderveka som innviingsritual til studentlivet

Forteljingane til studentane over viser korleis overgangen frå å ha budd heime til å flytte til ny by var stor. Studentane identifiserer tydeleg at det å starte på universitetet og ta ansvar for seg sjølv kan paralleliserast med det å vere vaksen. Samstundes har dei framleis nære tilknytingar til heimen sin. Identitetsskapninga som vaksen og sjølvstendig er difor framleis under utvikling. Før fadderveka fann studentane seg i ei liminal mellomfase ved at dei hadde brote opp med heimen sin, samstundes som dei enno ikkje hadde blitt integrert inn i tilværet som student (van Gennep, 1999, s. 26-27). Fadderveka kan slik fungere som eit postliminalt innviingsritual der deltakarane identifiserer seg med ei ny rolle som student (Larsen et al., 2016). Harald fortel om kvifor han ville delta i fadderveka:

Nei, hovudgrunnen er jo eigentleg for å bli kjend med folk. Når ein kjem og ikkje kjenner nokon, så er det jo veldig greitt å få nokre sosiale aktivitetar der du blir kjend med folk, og i tillegg blir litt kjend med byen. For eg hadde jo aldri vore her før, så begge dei delane var jo veldig greitt. Så var det liksom, det var liksom nesten ikkje eit val, det var berre å hoppe inn i det å bli med, for å bli kjend.

Når du ikkje kjenner nokon, er det «veldig greitt å få nokre sosiale aktivitetar der du blir kjend med folk.» Harald understrekar også at gjennom fadderveka får du eit høve til å bli kjend med byen du skal studere i. For han var difor fadderveka viktig for å bli kjend med andre studentar og med byen. Fadderveka har slik trekk av å vere eit postliminalt innviingsritual ved at det

introduserer studentane for ein ny heimby, nye sosiale kontaktar og ein ny studiekvardag. Vidare seier Harald at det å delta i fadderveka nærast ikkje er eit val ein tek. Han understrekar at fadderveka er veldig viktig for å bli kjend med nye studentar og med Bergen. Viss ein ynskjer å bli kjend må ein difor berre «hoppe inn i det å bli med.» Harald føler altså det ville vere vanskeleg å bli kjend med andre viss ein ikkje deltek i fadderveka. Pauline seier dette om å delta i fadderveka: «Det er den mest effektive måten eg nokosin har liksom blitt kjend med folk på før.» Pauline føler at fadderveka var effektiv for å bli kjend med nye menneske. Ho har aldri før blitt så godt kjend med nokre andre på så kort tid. Solveig meiner likevel at fadderveka ikkje er avgjерande for å bli kjend med nye menneske. Ho seier:

Eg tenkte jo det kom til å bli kjekt å møte nye folk [i fadderveka], men det finnast jo andre måtar å møte nye folk på også. (...) Det lettaste er jo fadderveka, for då blir du på ein måte «tvunge med på ting», i hermegås, hehe. Altså, då har du jo fadrane som på ein måte skal samle folk, så det blir mykje enklare. Så det er vel den enkleste måten å bli kjend med folk. Men det er jo også å bli med i dei forskjellige organisasjonane, og så møter du jo folk i førelesing og så vidare.

Solveig meiner at den enkleste måten å bli kjend med andre er å delta i fadderveka (Rimstad et al., 2011, s. 16-17). Det blir forventa at ein deltek i fadderveka, så ein «må» difor delta. Studentane har samstundes ei forventing om at fadderveka gjev ein god start på studietilværet, og at ein difor bør delta. Fadderveka er organisert for å ta i mot nye studentar, ved at fadrane samlar studentane, og organiserer sosiale aktivitetar. Solveig meiner likevel at det ikkje berre er gjennom fadderveka at ein kan bli kjend med nye studentar. Ho nemner at det å vere aktiv i studentorganisasjonar er ein effektiv måte å bli kjend med nye studentar, og at du også møter andre i førelesing. Dette kan sjåast som ein kontrast til det inntrykket Harald gjev om at ein berre må «hoppe inn i det å bli med», for å bli kjend med andre studentar; Sjølv om fadderveka opplevast som viktig av studentane for å bli kjend med byen og med andre studentar, er det ikkje avgjерande at ein deltek.

«Grensesetjing»

Berit fortel dette om si oppleving av fadderveka:

Eg var veldig spent, sidan eg veit jo at det er mykje sånn drikking og ut og så vors og festar kvar dag og blablabla, men eg synes jo det var gøy. Det er berre å setje grenser for seg sjølv og det du vil og det du ikkje vil. Og det gjorde eg. (...) Eg veit dei [foreldra mine] var nervøse, sidan det var mykje drikking og sånn. Men dei veit at eg ikkje drikk så veldig mykje også, men det er jo mykje sprell og tull og sånn, det er jo det. Når dei går rundt på kvelden under fadderveka medan alle skrik og hoiar og ropar og heile pakken.

Berit opplevde at festar var ein viktig del av fadderveka. Ho syntest likevel det var gøy, men sette tydelege grenser for seg sjølv. Ho hadde ikkje lyst å drikke mykje alkohol, og var difor tydeleg på kor grensene hennar gjekk for alkoholinntak. Slik dreg Berit ei symbolsk grense mot ein identitet som vaksen og med kontroll på sitt eige alkoholinntak (Lamont, 1992; Vaadal, 2014, s. 47-48). Ho tek slik avstand frå ein identitet som ung og utan kontroll på seg sjølv. Ho understrekar at «*dei* går rundt på kvelden under fadderveka og hoiar og skrik.» Ho seier også at fadderveka inneheld «mykje sprell og tull og sånn.» Slik dreg ho ei symbolsk grense mellom seg sjølv som ein kontrollert person, og *dei andre*, som viste teikn til ukontrollert og barnsleg oppførsel (ibid.). Ho viser også til at foreldra var nervøse, fordi det var mykje drikking i fadderveka, men at dei veit at ho ikkje drikk mykje. Dette understrekar at Berit identifiserer seg med ein vaksen drikkekultur, og at foreldra kan stole på at ho er vaksen og har kontroll på seg sjølv.

4.2 Festane i fadderveka

«Det er jo eit sosialt hjelpemiddel, tenker eg, hovudsakleg.» (Lars)

For deltakarane i fadderveka er det å bli kjend med nye menneske ein viktig del av det å delta i denne veka. Mange opplever det som litt skummelt å skulle kome i kontakt med nye ukjende menneske. Studentar set difor pris på alkohol som eit godt hjelpemiddel i studentsosialiseringa og for å bli kjend med nye folk (Lie og Kahlbom, 2011, s. 67). Lars deler denne oppfatninga, og ser alkoholen som «eit sosialt hjelpemiddel, hovudsakleg» i fadderveka. Vidare vil underteikna vise korleis festane i fadderveka gjennomgåande var viktige for studentane.

«*Det var kjempekleint*»

Fleire av studentane skildrar første føremiddagen i fadderveka som litt klein, fordi ingen kjende kvarandre. Pauline skildrar det slik:

[D]et var kjempekleint, hehe, for det var på måndag, og vi skulle ha sånn rebusløp. (...) Og så skulle vi på forskjellige postar å gjere forskjellige ting, men, hehe, alle var, ingen kjende kvarandre, og det var berre sånn, hehe, eh, ja, ingen kjende kvarandre. Og det er litt kleint å skulle sånn nesten drikkeleik-aktig rare ting, då, sånn der seie ord med mykje mat i munnen, og plassere ein sånn appelsin via halsen og sånne ting. Det er, altså, eg treng litt innabords før eg gjer sånn der, hehe, så det var ganske kleint,

eigentleg. Men det blei betre, då, på kvelden og utover, eigentleg.

I starten var det ingen som kjende kvarandre, og dette gjorde at dei fleste var litt forsiktige og sjenerte. Pauline dreg ei kopling mellom aktivitetane på det alkoholfrie rebusløpet og drikkeleikar. Ho seier at ho «treng litt innabords» før ho «gjer sånn der.» Pauline viser med dette at ho kunne ynskt seg ein annan kontekst, der alkoholen spelar ei sentral rolle, for at ho ikkje skulle oppleve slike aktivitetar som «kleine» (Pedersen, 2015, s. 55-56). Ho seier at det «blei betre på kvelden og utover.» Pauline var ikkje like innstilt og mottakeleg for sosiale aktivitetar på dagtid, og viser til at ho opplevde det som mindre kleint å omgåast ukjende menneske utover kvelden.

Rasmus opplevde også at det var lettare å bli kjend med dei andre på kveldstid:

[E]g føler at eg har blitt betre kjend med dei gjennom fylla, eller, viss eg ikkje hadde drukke så hadde eg ikkje blitt kjend med dei like godt. Eg merker stor forskjell på vidaregåande, at eg brukte lengre tid på å bli kjend enn det eg har gjort her. (...) For eg er meir sosial, føler eg, når eg drikk enn når eg, når eg er edru.

Rasmus føler at alkoholen hjelpte han til å bli betre kjend med dei andre på faddergruppa. Han samanliknar fadderveka med starten på den vidaregåande skulen. Han viser til at starten på den vidaregåande skulen ikkje inneholdt ein sosialiseringarena der alkoholen spelte ei rolle, slik som fadderveka. Dette gjorde at han ikkje klarte å bli like godt kjend med dei andre på vidaregåande. Rasmus føler at han er meir sosial når han drikk enn når han er edru. Han føler difor at det var lettare å bli kjend med andre i fadderveka, fordi han hadde moglegheit til å bli kjend med dei andre «gjennom fylla» (Pedersen, 2015, s. 94-95).

Pauline understrekar også at alkoholen var viktig for å klare å slappe av saman med dei andre. Ho viser til at på føremiddagen på tysdagen, då alkoholen ikkje lenger var medverkande, blei stemninga annleis igjen:

Vi møttest vel på tysdag morgen, for då skulle alle hjelpast med sånn semesterregistrering. [M]en då var det, det blei, hehe, det gjekk frå å vere veldig pratsam på kvelden før til liksom litt sånn «hei, hei, ja, koseleg. Korleis er forma?» Men etter kvart som idrettsdagen, det var på torsdag, mhmm, torsdag føremiddag, då var det eigentleg ganske lik, då «ja ja, vi kjenner kvarandre.»

Pauline opplevde at ein gjekk frå å vere veldig pratsam kvelden før, til meir tilbakehalden dagen etter. Ho trekk kontrastar mellom festfellesskapet på kveldstid, og fellesskapet på dagtid. Dette viser at alkoholen hjelpte studentane til å vere sosiale måndag kveld, men at dei eigentleg framleis ikkje var heilt trygge på kvarandre. Samstundes seier ho at ting endra seg utover veka. Torsdagen var studentane meir trygge på kvarandre, og det var ikkje like kleint å

vere saman, sjølv om ein var edru. Dette understrekar Lars sitt poeng med at alkoholen kan sjåast som eit sosialt hjelphemiddel for å bli kjend med kvarandre, og vere trygge i kvarandre sitt åsyn.

«Ikkje berre alkoholen»

Lars påpeikar samstundes at det ikkje berre er alkoholen som gjer at ein blir tryggare på kvarandre i fadderveka. Han seier:

Det er det at ein blir litt meir vand til kvarandre og trygge på kvarandre når ein har vore rundt kvarandre ein time, eller noko sånn. Så eg tenker at det er ikkje berre alkoholen, eller, det at ein blir, ja, vand til å vere der, få prata og varma opp litt, då.

Lars meiner at ved å omgåast kvarandre ei stund vil ein naudsynt bli tryggare på kvarandre. Det er ikkje berre alkoholen sine biologiske verknadar som gjer at ein etter kvart klarer å sleppe seg meir laus og prate med andre menneske. Ein treng berre å «varme opp litt.» Det at ein klarer å vere meir sosial og trygg på andre i ein festkontekst kan difor ikkje berre sjåast i lys av at alkoholen har visse biologiske verknadar på kroppen. Det at studentane er mentalt innstilte på å vere sosiale på kveldstid kan også gjere at dei har lettare for å sleppe seg meir laus, sjølv om dei ikkje har drukke mykje alkohol. Festsituasjonen er ein arena der det er legitimt og forventa at ein er sosial (Lie og Kahlbom, 2011, s. 74; Fjær og Pedersen, 2015). Pauline understrekar også dette, ved å dra parallellear til folkehøgskule og leir:

[P]å folkehøgskule og leir og sånn så er du tvungen til å vere med folk heile tida, og du er liksom oppi kvarandre heile tida, og du blir kjend på ein heilt annan måte. Og gjerne då så blir du kjend, altså, du heng kanskje med dei på kveldstid, eg trur det har veldig mykje å seie, for når ein dreg ut så er ein ute, ja, kanskje seint. No var jo ikkje vi ute så seint, då, men eg merkar også det at viss du er med nokon, jo seinare det blir på kvelden, liksom, så blir du mykje meir sånn open, og det blir ein heilt annan følelse, då.

Ho viser til at på folkehøgskular og leiarar heng ein saman på kveldstid, som regel utan alkohol. Pauline meiner at ein blir meir og meir open dess seinare på kvelden det er, ein får ein heilt annan følelse. Dette kan understreke at festane, som ofte er på kveldstid, legg meir til rette for at ein skal vere open og sosial. Alkoholen treng difor ikkje å vere den einaste faktoren som forklarar kvifor festkonteksten legg til rette for å vere sosial.

4.2.1 Å skape eit fellesskap

Deltakarane i fadderveka hadde på førehand forventingar om at kveldane i fadderveka ville dreie seg om alkohol og fellesskap. I visse kontekstar har deltakarane førehandsforventingar om at ein skal drikke, og at det vil vere unormalt å ikkje drikke. Alkoholen forsterkar gruppefølelsen og gruppeidentiteten til deltakarane, og det å drikke saman er ein katalysator for fellesskap (Grønkjær et al., 2011, s. 4-7). Alkoholen fungerer som ein døropnar i forhold til å etablere sosial kontakt (Stålesen, 2015, s. 27). Mange av studentane opplevde festane på kveldstid som eitt stort fellesskap der alle passa inn. Rasmus skildrar det slik:

Eg følte ikkje det [at samansetninga av menneske i gruppa påverka festane]. Følte sånn, kom like godt overeins med alle, følte ikkje nokon stor forskjell på, merka ikkje nokon forskjell, synes ikkje dei verka så mykje eldre enn meg då vi snakka. (...) Trur dei fleste, ganske stor del av gruppa, var med kvar kveld.

Rasmus opplevde at alle var med å bidrog til at festane ga ein fellesskapsfølelse, der personlege karakteristikkar blei viska ut til fordel for eit samansveisa fellesskap. Han brukar alder som eit konkret døme på ein faktor som ikkje hadde innverknad på festane. Rasmus fortel vidare at dei fleste deltakarane møtte opp kvar kveld. Dette viser at deltakarane var villige til og innstilte på å møte kvar kveld, for å styrke og utvikle samhaldet mellom deltakarane. Törrönen og Maunu (2005) påpeikar at ein dreg distinksjonar mellom ulike alkoholkulturar og festpraksisar. Ein tek slik avstand frå visse festpraksisar, og identifiserer seg med andre. På denne måten skapar ein ei tilhørysle til dei andre som er ein del av eins føretrekte festpraksis. Deltakarane i fadderveka er opptekne av å skape eit fellesskap, og ikkje fokusere på ulikskapar. Vilde meiner samstundes at det kan bli litt «falskt» når ein drikk ilag:

Eg trur det er det, eg trur det kunne vore veldig samlande [utan alkohol], at folk hadde blitt kjend med kvarandre på ein heilt annan måte. For når du drikk og er på fest, så er det jo ofte, kan det bli litt falskt. Ehm, så eg trur det hadde vore minst like gøy utan alkohol.

Å gå på fest å drikke ilag blir ofte kjenneteikna av å styrke og utvikle venskap. Vilde meiner derimot at når ein drikk saman i fadderveka, blir det skapt ein litt «falsk» setting. Fokuset i fadderveka kan bli veldig sterkt på å skulle bli kjend og få nye vene så fort som mogleg. Ho trur difor det hadde vore meir «ekte» om ein møttest utan å drikke alkohol, og at dette hadde vore minst like gøy (Törrönen og Maunu, 2007, s. 372).

I lys av Vilde sin påstand om at relasjonane på festane i fadderveka kan bli litt «falske», framhevar Børge noko som verkar å vere sentralt for deltakarane i fadderveka.

Motivasjonen for å bli kjend med folk i fadderveka er ikkje naudsynt å få nære vener. Det kan vel så gjerne handle om å ha nokon å vere saman med på skulen. Børge seier:

Eg trur det er viktig [å ha blitt kjend med nokon]. Sånn når eg går i kantina så berre ser du nokon som sit der, så kan du setje deg ned å ete med dei, viss du er åleine, eller, ja. Viss du skal på førelesing kan du setje deg saman med dei du kjenner, ja. Veldig greitt.

Å bli kjend med folk i fadderveka kan altså sjåast som å først og fremst vere på jakt etter folk som ein kan vere saman med på skulen. Dei som har delteke i fadderveka rapporterer at dei har fått fleire vene i studiet enn dei som ikkje deltek (Nedregård og Olsen, 2014, s. 39). Fadderveka gjev såleis eit grunnlag for å få ein god start på studiane. Å ha eit sosialt nettverk på studiestaden minkar sjansane for at ein droppar ut av studiet (Chamberlain, 2011, s. 276-277).

Berit understrekar tydinga av å delta i fadderveka, ved å fortelje om ei som ikkje var med i fadderveka:

[E]g var på førelesing denne veka, og då sat eg ved sida av ei eg ikkje visste kven var, men ho sa «hei.» [H]o var ikkje med i fadderveka på grunn av at ho skulle eitt eller anna. Og ho sa det at å bli kjend med folk no, det er vanskeleg, så kjem ho berre inn i ein sal, set seg ned, så går du på ein måte ut når det ikkje er ein sosial bit no. Så eg var sånn «ja, eg var med i fadderveka, og eg er veldig glad for det sidan det er dei eg er med no.»

Det at denne jenta var den første til å seie «hei» kan markere at ho søkte kontakt, og var interessert i å bli kjend med nye, sidan ho ikkje hadde moglegheita til dette i fadderveka. Berit seier at «så kjem ho berre inn i ein sal, set seg ned, så går du på ein måte ut når det ikkje er ein sosial bit no.» Ho meiner med dette at det ikkje er naturleg å vere sosial og bli kjend med nye menneske på førelesing. Det å bli kjend med nye er førebhalden fadderveka. Dette poenget blir også understreka av Birgitte: «[D]u må liksom kome ut av seminarmiljøet eller universitetsmiljøet for å liksom bli ordentleg kjend med folk, trur eg.» Det er altså ikkje på skulen at ein er sosial og blir kjend med nye. Dette kan understreke Vilde sitt poeng om at relasjonane kan bli litt «falske.» I fadderveka er alle veldig innstilte på å bli kjend med nye. Målet med å bli kjend med nye var gjerne først og fremst for å ha nokon å sitje med når undervisinga startar. Etter fadderveka er det difor nærast teke for gjeve at alle har funne seg nokon å vere med. Ein treng difor ikkje bli kjend med nye menneske på skulen. Det er heller ikkje naudsynt lagt til rette for at ein skal bli kjend med nye på skulen, slik Berit påpeikar. Denne jenta opplevde difor at det var vanskeleg å bli kjend med nye menneske gjennom førelesingar og seminar. Berit dreg kontrastar mellom seg sjølv og denne jenta, ved å vise til

at ho sjølv var med i fadderveka, og har nokon å vere med no. Slik markerer ho at ho har lukkast med det ho hadde som mål gjennom fadderveka: å ha nokon å vere med i ettertid.

4.2.2 Festane som arena for utfalding

Ein forventar at folk endrar åtferd i rusen, og terskelen for kva som er akseptert finn ein først og fremst i drikkekulturen (Buvik og Baklien, 2012, s. 66). Deltakarane i fadderveka opplevde at det gjaldt andre speleregler på kveldstid enn på dagtid i veka. Festar kan gje ein pust i kvardagen, og denne praksisen inneber at fellesskapet bryt med kvardagen. Ein får fri frå den sosiale ordenen ein vanlegvis er underlagt og dei sanksjonar ein møter om ein bryt med dei (Gundelach og Järvinen, 2006, s. 52-53, referert i Stålesen, 2015, s. 27). Takhøgda for oppførsel var høgare på kveldane i fadderveka. Birgitte skildrar det på følgjande måte:

[D]u blir liksom meir fri, eller ja, på kveldane, enn du er på dagtid. Kanskje fordi du er litt sånn, det er ein grunn til at du liksom kan gjere rare ting, eg veit ikkje. Du treng ikkje tenke så mykje på kva du gjer, og liksom korleis du oppfører deg. For det er liksom ein gyldig grunn til at du gjer ting, eg veit ikkje. Så då, og alle forstår det. Så viss du gjer noko sånn heilt sånn sjukt rart på dagtid, så er det sånn «kva er det du gjer?», «kvifor sa du det?», liksom. Så du kan liksom slappe av på kveldane, for det er liksom, det er ikkje noko stress, det er ikkje, du får ikkje noko prestasjonsangst, for å seie det sånn. Altså, du må liksom, du kan berre slappe av.

Birgitte distingverer mellom dei alkoholfrie arrangementa på dagtid og festane på kveldstid. Normene for oppførsel er mykje meir laust definerte på kveldstid. Det blir meir opp til dei enkelte gruppene å definere kva normer som er gjeldande i den enkelte kontekst når ein drikker alkohol (Järvinen og Østergaard, 2009, s. 396-397). Du treng difor ikkje å «tenke så mykje på kva du gjer, og korleis du oppfører deg.» Det å drikke alkohol er ein gyldig grunn til å «gjere ting», og «alle forstår det.» Birgitte konstruerer slik festane som ein arena der det er sosialt akseptert å sleppe seg meir laus og gjere rare ting. Alkoholpåverknaden blir som ei maske ein kan göyme seg bak, og som kan brukast som forklaring på eins oppførsel. Folk vil difor ikkje reagere viss andre gjer rare ting, fordi ein veit at alkoholen kan få folk til å gjere «rare ting.» Du kan difor slappe meir av, fordi du ikkje treng å bekymre deg for at dei andre ikkje forstår kva som får deg til å gjere rare ting. Ved å seie at ein ikkje får noko prestasjonsangst på kveldstid, markerer Birgitte eit skilje til dagtid, der det er meir forventa at ein kan få prestasjonsangst. Det er ikkje sosialt akseptert å seie eller gjere rare ting på dagtid, fordi det då gjeld andre normer for oppførsel. Ein må difor vere meir medviten på kva ein seier og gjer på dagtid.

Børge illustrerer også at normene for oppførsel er annleis på kveldstid:

[N]år det kjem til sjølve festinga, altså, det er jo mykje alkohol, og det kan jo alltid skje ting og, sånn er det jo alltid, då. (...) Spesielt han eine guten var skikkeleg på dei fadderbornjentene, då. Så det var mange av jentene som kom å klaga litt på det. Men sånn er det, vi er jo vaksne, då, så det må vere lov til å, ja, hehe.

Også Børge understrekar at det er meir som er tillaten på kveldstid, «ting kan skje» når ein drikk alkohol. Børge seier at «vi er jo vaksne.» Dette understrekar at ein er moden nok til å setje grenser for seg sjølv. Guten har ein legitim grunn til å vere «på» fadderbornjentene, fordi han er alkoholpåverka. Børge legg slik fokuset på at det er dei vaksne fadderbornjentene sitt ansvar å markere kvar grensene deira går, fordi guten har ein legitim grunn til å oppføre seg som han gjer.

Akkurat som Børge, impliserer Lars at visse typar oppførsel er akseptert når ein er rusa. Han seier dette:

Nei... Forbipasserande, når det kjem ei faddergruppe hoiande nedover gata, blir kanskje litt oppgjevne? Men eg tenker, viss dei er vande med å vere i Bergen, er dei sikkert vande med det. Det er litt sånn som dei ser på russen også, dei er galne, men det er tradisjon, og det er sånn det skal vere.

Slik som Børge, eksternaliserer Lars ansvaret for eins handlingar under alkoholpåverknad vekk frå individet, og over på dei gjeldande strukturelle normer for oppførsel under rus i samfunnet. Individet blir slik berre ein deltakar i dei gjeldande strukturar som blir vidareført av samfunnet (Henriksen og Sande, 1995, s. 40-41). Dette blir understreka ved at han seier «det er tradisjon, og det er sånn det skal vere.» Fadderveka er ein tradisjon som blir vidareført kvar haust, slik er den ein førebemt struktur. Studentane legg difor lite føringar for korleis fadderveka som struktur utviklar seg, og kan difor distansere seg frå innhaldet og normene som gjeld i fadderveka. Lars legitimerer difor sin og medstudentane sin «hoiande» oppførsel med at det er ein tradisjon som dei ikkje har vore med å konstruere sjølv. Han dreg parallellear til russetida, og viser til at dette også er ein årelang strukturell tradisjon som blir vidareført kvart år. Ved å distansere seg frå ansvaret for innhaldet i fadderveka, viser Lars at utanforståande truleg har forståing for at studentane berre er deltagarar i ein førebemt struktur. Dei har difor ikkje definisjonsmakt over fadderveka sitt innhald.

«*Du vil helst imponere folk*»

Vilde peikar på eit anna aspekt ved festane på kveldstid, det å «imponere folk»:

[D]å er det kanskje litt annleis i forhold til ei faddergruppe der du på ein måte helst vil imponere folk, då, eller. (...) Ehm, ikkje imponere, men på ein måte vise kven du er, sånn at dei hugsar deg, eller få deg vene, då må du jo vise litt igjen, og ikkje berre på ein måte sitje å ikkje seie noko.

Vilde meiner at det er viktig å vise litt igjen i fadderveka, for lettare å få seg vene. Festane på kveldane i fadderveka var den arenaen der det var mest aktuelt for deltakarane å vere sosiale og få seg vene. Dette kan implisere at det blir ei konkurranse mellom deltakarane på å stikke seg ut og vise igjen blant dei andre. Det nyttar ikkje å «sitje å ikkje seie noko.» På ein slik arena der fleire ynskjer å markere seg og vise igjen, vil gjerne grensene for akseptabel oppførsel strekkast litt.

4.3 Oppsummering

Det å byrje på universitetet handla ikkje berre om å byrje på ein ny skule, men også å konstruere ein ny identitet som voksen og uavhengig. Ein får slik ansvar for sine eigne handlingar, og må gjere sjølvstendige val. Dette var etterlengta for studentane. Dei markerte slik at dei følte seg klare for å distansere seg frå sitt tidlegare liv som ung og avhengig. Samstundes markerte studentane ei tilknyting til heimstaden sin. Slik kan det å byrje på universitetet sjåast som ein gradvis overgang til voksenlivet. Det å byrje på universitetet blir også kjenneteikna av at skulekvardagen er mykje meir fri og mindre strukturert. Ein må difor setje høgare krav til sjølvdisiplin. Motivasjonen til å jobbe hardt blir gjerne styrka av at ein har valt eit studie som ein er interessert i, og som ein vil trivast med.

Ein kan sjå fadderveka som eit innviingsritual der studentane får ein identitet som student ved slutten av veka. Slik kan fadderveka sjåast som siste post i overgangen frå ung til voksen student ved universitetet (van Gennep, 1999, s. 26-27; Larsen et al., 2016).

Fadderveka hadde preg av å vere eit innviingsritual ved å introdusere studentane for ein ny skule i ein ny by, og ein ny studiekvartdag. Ved å setje grenser for seg sjølv markerte studentane ein identitet som voksen og sjølvstendig.

Festane på kveldstid i fadderveka kan distingverast frå aktivitetane på dagtid.

Studentane opplevde festane som meir tilrettelagt for sosialisering og avslapping. Alkoholen fungerte som ein fellesskapsbyggar både gjennom sine biologiske verknadar og sine sosiologiske verknadar, fordi alkohol gjer det lettare å slappe av, og ved at settinga la til rette for at studentane skulle bli kjend (Dietrichs, 2017). Festane kan nærmast sjåast som ein sjølvoppfyllande profeti, då studentane såg festane som ein viktig arena for å bli kjend, og

såleis var meir mottakelege for sosiale impulsar (Svartdal, 2017). Festane blei såleis opplevd som kjenneteikna av eit fellesskap der alle typar menneske passa inn. Samstundes blir det understreka at festane er viktige for å finne personar ein kan gå på skule saman med. Dette treng altså ikkje bety at studentane er ute etter livsvarande venskap. Studentane opplevde at normene for åtferd var annleis på kveldstid enn på dagtid i fadderveka, under alkoholrus. Ein har meir fridom i sine handlingsval, og eins handlingar blir ikkje sanksjonert på same måte når ein er påverka av alkohol. Ein kan slik eksternalisere ansvaret for sine handlingar vekk frå seg sjølv, og over på dei strukturane for alkoholbruk som er gjeldande. Grensene for akseptabel oppførsel på festane i fadderveka kan slik seiast å vere ganske vide. Dette er gjerne fordi det sterke fokuset på sosialisering gjer at studentane strekk normene litt lenger, for å vise igjen blant dei andre studentane.

5 Alkohol i fadderveka

Det førre analysekapittelet fokuserte på korleis det å byrje å studere på universitetet markerte ein overgang frå ung og avhengig til vaksen og uavhengig. Festane i fadderveka fungerte som eit innviingsritual til rolla som student, og var kjenneteikna av å skape eit fellesskap blant studentane. I dette analysekapittelet er målet å studere korleis studentane diskursivt posisjonerer alkoholen og den si rolle i fadderveka. I første del av kapittelet vil det visast korleis alkoholen kan fungere både inkluderande og ekskluderande i fadderveka. I andre del vil det visast kva tankar og erfaringar studentane gjer seg rundt det å ikkje drikke på festane i fadderveka.

5.1 Alkoholen si tyding i fadderveka

Alkohol er eit populært rusmiddel i mange situasjonar, sjølv om det er allment kjend at det kan vere skadeleg for oss i store mengder. Likevel opplevast alkoholen å vere føremålstenleg i mange sosiale situasjonar (Dudley, 2014, s. 26). Menneske gjev ulike meiningar bak sitt alkoholkonsum i ulike alkoholkontekstar (Fjær og Pedersen, 2015, s. 449). Studentane hadde også ulike motivasjonar for å drikke alkohol i fadderveka. Karianne skildrar sin motivasjon for å drikke på denne måten:

Eh... Altså, eg veit ikkje, eg. Eg assosierer fest med alkohol, på ein måte, eigentleg. Det blir litt sånn, og i sånne settingar der du kjem på ein fest og du ikkje kjenner nokon, og alle drikk, så er det litt ubehageleg å... Eg føler ikkje noko drikkepress, sånn sett, på ein måte.

Ved å fortelje at ho «assosierer fest med alkohol», viser Karianne med dette at ho er vand med at festar inneheld alkohol, og at alkohol har vore vanleg på dei festane ho tidlegare har vore på. Slik kan ein seie at ho opererer innanfor ein festdiskurs, der det er ei allmenngyldig norm at ein skal drikke alkohol på fest. Ved å påpeike at ho assosierer fest med alkohol, viser Karianne at ho er kjend med dei normene som gjeld for festar, og at ho har vore på fleire festar tidlegare. Ho seier vidare at når ho kjem på ein fest, og ikkje kjenner nokon, og alle drikk, så kan det vere litt ubehageleg å ikkje drikke sjølv. Dette markerer at når Karianne kjem på ein fest med nye menneske, ynskjer ho å gje eit godt førsteintrykk. Då er det viktig å vise at ein kjenner normene for ein fest, og at ein er ein kompetent festgåar. Ved å ikkje drikke på fest viser ein at ein ikkje kjenner normene for festen, eller at ein ikkje ynskjer å følgje normene for festsituasjonen. Frycta for sanksjonar gjer at Karianne er mest komfortabel

med å følgje normene for festen (Room, 1975, s. 359). Ho opplever likevel ikkje at det er eit press om å drikke alkohol.

Birgitte påpeikar at ein kan sleppe seg meir laus når ein har drukke:

Eg har ikkje nokon grunn til det, eg er berre... Altså, eg trur kanskje at jo meir du drikk, så går filteret ned, altså du treng ikkje, du har ikkje noko der, så du treng ikkje, du kan liksom, med mål om å bli kjend med folk, så treng du ikkje, du kan ikkje ha noko filter. Du må berre liksom kome ut med alt du har, og så sjå kva som skjer. Og det er mykje lettare når du har drukke litt. Og eg trur det går an også på stemninga. Så viss det er ei veldig bra stemning så er, så drikk eg meir.

Ho fortel at dess meir ho drikk, dess meir «går filteret ned.» Slik viser Birgitte til at ein har ei sperre når ein ikkje har drukke, som gjer at ein har vanskelegare for å kome i kontakt med ukjende menneske. Det er difor enklare å sleppe seg meir laus og bli kjend med folk når ein har drukke litt. Slik markerer ho at alkoholen si rolle i fadderveka i stor grad er å hjelpe studentane til å by på seg sjølve og «kome ut med alt ein har», for lettare å bli betre kjend med kvarandre. Dette kan tolkast diskursivt, då det å bli kjend med kvarandre og skape eit fellesskap gjerne kan hevdast å vere det uttalte hovudmålet med fadderveka. Slik kan Birgitte sitt syn på alkoholen som ein venskapsbyggar illustrere at hennar haldninga til alkohol i fadderveka blir influert av ein fadderveka-diskurs, der bygging av venskap står sentralt (Jørgensen og Phillips, 2013, s. 9). Vidare fortel ho at «viss det er ei veldig bra stemning», så drikk ho meir. Slik impliserer ho, akkurat som Karianne, at alkoholnivået hos personane rundt henne påverkar hennar eige alkoholinntak. Viss dei andre rundt henne har drukke ein del, og det er god stemning, får ho lyst til å drikke meir for å kome i den same stemninga sjølv. Slik markerer ho at det er viktig å drikke som eit fellesskap, og å vere på omrent same nivå. Dette kan styrke fellesskapsfølelsen, og lette den sosiale interaksjonen. Ved å vise at ein er kompetent til å drikke får ein lettare innpass i fellesskapet (Demant og Østergaard, 2007, s. 529).

Også Solveig er oppteken av at ein slappar meir av i sosiale settingar når ein har drukke. Ho synes også at smaken på enkelte alkoholhaldige drikker er god:

Eg likar eigentleg smaken, hehe. Og så likar eg også, eh, at eg blir meir avslappa. Altså, når du er edru så tenkar du kanskje meir over konsekvensane, når du... Altså, viss eg skal gå å snakke med ein person, så blir, er eg kanskje litt nervøs fordi eg er sjenerert. Og så blir du veldig sånn, då tenkar du sånn «åh, viss eg seier det og det, så tenkar dei kanskje sånn og sånn om meg», og så vidare. Men når du drikk så går kanskje dei tankane vekk, då er det mykje lettare å snakke. Så er det jo eigentleg ingen som, eller, dei fleste dømmer jo deg ikkje viss du prøver å snakke med dei uansett. Så ja, eg likar at dei tankane går litt vekk, at eg kan sleppe meg litt meir fri, og at eg kan snakke meir med folk. Det er sånn eg blir, då, hehe. Men når eg drikk så går dei tankane vekk, og eg føler eg kan snakke meir med folk, eg tenker ikkje så mykje over at dei kjem til å dømme meg eller sånn.

Ved å fortelje at ho likar smaken, markerer Solveig at alkoholen ikkje berre er eit middel for å bli rusa, men at smaken av alkohol i seg sjølv er ein grunn for å drikke. Dette kan tolkast som at Solveig har eit meir kontinentalt drikkemønster (Horverak og Bye, 2007, s. 174). Vidare er ho, som Birgitte, oppteken av at ho slepp seg meir laus når ho har drukke. Ho har ei frykt for at folk skal «dømme henne» for det ho seier, når ho ikkje har drukke. Slik viser ho både til at ho kan slappe meir av når ho har drukke, og at grensene for kva som er legitimt å seie og gjere er breiare når ein har drukke. Solveig viser også at fadderveka-diskursen influerer hennar syn på alkoholen si rolle i fadderveka, ved å understreke at alkoholen er eit middel for å bli betre kjend med medstudentane sine. Ho påpeikar at det å sleppe seg meir laus med alkohol, det er slik *ho* blir. Slik tydeleggjer ho at ein kan ha ulike motivasjonar for å drikke alkohol, men at det å sleppe seg laus er hennar motivasjon for å drikke alkohol i fadderveka. Dette markerer at alkoholen kan ha ulike funksjonar for ulike menneske.

5.1.1 Alkohol og ekskludering

Ikkje alle som deltek i fadderveka vel å drikke alkohol. Dei som av den grunn vel å ikkje møte på festane kan truleg føle seg litt utanfor fellesskapet. Karianne har følgjande syn:

Og så er det jo sjølv sagt dei som ikkje drikker, då. Vi har i alle fall nokre i mi gruppe, har sagt at dei ikkje drikker alkohol, og då blir det litt sånn, så har dei sagt at dei veit ikkje om dei gidd å kome, og det skjønar eg. For det blir, du, sjølv om det ikkje skal vere sånn så blir det sånn, på ein måte, litt ekskludert, når det skal vere ulike drikkeleikar og sånn. Og så, altså, du får spørsmål, «kvifor drikker du ikkje?», sant? Kvifor skal det vere slik? Dei spør jo liksom ikkje meg «kvifor drikker du?», sant? Litt sånn. Så dei føler seg sikkert litt, at fadderveka kanskje ikkje er heilt lagt opp for dei, då, det skjønar eg.

Nokre i Karianne si faddergruppe har sagt at dei ikkje drikker alkohol. Dei vel difor å ikkje kome på festane i fadderveka, og dette har Karianne forståing for. Slik markerer ho at det blir forventa at dei som møter opp på fest drikker. Ho seier at «sjølv om det ikkje skal vere sånn, blir ein på ein måte ekskludert.» Ved å seie at det «ikkje skal vere sånn» synleggjer Karianne at fadderveka eigentleg er meint å inkludere alle. Dei som vel å ikkje drikke blir «på ein måte ekskludert.» Ein har altså lov å delta på festane sjølv om ein ikkje drikker, men sidan det til dømes er drikkeleikar på festane, føler ein seg ikkje inkludert om ein ikkje drikker. Ho seier vidare at ein får gjerne spørsmål om kvifor ein ikkje drikker. Ein får derimot ikkje spørsmål om kvifor ein drikker. Dette markerer at det å drikke alkohol er vanleg, og at dei som ikkje drikker er ei marginalisert gruppe (Morin og Fagerström, 2016, s. 30). Karianne spør retorisk kvifor det

må vere slik. Dette markerer at ho ynskjer å minske dei symbolske grensene som finnast mellom dei som drikk og dei som ikkje drikk (Lamont, 1992). Slik viser ho at fadderveka er eit fellesskap der alle burde vere inkludert. Til slutt seier Karianne at «*dei gjerne ikkje føler at fadderveka er lagt opp for dei.*» Slik viser ho til at det å delta på festane er ein viktig inngangsbillett for å delta i fellesskapet i fadderveka.

Børge meiner likevel at ein ikkje bør la vere å kome på festane, sjølv om ein ikkje drikk:

Men eg synes ikkje det å vere edru, det burde ikkje stoppe nokon, viss du først har lyst å gå på fest så trur eg ikkje det stoppar deg, viss du er edru.

Børge trur ikkje ein let seg stoppe av at ein er edru, viss ein har lyst å dra på fest. Dette kan understreke at dei som ikkje møtte på festane ikkje ynskte å delta på festane, av ulike grunnar (Engstrand og Johansson, 2013). Slik impliserer Børge at det er viktig å møte på festane, uansett om ein drikker eller ikkje. Pauline meiner at det er lettare å møte edru på festar i fadderveka enn andre festar. Ho seier dette:

På ein måte, altså, på ein måte vil eg eigentleg tenke meg at det ville vere lettare å vere edru i fadderveka enn på andre festar, viss det er sånne festar som, eh, er i fadderveka, då, der du kanskje ikkje kjenner så mange. Og det er litt sånn bli kjend-opplegg, og viss det er sånn, på ein måte, i fadderveka så har du den der gruppetilhøyrsla uansett, på ein måte.

Pauline impliserer at hovudfokuset på festane i fadderveka er å bli kjend med kvarandre, og ikkje naudsynt å drikke mykje alkohol. Slik markerer Pauline at festane er ein sentral arena i fadderveka for å bli kjend med andre studentar. Dette understrekar ho ved å seie at «*i fadderveka har du den gruppetilhøyrsla uansett.*» Dette viser at alle er inkluderte i fellesskapet. For å bli inkludert i fellesskapet er det likevel viktig at ein møter på festane i fadderveka. Pauline dreg ein kontrast til «*andre festar*», der det ikkje ville vere like enkelt å vere edru. Dette kan markere at andre festar har meir fokus på å drikke alkohol enn å skape fellesskap. Då er det gjerne også vanskelegare å møte opp edru, viss fokuset ligg på å drikke mest mogleg alkohol. Harald viser til at det var fleire som ikkje drakk, som likevel møtte opp på vorspiela: «*(...)[D]et var jo mange av dei som ikkje drakk som var med på vorset likevel, for å vere sosiale.*» Harald parallelliserer det å møte på festane med det å vere sosial. Dette understrekar at festane er ein viktig arena i fadderveka for å bli kjend med andre (Rimstad et al., 2011, s. 27). Det viser også til at det var sosialt akseptert i fadderveka å delta på festane utan å drikke.

5.1.2 Alkoholen si framside og bakside i fadderveka

Som vist på dei føregåande sidene var studentane litt splitta i synet på kva rolle alkoholen speler i fadderveka. Som vi skal sjå vidare også, er det ulike oppfatningar av korleis ein skal førehalde seg til alkoholbruken i fadderveka. Lars synes alkoholen speler ei litt for stor rolle i fadderveka. Han seier:

Eg synes det er litt negativt at det er så veldig alkohol-fokusert. Dei kunne fått til mykje rart utan alkoholen, også. Det skal seiast at eg ser jo at dei prøver, dei har jo alkoholfrie arrangement og sånn også. Så, i alle fall i gruppa vår så var det eigentleg ikkje noko press, dei kunne jo vere med på dei same arrangementa, og berre ikkje drikke. Men arrangementa er jo sett opp på ein sånn måte at drikkinga er jo ein relativt stor del av det.

Lars meiner dei ikkje har lukkast med å arrangere alkoholfrie arrangement som eit fullgodt alternativ til aktivitetane som inneheld alkohol. Dette understrekar han ved å vise til at dei som eigentleg føretrekk å møte på alkoholfrie arrangement heller kan møte opp på alkoholarrangementa. Han meiner likevel at for å beherske dei sosiale kodene for kveldsarrangementa bør ein drikke, sjølv om det ikkje er noko press. Ved å seie at «*dei* kunne jo vere med på dei same arrangementa» markerer Lars at han distanserer seg frå denne gruppa personar som berre ynskjer å delta på dei alkoholfrie arrangementa. Slik markerer han at han er ein del av alkoholfellesskapet på kveldstid, og er ikkje ein del av gjengen som berre møter på dagtid, som gjerne føler seg utanfor resten av faddergruppa (Demant og Järvinen, 2006, s. 594).

Også Vilde tek avstand frå det store fokuset på alkohol i fadderveka. Ho seier dette om alkoholbruken:

[E]g synes det kanskje var litt ekstremt med det drikkinga og sånn. Så synes eg heller det burde ha vore at folk for eksempel gjekk på for eksempel symjing eller ein fjelltur, i staden for å berre drikke kvar dag. Ja, for å på ein måte fremje å bli kjend med folk, og ikkje fremje drikkepress, på ein måte.

Vilde meiner, som Lars, at det burde vore eit sterkare fokus på aktivitetar som ikkje involverer alkohol. Ho dreg ein parallel mellom alkoholfrie aktivitetar og å bli kjend med folk. Ho meiner såleis at alkoholen ikkje fremtar å bli kjend med folk. Slik kan språket og meiningsane hennar seiast å vere influert av fadderveka-diskursen, der det å bli kjend med andre er det som skal fremjast, og ikkje fest og alkohol.

Rasmus meiner likevel at alkoholen er sentral for å bli kjend med andre menneske i fadderveka:

Kanskje folk hadde følt seg meir einsame, kanskje [om fadderveka var alkoholfri]. At det er mykje vanskelegare å bli kjend med folk. Og kanskje, folk hadde kanskje blitt kjend med andre, i større grad andre utanfor fadderveka, heldt eg på å seie. Andre enn i faddergruppa.

Rasmus markerer at alkoholen fungerer som eit sosialt bindemiddel i veka, fordi det samlar folk og gjer det lettare for folk å bli kjend. Han tek det likevel gjerne for gjeve at alle drikker alkohol eller møter på fest, og at alle føler seg inkludert, når fadderveka inneheld alkoholarrangement. Festane har likevel ein eigenskap til å samle menneske, og skape eit fellesskap, sjølv om ikkje alle drikker alkohol (Rimstad et al., 2011, s. 29).

Pauline markerer tydeleg at ho sette pris på å drikke alkohol i fadderveka:

[Eg drakk] fordi eg synes det er gøy, eg storkosar meg med å drikke, heldt eg på å seie, så eg, ja, eg synes at alt blir veldig mykje kjekkare når eg har drukke.

Ved å fortelje at ho syntest det var kjekt å drikke, distanserer Pauline seg tydeleg frå diskursen om at fadderveka handlar om å bli kjend med folk, og at alkoholen skal fungere som eit hjelpemiddel. Samstundes seier ho at ho har hatt det kjekt, og dette kan hevdast å også stå sentralt i fadderveka-diskursen (Jørgensen og Phillips, 2013, s. 105).

5.2 Det å ikkje drikke på festane

Når ein drikker saman på fest skapar ein ei felles stemning der alkoholen fungerer som eit felles referansepunkt for likskap og fellesskap (Demant og Østergaard, 2007, s. 529). Alkoholen lausnar på stemninga og gjev friare spelerom for avslapping og samhald. Det å oppnå ein kollektiv rus og å drikke i takt er sentralt på fleire festar (ibid.). Dei som ikkje drikker på festen opplever gjerne å ikkje kome i den same stemninga som dei som drikker, og ein føler gjerne ikkje at ein er ein del av fellesskapet på same måte (Pedersen, 2015, s. 75; Rimstad et al., 2011, s. 28). Birgitte fortel om ei oppleving ho hadde då ho valte å avstå frå alkohol ein kveld i fadderveka:

[D]u kan ikkje liksom vere med i leikane og liksom alt det der, det blir litt sånn... Du er jo ein del av vors, og du er ein del av, liksom, det som skjer. Men samstundes er du litt utestengt, for det er, mentalt så er du ikkje på same nivå som dei er. Altså, uansett når det er, så viss du dreg ut med ei gruppe som er heilt sånn full, og du er edru, så er det, det blir jo ei heilt anna stemning. For eg måtte liksom dra tidleg, for eg klarar ikkje å liksom, eg drog liksom rett etter vors, for eg klarte ikkje å liksom vere med dei, for det var liksom heilt anna stemning. Og så var det også når eg ikkje var så veldig kjend med dei, då. Så det var også det.

Var det ein spesiell grunn til at du ikkje drakk den kvelden?

Eh, eigentleg fordi eg ikkje ville, eg var litt sånn «eg vil ikkje drikke i dag, sparer det til slutten av veka.» Kanskje også litt sånn psykologisk eller sosiologisk forsking for meg sjølv at eg vil liksom sjå kva som skjer viss eg hadde liksom, viss eg er heilt edru, og alle dei andre rundt meg ikkje er det.

Birgitte følte seg utestengt mentalt, sjølv om ho var ein del av festfellesskapet. Ho seier at ho var «ein del av det som skjer.» Dette markerer at dei andre festdeltakarane ikkje stengte ho ute frå fellesskapet. Ho dreg difor sjølv distinksjonen mellom å vere til stades på festen, og å verkeleg vere ein *del* av festen. Ho utestengde difor seg sjølv ved å ikkje drikke. Slik kan ein seie at Birgitte konstruerer dei som drikk på festen som deltakarar i eit *førestilt fellesskap*, og at ho sjølv stenger seg ute frå dette fellesskapet (Buchanan, 2010). Ho seier at ho ikkje klarte å kome i same stemning som dei, og at ho difor ikkje ville vere med vidare på byen. Det at ho ikkje kjende dei så godt forsterka følelsen av at ho ikkje følte seg som ein del av fellesskapet. Ho klarte difor ikkje å sleppe seg like mykje laus og kome i den same stemninga, når menneska rundt var ukjende, og dei var i ei kollektiv russtemning. Birgitte fortel vidare at ho lét vere å drikke fordi ho såg på det som psykologisk eller sosiologisk forsking å observere. Slik markerer ho at ho tok ei rolle som observatør på festen, og ikkje deltar. Dette kan markere at Birgitte ikkje har tidlegare erfaring med å ikkje drikke på ein fest, og at ho difor brukte dette høvet til å ikkje drikke.

Vilde fortel at ho kunne valt å ikkje drikke på ein fest i fadderveka. Ho er likevel også oppteken av at ein ikkje kjem på same nivå som dei andre, viss ein ikkje drikk:

Eh, eg trengte ikkje [alkoholen] sjølv, men det var sånn, eg hadde på ein måte lyst å vere på dei andre sitt nivå, på ein måte. For av og til er det litt vanskeleg å kome inn på nokon viss dei er veldig rusa, og så er du på ein måte heilt edru.

Det at dei andre drakk gjorde at ho også ville drikke, for å kome på «same nivå.» Det å ikkje bli rusa før eller etter dei andre på festen er viktig for mange festdeltakarar (Demant og Østergaard, 2007, s. 529). Ved å ville vere på same nivå som dei andre, markerer Vilde at det å drikke som eit kollektiv er viktig. Eins eige alkoholnivå blir også påverka av alkoholnivået til dei andre rundt ein (Reid, 1978, referert i Pedersen, 2015, s. 59). Det var difor viktig for henne å vere på same alkoholnivå som dei andre på festen. Ho seier vidare at det ikkje er lett å kome inn på nokon når dei er rusa, og du er edru. Dette viser at dei som drikker blir eit spleisa fellesskap, og at dei som ikkje drikker har problem med å bli ein del av dette fellesskapet (Demant og Järvinen, 2006).

For Harald er det å ikkje skilje seg ut ein viktig del av det å drikke i fadderveka. Han seier:

Jaa, det hadde nok gått heilt fint [å ikkje drikke i fadderveka], tenker eg. Det var jo fleire, eller, det var jo allereie nokre som gjekk edru på festane, så det hadde jo vore, du hadde liksom ikkje skilt deg altfor mykje ut (...)

Harald markerer at han er oppteken av korleis han blir oppfatta av dei andre på festen. Det å vise at ein er kompetent til å drikke alkohol, og kjenner normene for ein fest, er gjerne ekstra viktig når ein er blant nye og ukjende menneske (Demant og Järvinen, 2006; Goffmann, 1959). Fordi det var fleire som ikkje drakk alkohol på festane, kunne Harald difor identifisert seg med dei andre som ikkje drakk. Då ville han ikkje på same måte følt at dei andre festdeltakarane såg på han som annleis. Fadderveka er også ein festkontekst der det å ikkje drikke alkohol er sosialt akseptert (Fjær og Pedersen, 2015, s. 454-456).

5.2.1 Skilje mellom dei som drikk og dei som ikkje drikk?

Ovanfor har det blitt vist korleis studentane stilte seg til sjølve å ikkje drikke alkohol på ein fest i fadderveka. Den generelle haldninga blant alle studentane var likevel at dei ikkje hadde noko imot at andre ikkje drakk på festane. Vidare vil underteikna sjå meir konkret kva tankar studentane gjer seg om at andre deltek på festane utan å drikke.

«*Ein skapar ubehaget sjølv*»

Karianne fortel om ei hending i fadderveka der det var ei jente som var med på bar til bar-arrangementet, som ikkje drakk alkohol:

[N]år vi gjekk på den bar til bar, så var det ei som ikkje drakk, ho var med. (...) [E]g trur ho synes det var litt ubehageleg, fordi at alle gjekk jo å skulle ha drikke, og så kjem ho liksom til baren, og så spør ho om dei har brus, sant. Og dei berre «hæ, brus?», sant. Så det at du får liksom reaksjonar på det, då. Og så trur eg ikkje det er så drittukt å sitje med ein Sprite, når alle andre sit med andre ting. Eg trur du føler deg litt sånn, eg veit ikkje. (...) [E]g trur på ein måte at det er den personen som ikkje drikk som skapar ubehag for seg sjølv, på ein måte. At ho føler kanskje ikkje at ho kan sleppe seg laus, for alle tenker at «ho har ikkje drukke, ho», liksom, kanskje. Så eg trur eigentleg at det ligg mykje hos personen sjølv. At det gjer eigentleg ikkje så mykje for oss andre. Altså, om vi hadde hatt ein drikkeleik, og ho hadde drukke vatn i staden for øl, så hadde det ikkje gjort meg nokon ting, men eg trur det er ho som kjenner på at det er litt sånn ubehageleg, liksom. (...) [E]g trur ikkje ho er vand med å gå rundt sånn, sant. Og folk gjekk jo, når vi gjekk frå bar til bar, så gjekk jo folk å tulla, sant. Og når du er edru då, så trur eg ikkje du klarer heilt å vere heilt med på dei tinga, sant, hehe. Så då blir det jo litt sånn, ja.

Det at jenta bestilte Sprite i baren markerer at ho braut med dei normene som gjaldt for dette arrangementet, fordi det er forventa at ein skal bestille alkohol. Ho møtte difor sanksjonar i form av at folk reagerte (Room, 1975, s. 359). Karianne påpeikar at «det gjer ikkje så mykje

for oss andre» at jenta ikkje drakk, men at det er personen som ikkje drikk som skapar ubehaget for seg sjølv. Slik distanserer Karianne seg frå ansvaret for at denne jenta ikkje følte seg som ein fullverdig del av fellesskapet. Ved å seie at «alle andre sit med andre ting» markerer Karianne at det gjeld visse førebestemte normer for bar til bar-arrangementet som deltakarane sjølv ikkje har bestemt, men som ein likevel må følgje, for å ikkje føle seg utanfor. Jenta skapte sjølv problema sine, og følte seg truleg utanfor då ho var den einaste som ikkje drakk. Ho hadde ikkje den same stemninga som dei andre deltakarane. Dei andre «gjekk å tulla», dette klarte ikkje denne jenta heilt «å vere med på», sidan ho var edru. Dette markerer at når ein ikkje er rusa, klarer ein ikkje følgje dei normer for oppførsel som gjeld under rus. Ein følgjer i staden dei normer som gjeld for ein edru person (Törrönen og Maunu, 2007, s. 378-379). Då vil ein hamne utanfor resten av fellesskapet. Ved å vise til at denne jenta ikkje følgde dei normene som gjaldt for bar til bar-arrangementet, og at ho ikkje er vand med å delta på slike arrangement, markerer Karianne slik at denne jenta ikkje enno har lært seg å drikke alkohol. Slik dreg Karianne eit skilje mellom denne jenta som uerfaren, og seg sjølv som ein vaksen og erfaren alkoholdrikkar som kjenner normene for alkoholbruk.

Også Birgitte seier at det går an å delta utan å drikke alkohol, men at det blir mykje vanskelegare då:

Eg trur, for dei fleste, så spelar [alkohol] ei ganske stor rolle. Eh, det er, det er ein måte å bli kjend med folk på, det er ein, du slepp å tenke så mykje på, på deg sjølv og viss du skal drite deg ut, og viss du skal liksom, ja, gjere sånne heilt rare ting. Og det er, mange aktivitetar er liksom fokusert på det at, altså du kan, som eg sa, du kan jo dra ut edru, det går no fint, det er ikkje liksom, du må ikkje drikke. Men samstundes så, du kan ikkje liksom dra ut på bar til bar, eller, det var, viss du skal ut på byen, og det er ei stemning til det, det er veldig vanskeleg å ikkje drikke.

Birgitte tillegg alkoholen ein eigenskap som avgjerande for at ein skal klare å slappe av og bli kjend med andre menneske. Ho impliserer slik at viss ein ikkje drikker er ein veldig redd for å gjere rare ting og dumme seg ut, i møte med nye menneske. Birgitte legg difor sterkt vekt på at alkoholen kan fjerne alle sosiale utfordringar, og posisjonerer slik alkoholen som heilt naudsynt for å bli kjend med andre (Lie og Kahlbom, 2011, s. 67). Ho seier vidare at du *kan* dra ut edru, men samstundes så kan du ikkje dra ut edru på bar til bar. Ho dreg slik eit skilje mellom dei teoretiske normene og dei praktiske normene; Det er ingen som kan nekte deg å dra ut utan å drikke alkohol. Samstundes kan du ikkje dra ut edru, fordi du då ikkje vil klare å kome i same stemning som dei som har drukke. Birgitte modererer seg litt på slutten, og seier at det i det minste er veldig vanskeleg å ikkje drikke.

Børge påpeikar likevel at alle menneske er ulike, og at ikkje alle vil ha like store problem med å ikkje drikke på fest:

Eg trur, viss du er, eg trur ikkje det funkar [å vere edru] viss du er veldig sånn innettervend, og endar opp med å berre sitje litt for deg sjølv. Men viss du er, viss du greier å berre snakke med folk, så skulle eg tru det går greitt. For alle andre er jo, dei drikk jo, dei, så dei er jo veldig opne til å snakke med deg. Så det kjem nok an på person.

Børge markerer slik at alkoholen først og fremst er eit sosialt hjelpemiddel i fadderveka, men at ikkje alle naudsynt har behov for dette sosiale hjelpemiddlet (Engstrand og Johansson, 2013, s. 43-44). Nokre er utåtvende, og klarar difor å vere sosiale utan alkohol. Dei fleste studentane sa også at det var ingen som eigentleg la merke til om folk drakk på festane eller ikkje. Lars seier til dømes:

Eg held eigentleg ikkje følger med på kva dei spesifikke drikk. (...) Eg tenker det går for mange av dei andre også, du klarer fint å sitje der viss du har ei drikke som liknar på alkohol, men ikkje er det, så klarar du fint å gå heile kvelden utan at nokon har skjønt at du ikkje har drukke, hehe.

Ved å fortelje at ingen følgde med på kva folk drakk, og at ein slapp unna med å *tilsynelatande* drikke alkohol, illustrerer Lars at det er forventa at ein drikk alkohol på festane. Det markerer likevel at folk ikkje eigentleg følgjer med på om dei andre drikk eller ikkje. Dette understrekar poenget til Karianne om at ein «skapar ubezagset sjølv», viss ein ikkje drikk; Det er ingen andre som bryr seg særleg om at du ikkje drikk, det er du sjølv som eventuelt føler at du ikkje er ein del av fellesskapet.

«Du vender deg ikkje til den edrue»

Karianne viser eit anna døme på korleis det kan oppstå skilje mellom dei som drikk og dei som er edru. Ho seier:

[V]iss du har drukke ein del, og du har den stemninga, du har den humoren, så er det på ein måte ikkje den edrue du vender deg til og vil le med, på ein måte, viss du skjøner. For då har dei ikkje den, eg veit ikkje. Du ler saman med dei som også har drukke, då blir alt mykje løgnare, hehe, litt sånn. (...) [E]g trur dei [edrue] synes det er litt teit, at vi er litt teite, kanskje? Sånn når humoren blir teit, hehe, litt sånn. (...) [D]ei [edrue] sit jo kanskje å dømmer deg litt, eller, tenker litt ting om det du gjer, sant? Litt sånn. Men ja. Så eg forstår det liksom begge vegar, hehe.

Karianne meiner at dei som har drukke har ein annan humor og stemning enn dei som ikkje har drukke. Ho trur at dei edrue synes at fyllehumoren er litt «teit.» Dei som har drukke vender seg difor ikkje til dei som ikkje har drukke. Dette kan markere at Karianne er litt flau over den humoren ho har når ho har drukke, og at det følast ubehageleg at ein person som er edru skal sjå kor barnsleg ein kan vere når ein har drukke (Demant og Törrönen, 2011). Dette er gjerne eit ekstra viktig poeng i fadderveka, der ein ikkje kjenner dei andre så godt. Ho trur

difor at dei edrue gjerne sit å dømmer dei som har drukke, og synes at dei som er fulle er teite. Det at dei som har drukke ikkje vender seg til dei som ikkje har drukke, kan altså handle om at ein skammar seg over humoren sin når ein er full, og at ein difor ikkje vil at ein edru person skal få med seg dette. Det handlar altså ikkje berre om å skåne den edrue for ein humor og stemning som den edrue ikkje er ein del av. Karianne markerer at ho er i stand til å ta begge sider sitt standpunkt, ved å seie at ho «forstår det begge veger.» Det kan altså bli eit opplevd skilje mellom dei som har drukke og dei som er edru på ein fest, fordi dei som har drukke ikkje ynskjer å vise dei edrue sin «teite» og skamfulle oppførsel. Dei edrue synes samstundes denne fylleoppførselen er teit, og tek gjerne avstand frå den.

5.3 Oppsummering

Studentane har ulike motivasjonar bak å drikke alkohol i fadderveka. Det at alkohol er eit velkjend innslag for dei på fest gjer det trygt å drikke på festar også i fadderveka. At ein ikkje kjenner nokon i fadderveka gjer det tryggare å drikke på festane, fordi det å drikke på fest er ei norm, og fordi ein ikkje ynskjer å skilje seg ut. Studentane trengte også alkoholen for å slappe meir av i møte med nye menneske og å «fjerne filteret» som gjorde at det var vanskelegare å sleppe seg laus. Ein kjem også inn i ei felles stemning ved å drikke saman. Det kan slik hevdast at studentane, ved å fortelje om fadderveka, internaliserer ein fadderveka-diskurs. I denne fadderveka-diskursen ser ein alkoholen som ein reiskap først og fremst for å bli kjend med nye menneske, og ikkje som ein reiskap for å bli mest mogleg full. Studentane hadde ikkje tidlegare delteke i fadderveka, og kjende ikkje på førehand heilt til dei gjeldande normene for fadderveka. Slik innretta dei seg etter den gjeldande norma om at det er sosialt akseptert å ikkje drikke i fadderveka, og at alkoholen først og fremst fungerer som eit sosialt verktøy.

Dei som ikkje drikk alkohol i fadderveka føler seg truleg litt ekskluderte fordi mange av arrangementa i veka dreiar seg om alkohol. Det er difor viktig at ein møter opp på alkoholarrangementa, sjølv om ein ikkje har tenkt å drikke, då dette er ein inngangsbillett til eit fellesskap. Det å skape ei gruppetilhørsle står sentralt i fadderveka, noko som gjer at ein får vere ein del av fellesskapet viss ein berre møter opp på festane. Fleire av studentane meiner likevel at det var eit litt for stort fokus på alkohol i fadderveka. Ein burde heller fokusert meir på aktivitetar som ikkje inneheld alkohol, fordi det kunne inkludert fleire. Det er samstundes tydeleg at alkoholen opplevast som ein viktig del av fadderveka, fordi den gjer

den sosiale interaksjonen enklare, og fordi alt blir kjekkare når ein har drukke.

Det å ikkje drikke på festane blir assosiert med å falle utanfor festfellesskapet, og å ikkje vere i den same stemninga som resten av festdeltakarane. Studentane ynskte difor å drikke for å kome på same nivå som dei andre deltagarane, ein hadde ikkje lyst å skilje seg ut. Dette kan markere at det var eit indirekte drikkepress på festane, og at det å ikkje drikke blei kjenneteikna med å vere utanfor. Studentane var opptekne av at det var heilt akseptert å møte på festane utan å drikke. Ved å ikkje drikke på festane er det først og fremst ein sjølv som plasserer seg utanfor fellesskapet ved at ein ikkje klarer å ha same stemninga og oppførselen som dei som har drukke. Nokre klarer likevel å sleppe seg laus utan å ha drukke alkohol. Ein fokuserer ikkje på kor mykje dei andre på festen drikker. Viss ein likevel merkar at nokre ikkje har drukke, skapar ein gjerne eit skilje mellom dei som har drukke og dei som ikkje har drukke. Dette kan forklarast ved at partane har ulik oppførsel, og at begge partar tek avstand frå den andre parten sin oppførsel.

6 Sosiale normer i fadderveka

Det førre analysekapittelet viste at alkoholen speler ei sentral rolle i fadderveka, og at det låg ei forventing om å møte på festane på kveldstid. Vidare vil denne tråden takast opp og leggast meir vekt på, ved å vise korleis alkoholen er sentral i å skape sosiale normer i fadderveka som studentane måtte halde seg til. Aller først vil det visast korleis det å møte på alkoholarrangementa var viktig i fadderveka, og korleis studentane opplevde dette. I andre del av kapittelet vil det visast korleis fadderveka var prega av å ha kontroll på seg sjølv, og korleis fadrane påverka dette.

6.1 Viktigheita av å delta på alkoholarrangementa

Fadderveka består av arrangement som føregjeng både på dagtid og kveldstid. Nokre arrangement er alkoholfrie, andre inkluderer alkohol. Som vi såg i førre kapittel var likevel alkoholarrangementa ein viktig inngangsbillett til det sosiale fellesskapet i fadderveka. Børge såg også på kveldsarrangementa som det sentrale:

[E]g hadde jo lyst å vere med berre fordi det høyrdest gøy ut. Men eg trudde jo at... Det er eigentleg kvifor eg ville vere med. Eg tenkte jo, trudde jo at alle skulle vere med, eigentleg. Men det var jo ikkje det, men. (...) [D]et var ein del, spesielt eldre, som ikkje var med. (...) Det tok ein dag, og så hadde vi funne ut kven som var med, og kven som ikkje var med, på sjølve fadderveka. Og då, ja, eg følte meg ganske godt kjend etter nesten ein dag eller to. (...) [D]et var berre litt sånn bli kjend-leikar. Sånn i ettertid så tenkar eg at eg eigentleg ikkje trenget å gå, men. [J]a, eg, eg trudde jo berre vi skulle stille, eg, hehe, eller.

Børge forventa at alle skulle vere med på kveldsarrangementa, men det viste seg at det var fleire av dei eldre som ikkje var med. Det tok ein dag, og så hadde dei funne ut kven som var med på «sjølve fadderveka.» Børge markerer at han ser festane i fadderveka som «sjølve fadderveka», og at dei alkoholfrie arrangementa ikkje er ein skikkeleg del av veka. Han fortel vidare at han møtte opp ein føremiddag på bli kjend-leikar, fordi han trudde ein skulle stille. Han markerer likevel tydeleg at det ikkje var meinings å møte på bli kjend-leikane. Børge dreg slik ein tydeleg distinksjon mellom festane og dei alkoholfrie arrangementa, og markerer festane som det sentrale i veka. Slik såg han det å fokusere på kveldsarrangementa som ei sosial norm (Elsenbroich og Gilbert, 2014, s. 4). Han hadde på førehand ei forventing om at ein også «skulle» gå på arrangementa på dagtid, men forstod fort at ein ikkje «skulle» dette. Etter å ha funne ut at arrangementa på dagtid ikkje var like viktige, karakteriserte han difor

festane som «sjølve fadderveka.» Slik kan fadderveka sjåast som ein førehandsbestemt struktur, som deltakarane må innrette seg etter; Børge forventa at ein skulle møte opp på dagtid, men forstod at kveldsarrangementa var det sentrale (Giddens, 2013, s. 2). Studentane fortalte også at dei hadde lite undervising i løpet av veka, noko som gjerne er med å strukturere hovudfokuset i fadderveka inn mot kveldsarrangementa. Då Harald blei spurd kvifor han gjekk på dei arrangementa han gjorde, blei ikkje arrangementa på dagtid nemnd som eit alternativ, sjølv om underteikna også spurde kvifor han droppa dei arrangementa han gjorde:

Var det ein spesiell grunn til at du valte å gå på dei arrangementa du gjorde, og at du droppa dei arrangementa du gjorde?

Jaa, det var jo eigentleg det. Eg ville jo eigentleg få med meg mest mogleg, men så var det jo det på tysdagen at eg hadde litt vondt i foten, og då var det ikkje akkurat så, det er ikkje så greitt å gå ut med halvveis geléfot, då var det best å berre bli heime. Og så laurdagen hadde eg jo eigentleg tenkt, men då fekk eg jo ikkje billett, så eg hadde eigentleg tenkt å gå på alle, men så enda det opp med litt pausar innimellan.

Her kan ein dra parallellar til *Thomas-teoremet*: Fordi deltakarane på førehand hadde forventingar om at festane var sentrale i fadderveka, får festane i fadderveka si viktigkeit ved at deltakarane difor møter opp på festane. Dette kan vere med å legge til rette for at feststrukturen i fadderveka blir vidareført frå år til år (Kjølsrød, 2012).

Birgitte trur fadderveka er strukturert som den er fordi det er forventa blant unge at ein skal dra på fest:

Men det kan også vere ein sånn samfunnsgreie at det er berre sånn det er i samfunnet. Og som ungdom eller, ja, studentar, så er det sånn vi ser på det. (...) Og du blir sett som litt sånn «oi, kvifor er ikkje du, var ikkje du ute i kveld?», liksom. Sånn ja, men det kan jo hende at du var ute å bowla eller lasertag eller noko sånn med den andre gruppa. Men på grunn av at du ikkje var ute på kveldane, så er det litt sånn «ja, men kvifor var ikkje du ute? Du er usosial», liksom.

Det å dra på fest er ein viktig del av det å vere sosial blant unge (Lie og Kahlbom, 2011, s. 63). Unge mellom 20 og 29 år er også dei som drikk mest alkohol (Lalander, 1998, s. 33). Sidan fadderveka er meint for unge som er rundt 20-årsalderen, blir det gjerne forventa at dei ynskjer å gå på fest. Slik får gjerne festane i fadderveka sin legitimitet. Birgitte trur difor ein får reaksjonar viss ein deltek på arrangementa i fadderveka som ikkje inneheld alkohol. Ein blir stempla som usosial viss ein ikkje deltek på festane, fordi det først og fremst er på festane i fadderveka at den sosiale interaksjonen føregjeng (Demant og Järvinen, 2006, s. 594). Ved å seie «den andre gruppa» identifiserer Birgitte at det er to separate grupper innetter i faddergruppene; dei som drikk og dei som ikkje drikk. Slik markerer ho at dei som deltek på

festane er ein del av *hovudgruppa*, medan dei som ikkje deltek på festane er ein del av *den andre gruppa*.

«*Eg gjekk på det dei andre skulle på*»

Berit viser at dei andre studentane sine val av aktivitetar influerte kva aktivitetar ho sjølv blei med på:

Det handla jo litt om prioriteringar og, for eksempel, eg snakka jo med andre som var i ei faddergruppe, dei droppa jo liksom dei same tinga, på ein måte. Ingen skulle på den fjellturen, så då gjekk ikkje eg heller sidan eg måtte, det blei jo veldig stress for meg også. Og så gjekk eg på det dei andre skulle på, så gjekk eg på ein måte med dei.

Ho viser til at ho, i etterkant av fadderveka, snakka med personar frå ei anna faddergruppe. Dei hadde droppa dei same arrangementa som Berit. Slik legitimerer ho valet av aktivitetar ho deltok på. Ho viser vidare til at det ville blitt stress om ho skulle delteke både på fjellturen og festen på kveldstid. Ho seier at det «handla litt om prioriteringar.» Slik markerer ho at festane kjendest viktigare å prioritere enn arrangementa på dagtid. Ho påpeikar til slutt at ho gjekk på det dei andre skulle på, så ho gjekk saman med dei. Dette kan sjåast i lys av teorien om *pluralistisk ignoranse (pluralistic ignorance)*; Ved at studentane forventar at dei andre studentane synes festane i fadderveka er det kjekkaste, prioriterer ein sjølv å gå på festane, fordi ein trur det er det alle andre vil. Det kan likevel hende at det eigentleg er veldig få som vil gå på festane (Monin, 2010). Berit viser slik at ho ikkje naudsynt gjekk på festane fordi ho sjølv ville det; Ho gjorde det gjerne fordi alle andre også gjorde det. Berit seier samstundes at ho synest fadderveka var kjekk: «Det var gøy, men det var det same kvar dag, så sånn vors og så fest, men det er sånn eg er.» Dette viser at ho ikkje berre gjekk på festane fordi dei andre gjorde det, ho gjorde det også fordi ho sjølv synest det var kjekt. Ho seier likevel at ho synes det blei litt mykje fest i løpet av veka. Samstundes påpeikar at ho at det er «slik *ho* er.» Dette viser at ho ikkje naudsynt trur at alle andre synes det var for mykje festing. Dette kan illustrere at ho trur at dei andre likte mykje festing, og at ho difor følte ho måtte bli med på alle festane (*ibid.*).

«*Arrangementa krasja*»

Vilde kunne godt tenkt seg å få med seg arrangement som gjekk både på dagtid og på kveldstid. Ho opplevde likevel at dette var vanskeleg praktisk:

[D]et som var alkoholfritt, det krasja med det som var alkohol, på ein måte. Sånn at vi måtte på ein måte velje, då. Men dei hadde veldig mange kjekke ting som var alkoholfrie som for eksempel å gå fjellturar, og lasertag hadde dei, og i svømmehall. Og eg hadde veldig lyst å vere med på den symjinga, då, men det blei avlyst fordi det var ingen som møtte opp, så, hehe, så ja.

Vilde seier at dei alkoholfrie arrangementa på dagtid ofte krasja med alkoholarrangementa, som av og til byrja tidleg på dagen. Ho måtte difor velje mellom det alkoholfrie og alkoholarrangementa. Då blei det naturleg å velje alkoholarrangementa, der fleirtalet av dei andre møtte. Ho seier likevel at ho eigentleg kunne tenkt seg å vere med på symjinga. Den blei avlyst fordi ingen møtte opp. Også Pauline påpeikar at det var fleire kjekke alkoholfrie arrangement på dagtid i fadderveka, men at det var vanskeleg å kombinere desse: «Det tenker eg at, eg likar veldig godt [fjellturar], men ikkje når eg er fyllesjuk, hehe, nei. Eg tek det ein annan dag, heldt eg på å seie.» Fjær (2011, s. 94) påpeikar at ein del av festen er bakrusen dagen etterpå. Pauline orka difor ikkje å gå på fjelltur dagen etter ein fest, og ville heller spare det til etter fadderveka. Dei alkoholfrie arrangementa og alkoholarrangementa kan slik sjåast som to parallelle og separate løp i fadderveka. Det er vanskeleg å skulle delta i begge desse løpa. Det blir difor slik eit tydeleg skilje mellom dei alkoholfrie arrangementa og alkoholarrangementa.

6.1.1 Ei veke prega av intensitet

Studentane syntest at fadderveka var veldig kjekk, men er likevel letta over at den no er ferdig. Pauline skildrar det slik:

Eg kunne godt hatt to veker, og litt mindre intenst, for det veit eg ho eine eg bur med som studerer sjukepleie, ho har to veker. Og så litt meir fordelt, eh, men elles så, når det var så intenst så hadde eg ikkje orka fleire dagar. Eg merka på laurdagen at eg var heilt ferdig, og drog berre rett heim etter... Vi hadde ein gallamiddag, og så då det var ferdig, så drog eg berre rett heim å la meg, eigentleg, hehe. Ja.

Pauline seier at ho synes veka var intens, og samanliknar fadderveka si med dei som studerer sjukepleie, som har to veker fadderveke. Ho kunne ynskje at arrangementa var litt meir fordelt utover, og at ein heller hadde to veker fadderveke. Ho opplevde det som ei sosial norm å møte opp mest mogleg i fadderveka, og pressa difor seg sjølv til å delta aktivt. Då veka endeleg var ferdig på laurdagen, kunne ho senke skuldrane å slappe av med godt samvit. Lars seier det var uvand for han å feste så mykje i løpet av ei veke: «Vanlegvis er eg ein sånn person som drikk kanskje 2-3 gongar i halvåret. Så berre det å vere med 3-4 gongar i løpet av ei veke er jo ganske overdrive for meg.» Lars dreg slik ein kontrast mellom sin vanlege festsyklus og

festsyklusen i fadderveka for å få fram at det å feste 3-4 gongar i løpet av ei veke er veldig mykje for han. Griffin et al. (2009) viser til at unge drikker store mengder alkohol for å oppleve å vere i ein risikosituasjon der dei gjerne misser kontrollen. Dette kan sjåast som eit forsøk på å utforske eigne grenser, som eit steg i å utarbeide ein identitet som voksen. Fadderveka kan difor, gjerne saman med russetida, sjåast som ei ny erfaring for studentane. Det å drikke mange dagar på rad kan symbolisere eit innviingsritual til studietida, der det å gå på fest er ein viktig del av det å vere sosial. Slik får ein ein sjølvstendig og voksen drikkestil, der ein sjølv må setje grensene. Horverak og Bye (2007, s. 146-149) viser samstundes til at det er vanlegast å legge festane til helgene. Dette kan markere at det å drikke 3-4 dagar i løpet av ei veke ikkje høyrer til normalen.

Karianne seier at ho var redd for å falle utanfor fellesskapet om ho ikkje møtte opp på kveldane:

Altså, dei har sett opp eit himla tettpakka program, sant? Og når du les og høyrer om at du må delta fordi det er der du på ein måte knyt band, sant, så føler du at du må vere med på alt. Og sjølv om du er utslitn, så er det jo sånn at du har dårleg samvit viss du ikkje er med, sant. Eh, så det er litt sånn at eg har i alle fall nokre av dagane, har eg vore sånn «åh, nei, eg har ikkje lyst!», sant. Men du føler du må. Så har du jo stilt opp, liksom. Så eg tru... Det er eit himla press, sånn sett. Eg trur det er veldig mange som har vore, har mykje heller hatt lyst å vere heime, enn å vere med på fest, i kveld også. (...) Det er jo det at når du for eksempel kjem i klassemottaket på dagtid, og så ser du at folk som har vore på fest kvelden før, at dei gjengrar seg saman, eller at dei snakkar, sant, og så føler du at du også må kome inn der. Og du kjem jo ofte inn der på kveldstid, på festane.

Ho hadde hørt på førehand at ein knyt band i fadderveka, så ho følte difor at ho måtte vere med på alt. Slik kan fadderveka sjåast som ein struktur som påverka handlingane til Karianne; Fordi fadderveka har eit rykte for å vere ein viktig arena for å bli kjend med andre, følte ho at ho måtte delta. Ho følte eigentleg nokre kveldar at ho ikkje ville vere med, men fekk dårleg samvit om ho ikkje møtte opp. Slik låg det ei sosial forventing og ei sosial norm som påverka henne til å møte opp. Ho følte difor det var eit press på å vere med, sjølv om det var fleire som eigentleg kunne tenkt seg å bli heime. Frykta for at ein skulle falle utanfor gjorde at ein likevel valte å delta. Karianne eksternaliserer slik valet om å delta vekk frå seg sjølv, og viser til at fadderveka som struktur «krev» at ein møter opp. Det blir altså ikkje fullt ut eit sjølvstendig val å møte opp, fordi det er ei sosial norm at ein må møte opp, noko som regulerer handlingane hennar (Elsenbroich og Gilbert, 2014, s. 2). Karianne viser vidare til at det er på kveldstid ein kjem inn i «gjengane» i fadderveka. Slik markerer ho at festfellesskapet har sin viktigkeit i fadderveka (Demant og Järvinen, 2006).

Rasmus opplevde derimot at det var heilt akseptabelt å ta ei pause ein dag og bli heime: «Dagen etter eg kom så var det folk som kjende at dei måtte ta ei pause, så det var

akseptabelt å ta ei pause.» Berit opplevde ikkje at ho var utanfor resten av gruppa, sjølv om ho ikkje var med kvar kveld:

[E]g var jo ein av dei som ikkje var med på alle etterfestane, men eg følte ikkje det var noko skilje mellom oss. For eksempel når eg kom måndag liksom etter fadderveka var over, så var det ikkje noko sånn «kor hen blei du av?» eller, liksom, eg er framleis med dei eg er mest med, det er, dei var jo med på heile opplegget.

Ho opplevde ikkje at det var «noko skilje» mellom henne og dei som var med på alle festane. Ved å få vist i løpet av veka at ho var kompetent til å drikke alkohol, og var villig til å møte på nokre av festane, blei ho ein integrert del av fellesskapet som oppstod på festane, også i etterkant av fadderveka (Demant og Järvinen, 2006).

«Greitt med ei pause»

For dei fleste studentane var det lagt inn ein kveld utan alkohol. Dette var kjærkome for dei fleste. Børge skildrar det slik:

Vi hadde pause på torsdag, men det var tilbod om å gå ut. Men eg tenkte, ja, eg syntest det var greitt med ei pause. (...) Då hadde vi sånn workshop, så vi lagde kostyme for laurdagen, så var vi heime sånn 23:00. Drakk ikkje då, noko.

Børge seier dei hadde «pause» på torsdagen. Sjølv om det var planlagt ein aktivitet torsdagen, inneholdt den ikkje alkohol. Det at Børge karakteriserer ein aktivitet utan alkohol som ei «pause» markerer at han syntest at det å feire fleire dagar på rad var slitsamt. Det at han hadde tilbodet om å gå på fest torsdagen, men likevel valte det vekk, tyder på at han eigentleg opplevde festfrekvensen i fadderveka som litt belastande. Workshopen var altså lagt inn som ein legitim og sentral aktivitet på torsdagen, og fleire nytta seg av denne pausen frå alkohol, sjølv om ein hadde valet om å feire. Dette kan tyde at fadderveka er bygd opp som ein struktur som studentane ikkje kan påverke. Når det då er lagt inn eit alkoholfritt arrangement som det er legitimt og sosialt akseptert å delta på, nyttar mange studentar seg av dette. Slik blir det gjerne implisert at festfrekvensen er belastande for dei fleste, men at ein føler ein må delta på dei fleste festane, fordi det er der ein byggjer det sosiale nettverket.

6.1.2 Nattklubar som ei standard prosedyre

Törrönen og Maunu (2005, s. 27) viser til at det å gå ut på nattklubar og barar har blitt vanlegare dei siste åra. Dette var også eit velkjend fenomen i fadderveka. Det var likevel ikkje så mange av studentane som syntest det var naudsynt å gå på ein nattklubb etter vorspiellet.

Lars seier til dømes:

Viss det skulle vore heilt opp til meg så er jo eg meir fan av at vorset berre varar, og så dreg ein heim derfrå. Eg har alltid vore sånn at det er gøy på vors, og byen er keisam, hehe. (...) Eg meiner at ofte når eg pratar med folk om dette her, så meiner dei også at ting er meir spanande, og det er rolegare og meir interessant, då, på vorset, enn det er på byen. (...) Så, nesten så eg lurer på om mange dreg på byen fordi det er det ein gjer, hehe.

Lars kunne tenkt seg at vorspiellet berre varte utover kvelden, og at ein gjekk heimatt når vorspiellet var ferdig. Han legitimerer meininga si ved å vise til at det er fleire andre enn han som meiner det same. Ting er meir «interessant» på vorspiellet enn på byen. Han lurer difor på om ein dreg på byen «fordi det er det ein gjer.» Dette markerer at fadderveka er strukturert rundt ein allmennkjend feststruktur som deltakarane kjenner til frå før. Lie og Kahlbom (2011, s. 116-117) trur fadderstyra på dei ulike utdanningsinstitusjonane finn seg i ein skvis: Fadderstyra består av studentar som sjølve er ein del av den liberale alkoholkulturen, og som må ta omsyn til at fadrar og fadderborn forventar festar i fadderveka. Samstundes må ein ta omsyn til dei som ikkje ynskjer alkohol i fadderveka. Dei sterke forventingane om alkohol gjer likevel at festpraksisen som struktur blir vidareført i fadderveka år etter år. Dette kan vere med å forklare at det å dra på nattklubar er ein sentral del av fadderveka. Pauline synes det er kjekt å dra på byen, men meiner det kan vere greitt å bruke vorspiela til å bli betre kjend med kvarandre:

Kva synes du om, kva skal eg seie, modellen med først vors og så gå på byen?

Det er det beste, synes eg, hehe. Eg likar veldig godt å gjere det, for då kan du liksom, eg synes nokre gongar vors er det kjekkaste av alt. Spesielt sånn som no, for då kan du bli endå betre kjend med dei du er med, og, ja. Og så etter kvart kan du dra på byen å gjere andre ting med dei, så, ja, den likar eg veldig godt, eigentleg.

Ho startar med å seie at ho synes det er den beste modellen å gå på vorspiel, etterfølgd av nattklubb. Ho trekk seg likevel midt i setninga, og meiner at vorspiela nokre gonger er det kjekkaste. Ho viser altså at ho likar å dra på byen, men at det kanskje er enklare å bli kjend med andre når ein er på vorspiel. I fadderveka er difor vorspiel meir føremålstenleg enn å dra på byen, når fokuset ligg på å bli kjend med nye menneske. Pauline meiner at ein heller kan dra på byen med dei andre studentane seinare, når ein kjenner dei betre.

6.2 Behovet for kontroll

Studentane uttrykte at alkoholen var viktig i fadderveka som eit sosialt hjelpemiddel, og for å gjere fadderveka kjekkare. Festane var likevel kjenneteikna av eit behov for kontroll over seg sjølv, og det var ei sosial norm i fadderveka å ikkje overskride grensene for akseptabel oppførsel under rus (Vaadal, 2014; Stålesen, 2015; Fjær og Pedersen, 2015). Under vil det presenterast to perspektiv på tydinga av kontroll i fadderveka.

«*Dei klenga på gutter»*

Karianne viser til nokre få jenter som drakk altfor mykje alle gongane:

Altså, det var 2-3 stykk som drakk altfor mykje alle gongane, sant. Og då skil jo du deg litt ut, sant. [A] Itså, dei klarte seg sjølv, det var ikkje sånn. Men du merkar på ein måte når folk, dei drikk for mykje og veldig innpåslitne, sant. Litt sånn, då. Dei var det kanskje litt ofte. (...) [E]g veit jo ikkje om dei drakk meir enn... Altså, sånn som eg, eg toler ganske mykje, men eg veit ikkje om dei... Altså, dette var jenter, sant? Tynne jenter, og då toler dei ofte mindre. Eh, så då, eg veit ikkje om det var det at dei drakk for mykje, men dei drakk kanskje for mykje for sitt, ja, på ein måte sånn, då. Og så veit eg jo heller ikkje om dei faktisk, om dei på ein måte berre spelte. For dei liksom, klenga på gutter og sånn. (...) Ho eine, ho var himla, hehe, veldig sånn klengete, og byrja å, når du prøvar deg på nokon så blei det veldig tydeleg, liksom. Så ho prøvde seg på mange, og då blei det litt sånn «ja...» Så då stod jo liksom folk å himla litt med augo, og ho snakka driiithøgt, litt sånn, då.

Ho seier at jentene drakk «altfor mykje» alle gongane, og var «innpåslitne.» Ho viser til at dei «klenga på gutter», og at «det er veldig tydeleg når du prøver deg på nokon», i tillegg til at ho eine «snakka driiithøgt.» Slik markerer Karianne at dette var oppførsel som ikkje var sosialt akseptert i fadderveka. Det å prøve seg på andre og vise seksuell oppførsel blir sett på som å vere utanfor normalen for oppførsel i fadderveka (Vaadal, 2014, s. 65). Jentene møtte difor sanksjonar i form av at folk himla med augo (Room, 1975, s. 359). Karianne seier vidare at ho veit ikkje kor mykje jentene drakk, men at det var tynne jenter, og at dei difor kanskje ikkje toler så mykje alkohol. Ho trur kanskje dei difor drakk for mykje i forhold til kva dei tolte. Her illustrerer Karianne at det ikkje er mengda alkohol ein drikk som er det avgjerande, men heller kva oppførsel ein har under rus (Fjær og Pedersen, 2015, s. 449). Karianne viser til at ho toler mykje alkohol. Slik distingverer ho seg frå desse jentene, og viser at ho har erfaring med å drikke alkohol, og kjenner grensene sine. Ho viser slik prov på ein vaksen drikkestil, der det å ha kontroll over sitt eige alkoholinntak er essensielt. Vidare seier ho at ho veit ikkje om jentene «berre spelte.» Dette markerer at desse jentene kan ha mistolka dei sosiale

normene for oppførsel i fadderveka; Dei kan ha spelt ut ei rolle som sterkt påverka av alkohol, for å sleppe sinksjonar for oppførselen sin (Gamburd, 2008, s. 174). Karianne viser likevel til at dei ikkje har følgd normene for sosialt akseptert oppførsel i fadderveka. Ved å vise til at ho sjølv kjenner normene for oppførsel i veka, og at desse jentene ikkje kjende til normene for oppførsel, viser Karianne ein identitet som ein moden konsument. Jentene er derimot umodne, og har ikkje erfaring med kva sosiale normer som gjeld i fadderveka (Fjær og Pedersen, 2015, s. 454-456).

«Ein føler ikkje ansvar»

Lars meiner at viss ein misser kontroll på ein fest der ein ikkje kjenner folk, risikerer ein at folk ikkje føler ansvar for å passe på ein:

[D]et har med det å kjenne folk, det er, viss du er overstadig dritings på ein fest kor du ikkje kjenner folk, så risikerer du at dei kanskje reagerer negativt på det. Eller kanskje dei ikkje føler at dei har noko ansvar for å ta vare på deg, viss du endar opp i ein grøftekant ein stad. Medan viss du er på festar heime eller noko sånn så er det jo ofte med mange folk du kjenner, og då er det tryggare omgjevnadar, rett og slett. Kanskje nokon følger deg, og dei kjenner deg, har kanskje sett deg før, så då er det mindre sjanse for at dei gjer noko som kan putte deg i eit dårleg lys, då.

Lars seier at viss ein er «overstadig dritings» på ein fest der ein ikkje kjenner nokon risikerer ein at dei reagerer negativt på det. Slik markerer han at tydinga av å ha kontroll på seg sjølv er sentral i fadderveka, fordi ein ikkje kjenner nokon. Han påpeikar også at det er mindre sjanse for å bliputta i eit dårleg lys om ein misser kontroll på fest saman med nokon ein kjenner. Slik markerer Lars at det er viktig å gje eit godt førsteinntrykk i fadderveka, fordi ein skal prøve å få seg nye vene. Det å vise at ein ikkje har kontroll på seg sjølv er difor eit dårleg utgangspunkt for å gje eit godt førsteinntrykk. Mangel på kontroll kan sjåast i samanheng med ein identitet som ein umoden alkohol-konsument (Stålesen, 2015, s. 26; Goffmann, 1959). Vidare seier han at «viss ein endar opp i ein grøftekant, føler gjerne ikkje folk ansvar for deg.» Han viser slik til at folk ikkje har same ansvarsfølelse for ein når dei ikkje kjenner ein. Viss ein derimot er med folk ein kjenner, føler dei seg meir ansvarlege for ein. Lars ser dette som ei mogleg forklaring på at behovet for kontroll er så sterkt i fadderveka: Ein kjenner ikkje konsekvensane viss ein misser kontroll. Heime er ein derimot i «tryggare omgjevnadar», og ein er difor ikkje like redd for å misse kontroll over seg sjølv. Lars impliserer også at i fadderveka blir det forventa at alle har kontroll på seg sjølv, det er ikkje andre sitt ansvar å passe på deg. Slik viser han til at i fadderveka blir det å vise kontroll sett i samanheng med ein identitet som voksen og ansvarleg; No er ein ikkje lenger ein umoden alkohol-konsument,

som student må ein beherske å vere sjølvstendig og ta ansvar for seg sjølv. Dette kan sjåast som ein kontrast til det synet Lars hadde, vist tidlegare, om at ein kan eksternalisere ansvaret for alkoholoppførselen sin over på dei strukturelle rammene som er gjeldande for fadderveka; Sjølv om Lars får fram at fadderveka er ein struktur der det gjeld breiare rammer for oppførsel under rus, internaliserer ein likevel ein viss kontroll over seg sjølv når ein drikker i fadderveka. Festane i fadderveka kan difor sjåast som å vere i ei konflikt mellom ein kollektivistisk og ein individualistisk drikkekultur; Målet på festane er å oppnå ein felles rus og kunne tøye grensene for akseptabel oppførsel. Lars gjer det tydeleg at det likevel er kvart enkelt individ sitt ansvar å passe på seg sjølv, og ikkje gå for langt – det er ingen andre som føler det ansvaret ovanfor deg (Vaadal, 2014, s. 49). Fadrane utgjer likevel unntaket, som vi skal sjå vidare.

6.2.1 Fadrane si rolle

Studentane var jamt over nøgde med fadrane sine, dei var inkluderande og hyggelege. Karianne seier at fadrane likevel er medverkande til alkoholfokuset i fadderveka: «[D]ei også er jo sjølvsagt med å skape drikkepresset, for eg ser jo for meg at dei som melder seg som fadrar, det er ikkje dei som ikkje drikker, då, sant?» Børge opplevde samstundes at fadrane passa på fadderborna:

[D]ei valsa litt rundt etter kvart, så ansiktet var jo her nede (viser eit slapt ansikt), med bøygd nakke, så, hehe, ein ser det, på ein måte. Det er litt vanskeleg å forklare heilt kva ein ser, men det er litt sånn dei seier meiningslause ting, kanskje. (...) Dei blei, fekk litt streng beskjed av fadrane.

Han viser til at nokre av fadderborna hang med hovudet og sa meiningslause ting. Desse fadderborna fekk streng beskjed av fadrane. Ved å vise med kroppen korleis desse fadderborna hang med hovudet, markerer Børge at han kjenner til kjenneteikna på at nokre har fått i seg for mykje alkohol. Han seier at «det er litt vanskeleg å forklare kva ein ser, men ein ser det, på ein måte.» Slik viser han at han distanserer seg frå dei som drakk for mykje, og at han sjølv har kontroll på sitt eige alkoholinntak. Han veit at hovudet ikkje skal henge slapt ned når ein er på fest. Han viser vidare til at fadrane tok tak då dei såg nokre som hadde drukke for mykje, og ga dei streng beskjed. Slik blir det tydeleg at det er fadrane sitt ansvar å passe på at alle oppfører seg, og at ingen drikker for mykje. Børge markerer slik at både han sjølv og fadrane såg tydeleg at desse fadderborna hadde drukke for mykje. Slik blir det tydeleg at desse fadderborna braut dei sosiale normene for fadderveka, der det å ha kontroll på

sitt eige alkoholinntak er viktig (Vaadal, 2014, s. 49-51). Det kjem også tydeleg fram at det er fadrane som har ansvar for å passe på at alle har kontroll over sitt eige alkoholinntak, og at alle elles følgjer dei andre sosiale normene.

Vilde opplevde derimot at fadrane hennar hadde eit fokus på at det å drikke på festane var viktig, og sette ikkje tydelege grenser for alkoholbruk:

[D]et er nokre som kom, og så hadde dei eigentleg ikkje tenkt å drikke på vorset, eller ikkje drikke så mykje. Og då var liksom både fadderborna og fadrane at «jau, hallo, du må jo drikke!» Og vi hadde for eksempel sånn, ein refleksvest som dei kallar «leiartrøya», som er liksom den som er mest full skal liksom ha den på seg, då. Men det er jo eigentleg ikkje det det er, det er jo berre, viss du på ein måte sører noko, så må du ha den på deg, fordi då trur alle du er full. Men det kan jo berre vere uhell. Så eg fekk den på meg ein gong, då, for eg kom borti eit glas, så sa dei liksom at «ja, eg var så full» og alt sånn. Men eg visste jo at eg ikkje var det, og då var det liksom sånn at, leiartrøya er ikkje for at dei skal, dei passa ikkje meir på meg av den grunn, det var liksom berre for å gjere narr av den personen, då. Men, og dei fadrane ga meg liksom drikke og sånn, sjølv om eg hadde den på meg. Så sånn sett så var det jo på ein måte, det var jo ikkje heilt ansvarleg av dei, kanskje, viss dei følte at eg var full, og så ga dei meg meir drikke. (...) [D]et handlar jo ein del om kva fadrane gjer det til [med alkoholen], i forhold til oss, eller vår del.

Vilde viser til at det var nokre som kom på vorspiela, som ikkje hadde tenkt å drikke så mykje alkohol. Likevel sa både fadrane og fadderborna at «jau, hallo, du må jo drikke!» Vidare seier ho at fadrane ga ei «leiartrøye» til den som var mest full på festen, og som difor «leia.» Vilde fortel at ho fekk denne leiartrøya ein gong, sjølv om ho ikkje hadde drukke mykje alkohol, og velta eit glas ved eit uhell. Ho seier at «ho visste jo at ho ikkje var full.» Slik ynskjer Vilde å ta avstand frå stempelet som den fullaste på festen, då dette er ei utmerking ho ikkje er stolt av å bere. Ho seier at «fadrane ikkje passa meir på henne, sjølv om ho hadde leiartrøya», og at det ikkje var heilt ansvarleg av dei å gje henne meir drikke, viss dei følte ho var full. Dette viser at Vilde forventa at fadrane skulle passe på studentane, og at det å skjenke studentane mest mogleg ikkje kan reknast som å passe på dei. Ho viser slik at fadrane braut med rolla si som ansvarlege for å passe på studentane. Vilde forventa at ein skulle bere leiartrøya for at fadrane skulle vite kven dei måtte passe ekstra godt på. I staden gjorde fadrane heller narr av studenten som hadde den på seg. Ved å framheve at den som var mest full, og som måtte ha på seg leiartrøya, «leia konkurransen», signaliserte ikkje fadrane at det å ha kontroll på sitt eige alkoholinntak var ei sosial norm i fadderveka; Ved å framheve at den som hadde på seg leiartrøya «leia», signaliserte fadrane gjerne heller at det var ei konkurranse om å bli mest mogleg synleg full (Demant og Törrönen, 2011, s. 1248-1250). Vilde viser til at både fadrane og fadderborna pressa folk til å drikke, og seier til slutt at «det handlar ein del om kva fadrane gjer det til med alkoholen, i forhold til oss.» Dette markerer at fadrane la til rette for ein bestemt oppførsel på festane, og bestemte haldningars. Det å delta på festane og drikke mest

mogleg syntest å vere viktig hos fadrane. Dette var det også fleire fadderborn som fanga opp og som vidareførte i løpet av veka. Fadrane kan slik sjåast som guidar som legg til rette for og styrer alkoholinntaket og oppførselen til studentane (Tutenges, 2015, s. 290-292). Fadrane kan også sjåast som opinionsleiarar som påverka fadderborna til å fokusere på at eit høgt alkoholinntak var essensielt i fadderveka. Slik var fadderborna med på å vidarebringe bodskapen til andre fadderborn om at det var viktig å drikke mykje alkohol på festane (Vikøren og Pihl, 2017).

6.3 Oppsummering

Studentane opplevde at det å delta på alkoholarrangementa på dag- og kveldstid var viktig. Det var ei sosial norm at alkoholarrangementa var viktigare å møte på enn dei alkoholfrie arrangementa. Det låg ikkje alltid til rette for å både få med seg dei alkoholfrie arrangementa og alkoholarrangementa. Det var difor naturleg for studentane å prioritere alkoholarrangementa, fordi det var der dei fleste andre møtte opp. Fleire uttrykte likevel at dei godt kunne tenkt seg å få med seg fleire av dei alkoholfrie arrangementa.

Ved å ikkje møte opp på dei fleste alkoholarrangementa frykta studentane at dei ville falle utanfor det sosiale fellesskapet. Ein pressa difor seg sjølv til å delta, sjølv om ein ofte var sliten, og veka var intens. Det var likevel sosialt akseptert å ta pause ein eller fleire dagar, og Berit viser til at ho ikkje følte seg utanfor, sjølv om ho tok fleire pausar undervegs. Det var vidare tydeleg at studentane sette pris på dei kveldane der det var lagt opp til ei pause frå alkoholen, og der det var sosialt akseptert å ikkje drikke. Sidan fadderveka kjendest intens for mange av studentane, var det kjærkome å kunne ta pausar.

Fleire av studentane stilte spørsmål ved den gjeldande strukturen i fadderveka, der vorspiela blei etterfølgd av at ein skulle ut på nattklubb. Lars trur ein gjorde det fordi det er ei sosial norm at ein skal dra på byen etter vorspiellet. Han meinte likevel at dei fleste studentane eigentleg likte best vorspiellet. Viktigheita av vorspiellet er gjerne ekstra sterkt i fadderveka fordi det er ein arena der det ligg til rette for å prate saman og bli kjend.

Det å ha kontroll når ein drikk var viktig for studentane. Det å drikke for mykje eller å vise seksuell oppførsel blei sett på som sosialt uakseptabelt i fadderveka. Når omgjevnadane er ukjende er det ekstra viktig å ha kontroll på seg sjølv, fordi ein ikkje kjenner konsekvensane viss ein drikk for mykje.

Fadrane var hyggelege og inkluderande, og passa på at alle oppførte seg fint og hadde

kontroll på seg sjølv, sjølv om også fadrane deltok på festane og drakk alkohol. Behovet for å ha kontroll smitta gjerne over på studentane også. Nokre fadrar oppmoda likevel til å drikke mest mogleg, og sette ikkje grenser for studentane. Dette påverka fadderborna til å oppmode til eit høgt alkoholinntak.

7 Konkluderande kapittel: Kva forhold har studentane til alkohol i fadderveka?

Det finnast mange ulike meningar om fadderveka ved dei ulike utdanningsinstitusjonane, og innhaldet i veka. Nokre ser veka som nyttig for å skape sosiale nettverk blant studentane, andre meiner veka har eit for sterkt fokus på å drikke alkohol (Rimstad et al., 2011; Torgersen, 2016; Ertsås, 2016). I denne oppgåva har likevel målet vore å sjå fadderveka frå studentane sitt perspektiv. Underteikna har prøvd å få fram kva forhold dei har til alkoholen i fadderveka, og kva opplevingar dei elles har av innhaldet i veka. Då det er studentane som er deltakarane i fadderveka, kan det hevdast å vere føremålstenleg å legge vekt på deira synspunkt på veka. Studentane sjølv har såleis best føresetnad for å uttale seg om innhaldet i veka, kan det hevdast, og det er nettopp studentane fadderveka er retta inn mot. Fadderveka kan sjåast som ein førehandsdefinert struktur der studentane agerer innanfor førehandsgjevne rammer, i ein gjeven kontekst. Dei tek likevel med seg sin kultur og sin identitet inn i veka, og vidarefører eller endrar dei strukturelle rammene som gjeld for arrangementet. Fadderveka kan slik sjåast i lys av samfunnet rundt, som konstituerer arrangementet. Sosiale samkomme blant unge er kjenneteikna av at dei ofte inneheld alkohol, og det å gå på fest er ein integrert del av det å vere ung (Buvik og Baklien, 2012; Horverak og Bye, 2007). Fadderveka kan slik seiast å vere ein struktur som speglar det samfunnet studentane lever i, der det å gå på fest er ein sentral del av det å møte nye menneske.

Fadderveka fungerte som eit innviingsritual til livet som voksen og uavhengig student, der studentane fekk lære meir om sin nye studie-by og korleis det er å vere student ved Universitetet i Bergen. Gjennom festane på kveldstid opplevde studentane at dei kunne slappe av og vere seg sjølve, og det sosiale glei mykje betre når dei hadde drukke litt alkohol. Festane var slik ein arena for fellesskap der alle var inkluderte, og der alle hadde eit ynskje om å bli kjend med nye menneske. Fokuset hos studentane låg først og fremst på å ha det kjekt og å bli kjend med menneske som dei skulle gå på skule saman med. Såleis låg fokuset ikkje naudsynt på å få nære vener. Slik var det viktig å vise litt igjen på festane, for lettare å bli kjend med nye menneske.

Studentane sette pris på å kunne drikke alkohol i fadderveka fordi dei ikkje kjende nokon frå før, og fordi ein då klarte å sleppe seg meir laus. Ved å drikke skilde ein seg heller ikkje ut, fordi dei fleste andre også drakk. Slik la alkoholen til rette for ei stemning der likskap og hygge stod i fokus. Alkoholen fungerte slik primært som eit verktøy for å skape stemning,

det var ikkje eit mål i seg sjølv å bli full. Studentane var opptekne av å få fram at dei syntest det var heilt greitt at folk ikkje drakk på festane i fadderveka. Dei som møtte opp på festane blei inkluderte i fellesskapet på lik linje med andre, og ein la som regel ikkje merke til kven som drakk og ikkje. Deltakarane trudde likevel at ein følte seg litt ekskludert frå fellesskapet om ein ikkje drakk, fordi ein ikkje klarte å vere i den same stemninga som dei som drakk. Studentane syntest også det var synd at det var fleire som ikkje møtte opp på kveldane fordi dei ikkje ville drikke. Det å ikkje drikke er altså først og fremst eit problem for personen sjølv som ikkje drikk, og ikkje for dei som drikk på festane. Det kan likevel bli eit skilje mellom dei som drikk og dei som ikkje drikk, fordi norma er at ein skal drikke på festane. Ved å ikkje drikke plasserer ein seg ofte utanfor fellesskapet.

Det å delta på alkoholarrangementa, primært på kveldstid, blei sett på som det sentrale blant studentane. Det var ei sosial norm at det var på desse arrangementa ein blei kjend med andre, og at det difor var her ein «skulle» møte. Ein følte at ein måtte få med seg mest mogleg av alkoholarrangementa, for å ikkje falle utanfor fellesskapet. Fadderveka var difor intens og slitsam for studentane. Fleire kunne tenkt seg at ein hadde færre festar og mindre fokus på alkohol. Det var likevel sosialt akseptert å ta pause ein eller fleire dagar, og dei alkoholfrie kveldane blei sett pris på. Fleire av studentane kunne også tenkt seg å få med seg fleire av dei alkoholfrie arrangementa. Dei krasja diverre ofte med alkoholarrangementa, eller ein var sliten frå festen som var kvelden før. Det var difor vanskeleg å kombinere dagarrangement og kveldsarrangement. Vorspiela i fadderveka blei som regel etterfølgd av at ein drog ut på ein nattklubb. Fleire av studentane stilte spørsmål ved dette, då dei opplevde at det var på vorspiela ein blei best kjend, og at hovudfokuset i fadderveka trass alt var å bli kjend med nye menneske. Kveldane blei også lange og slitsame då ein både skulle på vorspiel og nattklubb. Det at ein drog på nattklubb tolka Birgitte som at det er det som er vanleg i samfunnet, difor gjer ein det også slik i fadderveka.

Sjølv om studentane uttrykte viktigheita av å kunne drikke alkohol i møte med nye menneske, var det å ha kontroll over seg sjølv likevel viktig. Det å drikke for mykje, vise seksuell oppførsel eller oppføre seg svært utagerande blei sett på som sosialt uakseptabelt. Behovet for kontroll kan forklarast med at ein er blant ukjende folk, og difor ikkje vil stå fram som ein person som ikkje har kontroll på seg sjølv. Det er også viktig å ha kontroll blant ukjende personar fordi ein ikkje kjenner konsekvensane om ein misser kontroll. Fadrane var hyggelege og inkluderande, og passa på at alle hadde det kjekt og oppførte seg fint. Sjølv om dei fleste fadrane drakk alkohol, var dei opptekne av å ha kontroll på seg sjølv og andre, fordi dette ligg i arbeidsoppgåva deira. Fadrane fungerte slik som rollemodellar, og fadderborna var

såleis opptekne av å ha kontroll sjølv. Nokre fadrar sette likevel ikkje grenser, og oppmoda til eit høgt alkoholinntak. Dette viste seg å ha innverknad på studentane, som difor også la ekstra vekt på viktigheita av å drikke mest mogleg alkohol.

Avsluttande betraktning – alkoholen som eit «tvieggas sverd» i fadderveka

Alkoholen kan seiast å vere viktig og uviktig på éin gong. Studentane uttrykker at dei set pris på å kunne drikke alkohol i fadderveka, fordi dei då kan slappe meir av. Det er samstundes ikkje eit krav å drikke alkohol for å delta i fadderveka. Studentane viser også døme på festdeltakrar som deltok aktivt heile veka, utan å røyve alkohol. Likevel kjennest festane på kveldstid som den sentrale arenaen for å bli kjend, blant studentane. Oppmøtet på dei alkoholfrie arrangementa er, i følgje studentane, därleg. Dette impliserer at inntak av alkohol og deltaking på festane er den største inngangsbilletten til å bli kjend med menneske i fadderveka. Det å bli kjend med nye menneske og å ha det kjekt er også det uttalte målet til studentane, ikkje å drikke mest mogleg alkohol. Fokuset på alkohol og den høge festfrekvensen i veka blir difor litt for sterkt, i følgje studentane. Ei jamnare fordeling mellom alkoholarrangement og alkoholfrie arrangement ville difor bli sett pris på blant studentane. Då må likevel dei alkoholfrie arrangementa vere lagt opp på ein slik måte at det er der fleirtalet av studentane dreg, slik Karianne påpeikar:

2-3 festar i løpet av veka, og at det for eksempel, på tysdag så var det «okey, no skal vi gå tur til Fløyen», sant? Og så var det på ein måte det som stod på programmet. For då hadde folk stilt opp på det. Men når det på ein måte er det, og så er det fest, så går alle på festen, og så blir det ingen på den, sant.

Denne oppgåva tek utgangspunkt i kvalitative intervju med 10 studentar frå Universitetet i Bergen, der alle studentane deltok nokolunde aktivt på festane på kveldstid. Fokuset i oppgåva ligg difor på festane og alkohol. Oppgåva vil såleis ikkje kunne seie så mykje om dei alkoholfrie arrangementa i fadderveka. Deltakarane på dei alkoholfrie arrangementa har heller ikkje fått uttalt seg i denne oppgåva, og innhaldet ber difor preg av dette. Tilbakemeldingane i studentevalueringa frå Universitetet i Bergen viser likevel at mange studentar følte at veka hadde eit for sterkt fokus på alkohol og alkoholarrangement (Johnsen, 2017a; Johnsen, 2017b). Det eksisterer lite litteratur og informasjon om korleis fadderveka oppstod ved dei ulike studieinstitusjonane, og korleis innhaldet i veka blir bestemt. Såleis har det vore ei utfordring å gjere ei inngåande drøfting av korleis fadderveka som struktur har oppstått, og kvifor veka har det innhaldet den har (Sande, 2000, s. 346). Sidan fadderveka ved

Universitetet i Bergen er brukt som utgangspunkt for analysen i denne oppgåva, er ikkje naudsynt funna gjeldande for fadderveker ved andre utdanningsinstitusjonar. Vonleg kan likevel denne oppgåva peike på sentrale kjenneteikn ved alkoholkulturen i fadderveka på eit generelt grunnlag.

8 Litteraturliste

Abel, G. M. og Plumridge, E. W. (2004) Network ‘norms’ or ‘styles’ of ‘drunken comportment’? *Health Education Research* [Internett], 19 (5), s. 492-500.

DOI:10.1093/her/cyg064.

Alkoholstrategieininga i Storbritannia (2004) *Alcohol Harm Reduction Strategy for England*. London: Statsministerens strategieining.

Alver, B. G. og Øyen, Ø. (1997) *Forskningsetikk i forskerhverdag*. Otta: Tano Aschehoug.

Barbalet, J. M. (1998) *Emotion, Social Theory, and Social Structure: A Macrosociological Approach* [Internett]. Cambridge: Cambridge University Press. Tilgjengeleg frå: <<https://ebookcentral.proquest.com/lib/bergen-ebooks/reader.action?docID=201654&ppg=13>> [Lest 12.10.2017].

Bartram, A., Elliott, J., Hanson-Easey, S. og Crabb, S. (2017) How have people who have stopped or reduced their alcohol consumption incorporated this into their social rituals? *Psychology and Health* [Internett], 32 (6), s. 728-744. DOI:10.1080/08870446.2017.1300260.

Beccaria, F. og Sande, A. (2003) Drinking games and rite of life projects: A social comparison of the meaning and functions of young people’s use of alcohol during the rite of passage to adulthood in Italy and Norway. *Young* [Internett], 11 (2), s. 99-119. Tilgjengeleg frå: <<http://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/1103308803011002001>> [Lest 17.10.2017].

Blaikie, N. (2010) *Designing Social Research*. Cambridge: Polity Press.

Boyer, T. W. (2006) The development of risk-taking: A multi-perspective review. *Developmental Review* [Internett], 26 (3), s. 291–345. Tilgjengeleg frå: <https://ac.els-cdn.com/S0273229706000487/1-s2.0-S0273229706000487-main.pdf?_tid=edab9254-a6a4-11e7-abc0-00000aab0f26&acdnat=1506861475_f8927cb04e0a756bff54aff045a6ab2f> [Lest 01.10.2017].

Buchanan, I. (2010) Imagined community, i: *A Dictionary of Critical Theory* [Internett]. Oxford: Oxford University Press. Tilgjengeleg frå: <<http://www.oxfordreference.com.pva.uib.no/view/10.1093/acref/9780199532919.001.0001/acref-9780199532919-e-347?rskey=GzWtAw&result=347>> [Lest 31.10.2017].

Buvik, K. og Baklien, B. (2012) *Fri flyt: Bartenderes møte med berusede gjester* [Internett]. Oslo: Sirus. Tilgjengeleg frå: <<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/276098/sirusrap.1.12.pdf?sequence=3&isAllowed=y>> [Lest 17.10.2017].

Chamberlain, T. A. (2011) *Branching out or breaking off? An exploration of first-year student social networks* [Internett, doktoravhandling]. Bloomington: Indiana University. Tilgjengeleg frå: <<https://search.proquest.com/docview/915643828/>> [Lest 08.11.2017].

Corbin, J. M. og Strauss, A. (2008) *Basics of Qualitative Research: Techniques and Procedures for Developing Grounded Theory*. Thousand Oaks: SAGE Publications.

Demant, J. og Järvinen, M. (2006) Constructing maturity through alcohol experience - Focus group interviews with teenagers. *Addiction Research & Theory* [Internett], 14 (6), s. 589-602. DOI:10.1080/16066350600691683.

Demant, J. og Törrönen, J. (2011) Changing Drinking Styles in Denmark and Finland. Fragmentation of Male and Female Drinking Among Young Adults. *Substance Use & Misuse* [Internett], 46 (10), s. 1244-1255. DOI:10.3109/10826084.2011.569965.

Demant, J. og Østergaard, J. (2007) Partying as Everyday Life: Investigations of Teenagers' Leisure Life. *Journal of Youth Studies* [Internett], 10 (5), s. 517-537. DOI:10.1080/13676260701594828.

Dias, D. og Sá, M. J. (2014) Transition to higher education: the role of initiation practices. *Educational Research* [Internett], 56 (1), s. 1-12. DOI:10.1080/00131881.2013.874144.

Dietrichs, E. S. (04.10.2017) Alkohol – alkohol i organismen, i: *Store norske leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/alkohol - alkohol_i_organismen> [Lest 11.10.2017].

Dudley, R. (2014) *The Drunken Monkey: Why We Drink and Abuse Alcohol* [Internett]. Berkeley: University of California Press. Tilgjengeleg frå: <<https://ebookcentral-proquest-com.pva.uib.no/lib/bergen-ebooks/reader.action?docID=1597004>> [Lest 30.10.2017].

Elsenbroich, C. og Gilbert, N. (2014) *Modelling Norms* [Internett]. Dordrecht: Springer. Tilgjengeleg frå: <<https://link.springer.com/book/10.1007/978-94-007-7052-2#toc>> [Lest 12.10.2017].

Engstrand, M. og Johansson, D. (2013) *Varför väljer medlemmar i en grupp att inte använda alkohol och droger? En kvalitativ intervjustudie* [Bacheloroppgåve]. Gävle: Högskolan i Gävle.

Ertsås, O. (2016) *Ikke drikk så mye at du ikke husker gårsdagen* [Internett]. Oppdatert 05.10.2016. Tilgjengeleg frå:

<<https://studenttorget.no/index.php?show=3797&expand=3797&artikelid=11345>> [Lest 09.01.2018].

Farhat, T., Simons-Morton, B. G., Kokkevi, A., Van der Sluijs, W., Fotiou, A. og Kuntsche, E. (2012) Early Adolescent and Peer Drinking Homogeneity: Similarities and Differences Among European and North American Countries. *Journal of Early Adolescence* [Internett], 32 (1), s. 81-103. DOI:10.1177/0272431611419511.

Fjær, E. G. (2011) *Dagen derpå: En eksplorativ studie av bakrus blant unge voksne* [Internett, masteroppgåve]. Oslo: Universitetet i Oslo. Tilgjengeleg frå:

<<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/15395/fjaer.pdf?sequence=3&isAllowed=y>> [Lest 01.11.2017].

Fjær, E. G. og Pedersen, W. (2015) Drinking and moral order: Drunken comportment revisited. *Addiction Research and Theory* [Internett], 23 (6), s. 449-458. DOI:10.3109/16066359.2015.1028922.

Fjær, E. G., Pedersen, W. og Sandberg, S. (2016a) Party on wheels: mobile party spaces in the Norwegian high school graduation celebration. *The British Journal of Sociology* [Internett], 67 (2), s. 328-347. Tilgjengeleg frå <<http://onlinelibrary.wiley.com.pva.uib.no/doi/10.1111/1468-4446.12189/epdf>> [Lest 02.10.2017].

Fjær, E. G., Pedersen, W., von Soest, T., Gray, P. (2016b) When is it OK to be drunk? Situational and cultural variations in the acceptability of visible intoxication in the UK and Norway. *International Journal of Drug Policy* [Internett], 29, s. 27-32. Tilgjengeleg frå <https://ac.els-cdn.com/S0955395915003552/1-s2.0-S0955395915003552-main.pdf?_tid=feac5486-ae87-11e7-a8bd-00000aacb361&acdnat=1507728657_ed1bfe8828cdc4e945c2b6edb6d51601> [Lest 11.10.2017].

Gamburd, M. R. (2008) *Breaking the Ashes: The Culture of Illicit Liquor in Sri Lanka* [Internett]. Ithaca: Cornell University Press. Tilgjengeleg frå: <<https://ebookcentral-proquest-com.pva.uib.no/lib/bergen-ebooks/reader.action?docID=3138057&ppg=168>> [Lest 11.10.2017].

Giddens, A. (2013) *The Constitution of Society: Outline of the Theory of Structuration* [Internett]. Cambridge: Polity Press. Tilgjengeleg frå: <<https://ebookcentral.proquest.com/lib/bergen-ebooks/reader.action?docID=1221197>> [Lest 12.10.2017].

Glaser, B. G. og Strauss, A. L. (2004) *The Discovery of Grounded Theory: Strategies for Qualitative Research* [Internett]. New Brunswick: Aldine Transaction. Tilgjengeleg frå: <<https://ebookcentral-proquest-com.pva.uib.no/lib/bergen-ebooks/reader.action?docID=3410814&ppg=1>> [Lest 10.08.2017].

Goffmann, E. (1959) *The Presentation of Self in Everyday Life*. Garden City, Doubleday.

Greenfield, T. K. og Room, R. (1997) Situational norms for drinking and drunkenness: trends in the US adult population, 1979-1990. *Addiction* [Internett], 92 (1), s. 33-47. Tilgjengeleg frå <<http://onlinelibrary.wiley.com.pva.uib.no/doi/10.1111/j.1360-0443.1997.tb03636.x/epdf>> [Lest 11.10.2017].

Griffin, C., Bengry-Howell, A., Hackley, C., Mistral, W. og Szmigin, I. (2009) 'Everytime I Do it I Absolutely Annihilate Myself': Loss of (Self-)Consciousness and Loss of Memory in Young People's Drinking Narratives. *Sociology* [Internett], 43 (3), s. 457- 476.
DOI:10.1177/0038038509103201.

Grønkjær, M., Curtis, T., De Crespigny, C. og Delmar, C. (2011) Acceptance and expectance: Cultural norms for alcohol use in Denmark. *International Journal of Qualitative Studies on Health and Well-being* [Internett], 6 (4). DOI:10.3402/qhw.v6i4.8461.

Grønkjær, M., Curtis, T., De Crespigny, C. og Delmar, C. (2013) Drinking contexts and the legitimacy of alcohol use: Findings from a focus group study on alcohol use in Denmark. *Scandinavian Journal of Public Health* [Internett], 41, s. 221-229. Tilgjengeleg frå <<http://journals.sagepub.com.pva.uib.no/doi/pdf/10.1177/1403494812472266>> [Lest 10.10.2017].

Gundelach, P. og Järvinen, M. (2006) *Unge, fester og alkohol*. København: Akademisk Forlag.

Henriksen, Ø. og Sande, A. (1995) *Rus: Fellesskap og regulering* [Internett]. Oslo: Kommuneforlaget. Tilgjengeleg frå:
<<http://www.nb.no/nbsok/nb/29a28b00cc72c5b742ab16a583ab8acf.nbdigital?lang=no#249>>
[Lest 02.10.2017].

Horverak, Ø. og Bye, E. K. (2007) *Det norske drikkemønsteret: En studie basert på intervjudata fra 1973-2004* [Internett]. Sirus: Oslo. Tilgjengeleg frå:
<<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/275879/sirusrap.2.07.pdf?sequence=3&isAllowed=y>> [Lest 17.10.2017].

Irwin, C. E., Igra, V., Eyre, S. og Millstein, S. (1997) Risk-taking Behavior in Adolescents: The Paradigm. *Adolescent Nutritional Disorders: Prevention and Treatment* [Internett], 817, s. 1–35. DOI:10.1111/j.1749-6632.1997.tb48193.x.

Joas, H. og Knöbl, W. (2014) *Social Theory: Twenty Introductory Lectures*. Cambridge: Cambridge University Press.

Johnsen, J. T. (2017a) *Studentevaluering grunnstudium* [Internett]. Bergen: Studieadministrativ avdeling ved Universitetet i Bergen. Tilgjengeleg frå:
<<http://www.survey-xact.no/report/shared/dd81c8ba-0f23-4c16-a6e6-af9b54e16628>> [Lest 07.11.2017].

Johnsen, J. T. (2017b) *Studentevaluering internasjonale studenter* [Internett]. Bergen: Studieadministrativ avdeling ved Universitetet i Bergen. Tilgjengeleg frå:
<<http://www.survey-xact.no/report/shared/1bea3a80-48f9-4689-88e3-f3927ee196ec>> [Lest 07.11.2017].

Johnston, K. L. og White, K. M. (2003) Binge drinking: A test of the role of group norms in the theory of planned behaviour. *Health Psychology*, 18 (1), s. 63-71.

Järvinen, M. og Østergaard, J. (2009) Governing Adolescent Drinking. *Youth & society* [Internett]. 40 (3), s. 377-402. DOI:10.1177/0044118X08318118.

Jørgensen, M. W. og Phillips, L. (2013) *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.

Kjølsrød, L. (2012) Sosial konstruksjonisme, i: *Store norske leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/sosial_konstruksjonisme> [Lest 01.11.2017].

- Lalander, P. (1998) *Anden i flaskan: Alkoholens betydelser i olika ungdomsgrupper*. Stockholm: Brutus Östlings Bokförlag Symposion.
- Lamont, M. (1992) *Money, Morals & Manners*. Chicago: The University of Chicago Press.
- Larsen, E. L., Smorawski, G. A., Kragbak, K. L. og Stock, C. (2016) Students' drinking behavior and perceptions towards introducing alcohol policies on university campus in Denmark: a focus group study. *Substance Abuse Treatment, Prevention, and Policy* [Internett], 11 (17). DOI:10.1186/s13011-016-0060-7.
- Lie, I. P. og Kahlbom, I. (2011) *Helter og hengehuer. Om alkoholkultur og rusmiddelforebygging i norske studentmiljøer*. Oslo: AKAN kompetansesenter.
- Livingstone, A. G., Young, H. og Manstead, A. S. R. (2011) «We drink, therefore we are»: The role of group identification and norms in sustaining and challenging heavy drinking «culture.» *Group Processes and Intergroup Relations*, 14 (5), s. 637-649.
- MacAndrew, C. og Edgerton, R. (1970) *Drunken Comportment*. London: Nelson.
- Marotta, V. (2012) Georg Simmel, the Stranger and the Sociology of Knowledge. *Journal of Intercultural Studies* [Internett], 33 (6), s. 675-689. DOI:10.1080/07256868.2012.739136.
- Measham, F. og Brain, K. (2005) 'Binge'drinking, British alcohol policy and the new culture of intoxication. *Crime, Media, Culture: An International Journal* [Internett], 1 (3), s. 262-283. DOI:10.1177/1741659005057641.
- Miles, M. B. og Huberman, A. M. (1994) *Qualitative Data Analysis* [Internett]. Thousand Oaks: SAGE Publications. Tilgjengeleg frå:
https://webmail.uib.no/?_task=mail&_action=get&_mbox=INBOX&_uid=912&_part=2&_frame=1&_extwin=1 [Lest 26.11.2017].
- Monin, B. (2010) Pluralistic Ignorance, i: *Encyclopedia of Group Processes & Intergroup Relations* [Internett]. Thousand Oaks: SAGE Publications.
 DOI: http://dx.doi.org.pva.uib.no/10.4135/9781412972017.n197.
- Morin, A. og Fagerström, K. (2016) *Alkohol og sociala nätverk – En kvantitativ analys av hur antal vänner påverkar individers alkoholkonsumtion* [Bacheloroppgåve]. Stockholm: Stockholms universitet.

Muli, N. og Lagan, B. M. (2017) Perceived determinants to alcohol consumption and misuse: a survey of university students. *Perspectives in Public Health* [Internett], 137 (6), s. 326-336. DOI:10.1177/1757913917710569.

Myrtveit, S. M., Askeland, K. G., Knapstad, M., Knudsen, A. K. og Skogen, J. C. (2017) The Norwegian student introductory week: who takes part, and is participation associated with better social integration and satisfaction among students? *European Journal of Higher Education* [Internett], 7 (2), s. 136-152. DOI:10.1080/21568235.2016.1252933.

Mäkelä, P., Fonager, K., Hibell, B., Nordlund, S., Sabroe, S. og Simpura, J. (2001) Episodic heavy drinking in four Nordic countries: a comparative survey. *Addiction* [Internett], 96 (11), s. 1575-1588. DOI:10.1080/09652140120080714.

Nedregård, T. og Olsen, R. (2014) *SHoT 2014* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <http://www.studentvelferd.no/dokumenter/2014/09/SHoT-2014_Rapport_.pdf> [Lest 29.01.2018].

Nuwer, H. (2015) Hazing in Fraternities and Sororities. *International Encyclopedia of the Social and Behavioral Sciences* [Internett], 10, s. 554-561. DOI:[10.1016/B978-0-08-097086-8.64092-8](https://doi.org/10.1016/B978-0-08-097086-8.64092-8).

Pedersen, W. (1994). Rites of passage in high modernity. *Young* [Internett], 2 (1), s. 21-32. Tilgjengeleg frå <<http://journals.sagepub.com.pva.uib.no/doi/pdf/10.1177/110330889400200102>> [Lest 02.10.2017].

Pedersen, W. (2015) *Bittersøtt: Nye perspektiv på rus og rusmidler*. Oslo: Universitetsforlaget.

Pedersen, W. og von Soest, T. (2013) Socialization to binge drinking: A population-based, longitudinal study with emphasis on parental influences. *Drug and Alcohol Dependence* [Internett], 133 (2), s. 587-592. Tilgjengeleg frå: <https://ac.els-cdn.com/S0376871613002937/1-s2.0-S0376871613002937-main.pdf?_tid=243dfede-b342-11e7-8041-00000aab0f6b&acdnat=1508248411_99cea2de9dc7f4583053fa13ff303c43> [Lest 17.10.2017].

Phillips, N. og Hardy, C. (2011a) «What is Discourse Analysis?» I: Phillips, N. og Hardy, C. *Discourse Analysis* [Internett]. Thousand Oaks: SAGE Publications, s. 2-17. DOI:10.4135/9781412983921.

Phillips, N. og Hardy, C. (2011b) «The Variety of Discourse Analysis.» I: Phillips, N. og Hardy, C. *Discourse Analysis* [Internett]. Thousand Oaks: SAGE Publications, s. 18-39. DOI:10.4135/9781412983921.

Phillips, N. og Hardy, C. (2011c) «Our Research Program.» I: Phillips, N. og Hardy, C. *Discourse Analysis* [Internett]. Thousand Oaks: SAGE Publications, s. 40-59. DOI:10.4135/9781412983921.

Ragin, C. C. og Amoroso, L. M. (2011) *Constructing Social Research*. Thousand Oaks: SAGE Publications.

Reid, J. B. «The study of drinking in natural settings.» I: Marlatt, G. A. og Nathan, P. E. (1978) *Behavioral Approaches to Assessment and Treatment of Alcohol* [Internett]. New Brunswick: Rutger's University Center for Alcohol Studies.

